

Kystpilegrimsleia – Rogaland-Nidaros

Forprosjekt



Forord

Kystpilegrimsleia langs Norskekysten var ein av dei viktigaste og kanskje mest brukte pilegrimsrutene til Nidaros, og er nemnt i skriftkjelder allereie på slutten av 1000-talet. Både norske og utanlandske pilegrimar valfarta her – anten for å reise heile vegen til Nidaros eller for å besøke mange av dei lokale pilegrimsmåla. Kystleia har vore Noregs viktigaste transportåre gjennom fleire tusen år. Dette har påverka landskapet og busetnaden, og ført til at m.a. handelsstader, byar, kyrkje, kloster og fiskevær vart etablert. Bruken av sjøvegen og landskapet langs kysten gjennom årtusenar har forma nokre av våre mest unike kulturlandskap. Dette har vi sett fokus på i forprosjektet.

Formålet med forprosjektet har vore å lage ei plattform å bygge vidare på i lokalt og regionalt utviklingsarbeid for å auke lokal verdiskaping og næringsutvikling langs kysten, og for å legge til rette for bruk og vern av kulturarv og heilagstader. Dagens reiseliv etterspør ei spissa turistsatsing, der aktivitetar, historie, kunst og kultur står i fokus. Reiselivsaktørar ønskjer fleire unike opplevingar, og her er mulighetene langs Kystpilegrimsleia store. I forprosjektet har det vore viktig å vise mulighetene og å trekke fram nokre av kulturminna og stoppestadene, men også å fokusere på potensialet i transport, mat og overnatting. Dette ser vi som nødvendig for å kunne gi eit første grunnlag å bygge vidare på for å få til ei internasjonal reiselivssatsing. Kystpilegrimsleia har potensial til å bli eit stort trekkplaster både for reiselivet og for lokale brukarar frå Rogaland til Sør-Trøndelag. Leia har eit breitt spekter å spele på, og vil kunne gi dei reisande heilt unike kultur- og naturopplevingar og spennande aktivitetar på ulike nivå. Dette er viktige element både for friluftsliv og folkehelse.

Forprosjektet er eit samarbeid mellom fylkeskommunane og bispedøma langs Vestlandskysten – frå Rogaland til Sør-Trøndelag. Det er også dei fem fylkeskommunane og fire bispedøma her som har finansiert prosjektet etter vedtak i dei ulike organisasjonane. Målet er at erfaringane og ideane frå forprosjektet skal vidareførast gjennom eit hovudprosjekt, og at dette skal gjere det mulig å lansere Kystpilegrimsleia i 2014. Riksantikvaren har gitt tilsegn om delvis finansiering av prosjektet – som eit ledd i verdiskapingsarbeidet på kulturminneområdet. For å utvikle prosjektet vidare er det nødvendig å fortsette det gode samarbeidet mellom regionane og på tvers av institusjonsgrensar – og i større grad involvere og forankre prosjektet både på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå.

Innhald

Forord.....	0
1 Kystpilegrimsleia.....	4
1.1 Bakgrunn for forprosjektet.....	4
1.2 Formålet med prosjektet.....	5
2 Pilegrimsvandring i mellomalderen.....	5
2.1 Kristendom og kongemakt	7
2.2 Kystleia – landets viktigaste pilegrimsveg	9
3 Samhandling, forankring og arbeidet i prosjektet.....	13
4. Kartlegging av kystleia	14
5 Verdiskapingspotensialet i Kystpilegrimsleia	17
5.1 Berekraftig reiselivsutvikling	19
5.2 Overnattingsstader og matsservering langs seglingsleia	21
5.2.1 Eksisterande system for overnatting og transport.....	26
5.2.2 Lokal mat og tradisjonsmat frå kysten	26
5.3 Europeisk kulturveg.....	28
6 Moderne pilegrimsferd	28
6.1 Transport.....	29
6.1.1 Fartøyvernet – ein ressurs i Kystpilegrimsleia?.....	29
6.1.2 Kystlaga og mindre opne tradisjonsbåtar.....	30
6.1.3 Skyssbåtdrift	31
6.1.4 Kollektiv transport	32
7 Formidling og produktutvikling	32
7.1 Den kulturelle skulesekken.....	37
7.2 Dei lokale kyrkjelydane.....	37
7.3 Forsking og utvikling.....	37
8 Kulturminne langs Kystpilegrimsleia	38
8.1 Rogaland.....	40
8.2 Hordaland	44
8.3 Sogn og Fjordane	53
8.4 Møre og Romsdal	64
8.5 Sør-Trøndelag	76
8.6 Spesielle kultur- og naturlandskap langs seglingsleia	79
8.7 Kystvandring	81

9 Plan for hovudprosjekt	84
9.1 Organisasjon	85
9.2 Behov for regionale pilegrimssenter?	86
9.3 Plan for hovudprosjektet.....	86
9.4 Budsjett og finansiering.....	88
Kjelder	90

1 Kystpilegrimsleia

1.1 Bakgrunn for forprosjektet

Pilotprosjektet Pilegrimsleden – dvs. leia i innlandet – blei starta opp i 2006 som eit av fleire prosjekt i Riksantikvaren sitt Verdiskapingsprogram. Hovudmålet med pilotprosjektet var å betre kvaliteten på pilegrimsleia til Nidaros. Prosjektet har hatt fokus på skjøtsel av sjølve vegtraseen frå Oslo til Nidaros, kulturminne langs leia, merking og overnattingstilbod. Eit anna mål har vore auka næringsutvikling, til dømes i form av fleire overnattingsstadar, organiserte turar og pakkeløysingar – fleire tilgjengelege, kommersielle produkt.

Utgreiinga "Pilegrimsmotivet som nasjonal satsing" trakk opp liner for ei nasjonal pilegrimssatsing med utgangspunkt i Nidaros som pilegrimsmål. I samband med høyringa i 2009 påpeikte mange aktørar at kysten som pilegrimsveg har fått lita merksemd i utgreiinga. I april 2010 vart ein kystpilegrimskonferanse arrangert av Selje kommune i samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune, Bjørgvin bispedøme, Venner av Selja kloster, Nidaros pilegrimsgård og Musea i Sogn og Fjordane. Konferansen var eit initiativ til ei målretta og godt samordna satsing for å auke medvitte kring pilegrimstradisjonar langs heile kysten. Ved å løfte kystdimensjonen i den nasjonale pilegrimssatsinga, vil ein kunne styrke alle pilegrimsmiljø i Noreg - både kulturminne undervegs og hovudmålet Nidaros.

Etter initiativ frå Selje kommune vart det arrangert eit møte i Bergen i november 2010. Her møttest representantar for kulturavdelingane i Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar, Bjørgvin og Stavanger bispedøme, Venner av Selja og Selje kommune. Ein drøfta korleis det vidare kystpilegrimsarbeidet kunne forankrast. Det var brei semje om behovet for ei koordinert kystsatsing. Dette vil òg styrke den nasjonale pilegrimssatsinga. Møtet konkluderte med at det må lagast eit forprosjekt etter modell av det nasjonale pilotprosjektet der føremålet er å løfte fram pilegrimsleia langs vestlandskysten og aktuelle pilegrimsmål. Relevante kulturminne og heilagstader skal synleggjerast.

14.-15. juni 2011 arrangerte Stavanger bispedøme og Rogalands fylkeskommune ein kystpilegrimskonferanse på Utstein kloster. Her møtte også representantar frå Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal fylkeskommunar, Bjørgvin bispedøme, Møre bispedøme og Selje kommune. Målet var å komme eit steg vidare i konkret samarbeid om Kystpilegrimsleia. Konferansen konkluderte med at det skulle etableras ei arbeidsgruppe med ein representant frå dei fire fylkeskommunane og dei tre bispedøma langs vestlandskysten. Det vart bestemt å etablere ei arbeidsgruppe samansett av ein representant frå kvar av fylkeskommunane og ein representant frå kvart av bispedømma langs vestlandskysten. Målsetjinga var å samarbeide om eit forprosjekt for å utvikle Kystpilegrimsleia Rogaland - Nidaros. Ein av dei viktigaste pilegrimsvegane frå Europa i historisk tid gjekk med båt langs kysten. Med pilegrimsmotivet som strategisk satsingsområde vil ein fokusere på historiske vegar og heilagstader langs kysten og skape nye vegar der det er naturleg.

Kvar etat oppnemnde sin representant til arbeidsgruppa. Gruppa hadde første møtet i Molde 21. september 2011. Det ble vald ei gruppe på tre personar som skulle utarbeide utkast til plan for

forprosjekt. Arbeidsgruppa hadde møte i Bergen i desember 2011 for ein gjennomgang av utkastet til prosjektplan.

Eit år seinare, 29. november 2012 heldt prosjektgruppa møte i Florø. På dette møtet var også seniorrådgjevar Åse Bitustøl frå Riksantikvaren tilstade. Sogn og Fjordane fylkeskommune, Kulturavdelinga, tok på seg arbeidsgjevaransvar for prosjektleiar og opprette prosjektkonto. Prosjektgruppa vart einige om å tilsette Irene Baug som prosjektleiar frå 1. februar til 30. juni 2013. Prosjektgruppa er einige om at prosjektleiar skal ha ansvar og fullmakt til å hente inn fagleg kompetanse der det er å finne. Prosjektleiar skal sikre at fylkeskommunane gjer jobben sin. Prosjektgruppa har ein visjon om å kunne lansere Kystpilegrimleia i 2014.

1.2 Formålet med prosjektet

Eit sentralt mål er å etablere Kystpilegrimsleia som ei samanhengande reiserute langs kysten – med sikte på å opprette ei Pilegrimslei (St. Olavsvegane til Nidaros) og Europeisk kulturveg med utgangspunkt i kulturminne og heilagstader. Ein ønskjer slik å integrere kysten i det nasjonale pilegrimsarbeidet.

Bruk av leia skal fremme kunnskap om historie og kulturminne, miljøforståing, fysisk aktivitet og folkehelse, samt tilrettelegging for bruk og vern av kulturarven. Prosjektet skal slik løfte fram historia langs kysten som grunnlag for utvikling av kunnskap gjennom forskning og formidling – og etablere samband med forskingsmiljø. Målet er å få i gang ei internasjonal reiselivssatsing og gi ei djupare oppleving av kysthistorie, pilegrimstradisjonar, kyrkjehistorie og den kristne trua, samt dei kulturhistoriske aspekta rundt dette.

Det er viktig å utvikle kunnskap og formidling i forhold til pilegrimsruta langs kysten, kartlegging av heilagstader, kulturminne og reiserute og behov for forskning i forhold til dette. Det er slik eit mål å få etablert ei felles regional satsing på pilegrimsleia langs kysten ved å løfte fram kulturminne, pilegrims- og kysthistorie. Det er viktig å formidle pilegrimsferdas historiske og åndelege tradisjonar til dagens vandrarar, og leia vil slik tilby ei natur- og landskapsoppleving kombinert med eit spesielt kulturelt innhald. Målet er at dette skal auke næringsutviklinga knytt til pilegrimsaktivitet og turisme langs kysten, og prosjektet skal etablere samband med ulike reiselivsmiljø.

Forprosjekt sitt mandat er å avklare og rapportere konkret kva som skal til av tilretteleggingsarbeid og finansiering for at Kystpilegrimsleia frå Rogaland til Nidaros kan verte ei Pilegrimslei og Europeisk kulturveg. Forprosjektet skal avklare og undersøke aktuelle stader som bør inngå i Kystpilegrimsleia, og utarbeide ein plan for eit framtidig hovudprosjekt.

2 Pilegrimsvandring i mellomalderen

Omgrepet *pilgrim* kjem av det latinske ordet *peregrinus* som betyr framand eller utanlandsk, og ein pilgrim er ein person som åleine eller i flokk føretek ei reise til ein heilag stad av åndelege årsaker. Pilegrimsvandringar er eit viktig trekk ved mange religionar, som hinduismen, islam, jødedommen og kristendommen, og det er særleg stader der sentrale religiøse hendingar har funnet stad som utgjer viktige pilegrimsmål (Molland 1968:292). Pilegrimsreisene har gjennom historia vore mange og hatt

forskjellig karakter. Dei har likevel i stor grad handla om at menneska har anstrengt seg fysisk for å nå eit åndeleg mål (Prusac et al. 2009:7).

Dei kristne pilegrimsvandringane begynte tidleg på 300-talet, og dei tok for alvor til i 326 med mor til keisar Konstantin – Helena – si pilegrimsferd til Palestina (Molland 1968:292-293). Dei fremste valfartsstadene var Betlehem, Jerusalem og Roma. Det fanst også ei rekke valfartsstader av lågare rang, t.d. kyrkjer der ulike relikviar vart oppbevara eller stader der gravene til nasjonalhelgenar stod. Med Olav Haraldsson sitt fall på Stiklestad i 1030 fekk Noreg sin nasjonalhelgen – Olav den heilage – og skrinet hans i Nidaros vart det mest kjente pilegrimsmålet i Nord-Europa gjennom heile mellomalderen – frå 1030 til reformasjonen 500 år seinare.

Det var ulike grunnar til å gjere ei pilegrimsreise, og motiva for å delta kunne vere blanda. Generelt ser det ut til å ha vore to drivkrefter for pilegrimsfenomenet i mellomalderen. Den eine var folk sitt håp og ønskje om på mirakuløst vis å bli frisk frå sjukdom, og eit dominerande motiv i tidleg mellomalder var læking av sjukdom ved helgenrelikviar og takke-valfart etter å ha blitt frisk. Fortellingar om mirakel ved helgengraver, relikviar og krossar, var ein sterk motivasjon for mange. Pilegrimar reiste likevel ikkje berre av religiøse grunnar. Mange pilegrimar, også i mellomalderen, var like mykje turistar som religiøst søkande. Rein reiselyst eller eventyrlyst kunne såleis vere ein god grunn for å reise i pilgrim (Gilhus 2009:47). Pilegrimsreiser kunne også bli kombinert med diplomatiske oppdrag, særleg ved stormenn og geistlige sine Roma-reiser. Pilegrimane kunne komme frå alle samfunnssklassar og representerte alle sosiale grupper - både fattige og rike (Hager-Saltnes 2009:16). Den andre drivkrafta var kyrkja si interesse for makt og inntekter – som i stor grad kom til uttrykk gjennom avlatsfenomenet. Avlat er ei ettergiving av idømt straff for synd. Avlat var særleg aktuelt der pilegrimsreisa vart føreteke som eit botshandling, og dette har truleg også bidrege til å stimulere valfarten til kyrkjer med avlatsprivilegium – som t.d. domkyrkjene (Hager-Saltnes 2009:13). Mot slutten av mellomalderen utvikla avlatssystemet seg til ein reint kommersiell marknad der avlat vart gitt i bytte mot reine pengebidrag til meir eller mindre fromme formål. Avlatshandelen gav store inntekter, og besittelse av avlatsprivilegiar hadde etter alt å dømme stor økonomisk betydning for kyrkje og kloster (Bjelland 2000:22). Kyrkja si maktinteresse var sannsynlegvis mest framtrudende ved dei store pilegrimsmåla, mens folk sitt behov gjerne var meir knytt til dei små, lokale pilegrimsmåla (Bjelland 2000:331-332). Pilegrimsreisa kunne slik bli gjort som ein innfriing av eit løfte og ho kunne vere ei botsgjerning for grove og straffbare synder. I slike tilfelle skulle ikkje pilegrimsreisa vere lett å gjennomføre (Hager-Saltnes 2009:12). For menneske som søkte helsebot var helgengraver og undergjerande relikviar ved pilegrimsmålet det viktigaste. Men for dei som gjennomførte pilegrimsferda som ei botshandling var den strabasiøse ferda hovudpoenget (Olsen 2013:8). Uansett motiv var det viktig at pilegrimsreisa vart gjennomført. Det vart betrakta som ei stor synd å ikkje holde eit løfte om pilegrimsferd (Hager-Saltnes 2009:11).

Pilegrimane hadde eit krav på beskyttelse, og fleire skriftkjelder frå mellomalderen omtalar forskrifter rundt vern av pilegrimar. Kong Magnus Erlingsson (1161-1184) måtte love vern for alle pilegrimar til Nidaros, og straff – i dette tilfelle landsforvising – for personar som angreip dei. Føreskrifter om vern for pilegrimar kom inn i norsk lovgivning i 1270-åra, og i 1297 utstette kong Eirik Magnusson ei rettarbot der alle som angreip pilegrimar eller deira gods blei truga med straff. Det var likevel ikkje berre angripen på pilegrimar som utgjorde eit problem, men landstrykarar og røvarar som utgav seg for å vere pilegrimar kunne utgjere ein fare for omgivnadane (NgL II, 464, 479; Molland 1968:296-297). I høgmedievalderen oppstod det difor ein skikk der biskopen eller presten

på heimstaden til pilegrimen gav han ei anbefaling – eller eit pilegrimspass – som vitna at han verkeleg var pilegrim. Utanlandske pilegrimar måtte ha med seg skriftleg vitnesbyrd eller anbefalingsbrev frå myndigheiter eller aktverdige menn frå heimstaden sin gjeldande for eit år, elles risikerte dei å bli fengsla eller utvist (Molland 1968:297). Det var dessutan vanleg at pilegrimar fekk med seg pilegrimsmerker frå dei ulike pilegrimsmåla. Pilegrimsmerkene var ca. 5-12 cm store, oftast støypt i tinn eller bly, men også bronse og sølv førekom. Dette var masseproduserte relieff som vart utdelt ved valfartsstaden, og dei var eit bevis på at pilegrimen verkeleg hadde vore der (Rydbeck 1968:314). Alle dei viktigaste valfartsmåla produserte slike pilegrimsmerker, oftast med ei avbilding av den helgenen som var knytt til staden. I seinmellomalderen var det også vanleg å ta med heim att ein attest frå kyrkjelege autoritetar ved pilegrimsmålet om at ein hadde besøkt den heilage staden og føreteke botsøvingar (Molland 1968:292-293). Forutan Nidaros er det funne pilegrimsmerker ved to andre stader langs Kystpilegrimsleia – Bergen og Selja. Pilegrimsmerkene kjem frå ulike pilegrimsmål i Europa, og kan vere eit spor etter utanlandske pilegrimar på veg til Nidaros (Bjelland 2000:32-33).

2.1 Kristendom og kongemakt

Då Olav Haraldsson fall på Stiklestad i 1030 var kristendommen ein ny religion i landet. Kyrkja var ein del av ein overnasjonal institusjon, og med kristninga vart Noreg for alvor ein del av det europeiske fellesskapet. Religionsskiftet kom seint i Norden i forhold til på kontinentet og Dei britiske øyene. I fleire hundre år før kyrkja sine menn gjorde sitt inntog i landet hadde likevel folk i Noreg kjent til den kristne trua. Gjennom reiser, handels- og plyndringsferder til kristne område både på Dei britiske øyene og på kontinentet vart dei kjent med den kristne trua, skikkar og ritual. Kristningsprosessen var slik ein langvarig prosess, og mange hevdar at den eldste kristne innflytelsen i Skandinavia går tilbake til 500-talet. Men sjølve konversjonen – altså overgangen til kristendommen – starta seinast på midten av 900-talet og varte til slutten av 1000-talet (Skre 2004:236). I løpet av vikingtida føregjekk det slik ein djuptgåande endring i religionsforholda i dei nordiske landa. Innføringa av kristendommen som offisiell religion heng likevel saman med ei ny og ærgjerrig kongemakt som etablerte seg i sein vikingtid (Steinsland 2005:421). Religionsskiftet bør difor knytast meir til politiske og sosiale årsaker enn til den kulturelle påverknaden som hadde funne stad i fleire hundre år (Skre 2004:236).

Heidendomen var djupt vevd inn i heile det førkristne samfunnet, og det var truleg ikkje ein lett sak å skifte religion, korkje for enkeltmenneske eller for samfunnet som heile. Vikingtidas menneske oppfatta ikkje gudstru og riter som eit avgrensa fenomen i kulturen, og dei hadde ikkje eit eige ord for religion. I staden for snakka dei om *siðr* – sed eller skikk. Ved innføringa av kristendommen var det difor ikkje berre gudstrua som endra karakter – men heile samfunnet – med ei nedbryting av rotfesta kulturmønster (Steinsland 2005:423). Ein polyteistisk religion med fleire gudar og makter vart erstatta av trua på ein Gud. Ein etnisk religion utan presteskap og kultbygningar vart erstatta av ein universell frelsesreligion med eit mangfald av prestar og gudshus. Religionsskiftet innebar både eit ideologiskifte og ei mentalitetsendring – nye normer og levereglar og eit nytt verdsbilete. Kristendommen innebar ein ny orden. Perioden rundt 1000-talet var såleis ein epoke med store og dramatiske endringar på alle plan.

Overgangen til kristendommen kan vanskeleg forklarast utan kongemakta si medverknad, og religionsskiftet var først og fremst resultat av endra politiske forhold. Kongane var ein viktig årsak til

at kyrkja og den kristne trua fekk fotfeste i Noreg, og innføringa av kristendommen gjekk hand i hand med konsolideringa av kongemakta og samlinga av Noreg (Steinsland 1990:128). Motstanden mot kristninga var slik også ein politisk motstand mot kongemakta. I sagatradisjonen sin historie om religionsskiftet i Noreg står tre kristningskongar sentralt; Håkon den gode Adelsteinsfostre, Olav Tryggvason og Olav Haraldsson.

Håkon Adelsteinsfostre var konge i Noreg ca. 931-961 (Skre 2004:239), og blir gjerne rekna som den første kristningskongen. Han var Harald Hårfagre sin son og var fostra opp ved hoffet i England. Han kom til Noreg i 930-40- åra med prestar i følgjet sitt. Han hadde då god kunnskap om den angelsaksiske kyrkja si tru og misjonsinnstilling. Håkon og følgjet hans oppsøkte stormenn og høvdingar og forsøkte å få dei til å la seg døype og til å bygge kyrkjer. Men Håkon hadde ikkje tilstrekkeleg politisk styrke til å innføre kristendommen som allmenn religion i landet (Skre 2004:239). Kristningsforsøket hans stoppa på Mære i Trøndelag, der han måtte gi etter for bøndene som kravde å fortsatt få dyrke dei heidenske gudane sine (Sigurðsson 1999:92). På dødsleiet valgte kong Håkon sjølv å bli gravlagt som ein heidensk mann.

Den andre kristningskongen, Olav Tryggvasson (995-1000), kom heim til Noreg i 995 etter fleire år i viking. I følgje sagatradisjonen steig han i land på Moster på Bømlo og grunnla kyrkje der. Han var blitt døypt i England, og på same måte som Håkon hadde også Olav Tryggvason prestar med seg til Noreg. Han begynte ein systematisk og hardhendt kristningsprosess. Sannsynlegvis var den rikdommen Olav skaffa seg som vikinghøvding viktig då han gjekk inn for å etablere seg som konge i Noreg. Olav si regjeringstid varte berre i 5 år (Solberg 2000:307-308). Han forsvann sporlaust under slaget ved Svolder i år 1000 (Steinsland 2005:428).

Den neste avgjerande hendinga i kristningsprosessen skjedde gjennom Olav Haraldsson (1015-1028) sitt kristningsforsøk i 1020. Olav Haraldsson hadde også reist i viking i mange år, både i England, Spania og Frankrike. I 1013 skal Olav ha slutta seg til den engelske kong Ethelred, som hadde flykta til Frankrike etter eit angrep i England leia av kong Svein Tjugeskjegg. Olav skal ha blitt døypt i Rouen. Han reiste tilbake til England med kong Ethelred, og her samla han i 1015 ein flokk utvalte menn og sette kursen mot Noreg. Han hadde ingen stor hær med seg då han kom – berre to skip. Men med alt sølvet han hadde vunne som vikinghøvding var det lett både å verve folk og å skaffe seg støtte frå høvdingar rundt i landet. Som Olav Tryggvasson hadde gjort før han, heldt han til i Nidaros og var sentral i utviklinga av kaupangen der – som var viktig både for kongemakta og innføringa av kristendommen i Inntrøndelag. Olav prøvde likevel å få eit reelt herredøme over det meste av Noreg (Solberg 2000:308-309). I Gulatingslova og Frostatingslova sine kristendomsbolkar er det skrive ned fleire bestemmelsar som skal ha blitt forhandla fram på eit tingmøte på Moster mellom kong Olav sin hirdbiskop Grimkjell og tingmennene. Dette møtet vart truleg av samtida sett som kristendommen sitt definitive gjennombrøt. Ein runestein på øya Kuli nord for Kristiansund har runeinnskrifta: *Tore og Hallvard reiste denne steinen etter (Ulvjlot).... Tolv vintrar hadde kristendommen vore i Noreg....* (Andersen 1977:125-127). Arkeologiske undersøkingar har avdekkja treverk frå ei bru, og steinen kan ha blitt reist då brua vart bygd, noko som var vanleg. Treverk frå brua er datert til 1034, og det stemmer godt med sagatradisjonen – at Mostertinget fann stad tidleg i 1020-åra. Dette var eit kyrkjemøte der Olav Haraldsson samla den politiske og kyrkjelege makta i landet for å vedta grunnleggande prinsipp i den norske lovgjevinga. Målet var å få utarbeida ein felles mal for den såkalla kristenretten, som skulle leggest fram for dei enkelte lagtinga til godkjenning. Innskrifta på

Kuli-steinen tyder på at skifte av religion vart oppfatta som ei skjelsettande hending som danna utgangspunktet for ei ny tidsmarkering (Steinsland 2005:423).

Olav Haraldsson bidrog ikkje berre til å innføre kristendommen, men også til å bygge opp ein riksomfattande kyrkjeleg organisasjon i landet med kyrkjer og prestar (Andersen 1977:135; Skre 2004:242). Men i 1026 endra maktforholda seg, og Olav var på vikande front. Bondesamfunnet i Trøndelag var fiendtleg innstilt mot han. Kongen sine tidlegare støttespelarar, som Erling Skjalgsson og Hårek på Tjøtta, braut med han. Det gjorde også fleire av stormennene som tidlegare hadde vore viktige for kongen sin lokale maktposisjon ulike stader i landet. I 1030 prøvde Olav å gjenvinne riket sitt, og på seinsommaren 1030 marsjerte han inn i Trøndelag med ein liten hær. Han fekk banesåret sitt i slaget på Stiklestad (Solberg 2000:310-311), men då var truleg kristninga av den norske befolkninga i stor grad gjennomført (Skre 2004:242).

Paradoksalt nok kanskje, var det kongen sin død som brakte kristendommen fram til endeleg seier i landet. Eit år etter sin død vart Olav gjort til helgen og martyr for riket, og ingen kjelder vitnar om organisert mostand mot kristendommen etter dette (Sigurðsson 1999:104; Steinsland 2005:450). I Soga om Olav den heilage skildrar Snorre Sturlasson skrinlegginga slik: «*Tolv månadar og fem netter etter kong Olav døydde, vart dei heilage leivningane hans tekne opp, og då var kista til kong Olav mest kommen opp or jorda att, og kista var liksom ny, nett som ho var nyhøvla. Grimkjell biskop kom til då dei let opp kista til kong Olav, og då stod det ein yndeleg ange av ho. Da nærkte bispen andletet til kongen, og han var ikkje det minste annleis i åsynet, og han var så raudlett i kinna som han nyleg hadde sovna. Dei som hadde sett kong Olav då han fall, kunne godt sjå kor mykje håret og neglene hadde vakse sidan, mest likså mykje som dei ville ha gjort om han hadde vore i live her i verda heile tida sidan han fall*» (Soga om Olav den heilage: 267). Olav vart svært populær hos folk flest, og skrinet hans i Nidaros vart eit av dei viktigaste pilegrimsmåla i Nord-Europa gjennom heile mellomalderen. Folk valfarta til grava hans – både frå Noreg og andre land, og Olav vart i løpet av kort tid heile Noregs, Nordens og også Europas helgenkonge. Pilegrimar søkte bot og helbrede ved Heilag-Olav sitt skrin i Nidaros. Etter at Kristkyrkja – Nidarosdomen – stod ferdig ca. 1320, vart Olavsskrinet oppbevara her. Dødsdagen hans, 29. juli vart feira av kyrkja som Olavsvaka, seinare olsok (Steinsland 2005:429). Olav vart *rex perpetuus Norvegiae*, Noregs evige konge. Han vart midtpunktet i ein kult som spreidde seg langt utanfor landets grenser.

2.2 Kystleia – landets viktigaste pilegrimsveg

Det gjekk fleire vegar mot Nidaros. Ein av dei viktigaste og kanskje mest brukte ferdselsvegane til Olav den heilage sitt skrin var langs kysten – Kystpilegrimsleia. Dette var landets hovudfartsåre. Med eit godt beskytta farvatn innbyr kysten til sjøfart. Pilegrimsreisene til Olav den heilage si grav begynte kort etter 1030, og Olavskulten si raske utbreiing i Nord-Europa førte til mange pilegrimar frå inn og utland til Nidaros (DN II, 3; Molland 1968:296). Valfartsstaden Nidaros er omtalt i historiske kjelder allereie i 1075 – i Adam av Bremen sitt «*Bremens Gesta Hammaburgensis ecclesiae pontificum*». Her er også dei ulike pilegrimsrutene til Nidaros nemnt, m.a. Kystpilegrimsleia: «*Viss ein seglar frå Ålborg eller Vendsyssel i Danmark, kjem ein i løpet av ein dag over til Viken, som er ein by i Noreg (truleg Oslo). Derfrå held ein til venstre og seglar langs Noregs kyst, og på den femte dagen når ein fram til byen Trondheim. Ein kan også reise ein anna veg, som fører frå danskane sitt Skåne over land til Trondheim. Men denne vegen over fjella tek lengre tid, og ettersom han er farefull, blir han unngått*

av reisande.» (Adam av Bremen: 212-213). Sjøvegen – Kystpilegrimsleia – utgjorde såleis, ifølgje Adam av Bremen, den viktigaste mest brukte ferdselsåra til Nidaros, sjølv om også sjøvegen kunne vere farefylt med skiftande vær og piratar.

Truleg har både norske og utanlandske pilegrimar valfarta langs kystleia til Nidaros. Mest sannsynleg vart pilegrimsreiser med utgangpunkt frå stader langs Vestlandskysten føreteke langs kystleia. Også dei tyske hansakjøpmennene reiste på pilegrimsferd til Nidaros. Hansaforbundet hadde Olav som sin skytshelgen. Sannsynlegvis gjekk reisa som starta i Lübeck langs sjøvegen via Bergen til Nidaros (Bjelland 2000:118). Dei følgde kystleia. Det er likevel vanskeleg å vurdere omfanget av pilegrimstrafikken – og kor mange som reiste langs kysten i forhold til landevegen. Men i følgje Adam av Bremen føretrakk pilegrimar sjøvegen – i iallfall når dei kom frå Danmark eller Nord-Tyskland.

Det var raskare å ferdast i båt enn på land. Gode hamneforhold var viktig for ein trygg seilas. I mellomalderen nytta ein seg av naturlege hamner langs leia, og ved dei viktigaste hamnene vart det montert fortøyingсанordningar som skipa kunne fortøyast i. Dei fleste sjøfarande pilegrimar hadde ikkje eige skip. Ved ferdsel i båt og skip langs kysten måtte ein vanlegvis betale for seg, noko som nok førte til at ikkje alle hadde mulighet til å reise sjøvegen. Dei som reiste hadde som regel heller ikkje råd til å betale fullt ut for ferda. Det var difor vanleg å hyre seg som mannskap. Pilegrimar kunne ta hyre både på handels- og lasteskip (Olsen 2013:49, 55).

Olav var sjølv ein erfaren sjøfarar – ikkje minst etter å ha reist i viking i mange år – og langs heile kysten finn vi fenomen som folk har forklart gjennom helgenkongens nærleik og handlingar. Til dømes skal Olav ha opna sunda ved Tysnesøy i Sunnhordland og Korssundet ved Eivindvik i Sogn. Og i følgje lokale tradisjonar på Helgelandskysten skal det berømte holet i Torghatten ha blitt til ved at kongen segla tvers gjennom fjellet. På fjellet Hornelen i Bremanger i Sogn skal Olav ha mant eit troll i stein – som den dag i dag står i fjellsida og kan sjåast frå seglingsleia (Olsen 2013:68-69). På Ege i Egersund finn vi ein av landets finaste esker – St. Olavsormen som vart freda allereie i 1972. Dette er ein lang og buktete åsrygg av grus og stein avsett av isen, og også denne blir knytt til helgenkongens handlingar. I følgje segna er dette Midgardsormen som prøvde å komme seg frå fjorden og opp til eit vatn innafor. Her vart han drepen av kong Olav – og han vart liggande som eit bevis på kongens siger. På denne måten sette Olav sine spor både i kystlandskapet og i kystbefolkningens bevisstheit. Mange av desse segnene kan ha blitt spreidde av pilegrimane som valfarta langs leia, og pilegrimane har truleg spela ei viktig rolle som tradisjonsformidlarar.

St. Olav sitt skrin i Nidaros var det fremste valfartsmålet – og Noreg sitt einaste internasjonale pilegrims mål. Det var likevel ikkje alle sjøfarande pilegrimar som reiste så langt. Det var også andre viktige heilagstader og pilegrims mål ved kysten og langs leia. Desse har i hovudsak ugjort lokale og regionale pilegrims mål – sjølv om det også er sannsynleg at utanlandske pilegrimar på veg mot Nidaros stoppa her. I mellomalderen vart det bygd fleire kloster langs kysten. Klostera fungerte ofte som overnattingsstader for langvegsfarande pilegrimar, men dei kunne også vere eit valfartsmål i seg sjølv. For mange var dei kortare ferdene til kloster og andre heilagstader i nærleiken meir overkommelege enn å ta den lange reisa mot Nidaros. Det finst likevel få skriftkjelder frå mellomalderen som kan gi informasjon om valfarten til mindre berømte helgenar og heilagstader i Noreg (Blom 1968:309), men fleire stader langs kystleia er likevel nemnt som pilegrims mål. Dette gjeld t.d. domkyrkja i Bergen og Fana kyrkje – begge i Hordaland.

Eit av dei viktigaste og kanskje mest kjente pilegrimsmåla langs kystleia var øya Selja ved Stad som ligg midt i seglingsleia mellom Trondheim og Bergen. Legendane om den irske prinsessa Sunniva som stranda på øya Selja etter å ha lagt ut på havet i båt utan årar og segl for å komme unna ein heidensk friar er godt kjent i Vestlandet si kultur- og kyrkjehistorie. Sunniva vart skrinlagt i 996, etter ordre frå Olav Trygvasson, og ho fekk etter kvart helgenstatus. Selja og St. Sunniva sitt skrin vart slik vårt første valfartsmål. Ved fjellet på Selja finn vi i dag ein oppmurt steinterasse frå 1100-talet, som er truleg er restane etter den liturgiske samlingsstaden for pilegrimar som besøkte anlegget (Hommedal 1995:79). Og i klosterruinane på øya er det funne fleire pilegrimsmerker frå ulike pilegrimsstader. Desse vitnar om pilegrimane som ein gong besøkte Selja (Grieg 1968:318). Selja var også ei naturleg hamn for den som måtte vente på passande vêr for å kunne passere Stad. Øya var dessutan eit av utreisepunkta og innkomststadene for ferder i vesterveg (Hommedal 1995:91).

Ikkje berre Nidaros, men også andre domkyrkjer utgjorde viktige pilegrimsmål i mellomalderen (Molland 1968:297). Dette kan vi t.d. sjå i sættargjerda frå 1277 som var eit forlik mellom erkebiskop Jon Raude og kong Magnus Håkonsson. Her står det at: *Likeledes innrømmet han på ny og bød alle pilegrimer som besøker den salige Olavs og andre helgeners og de nevnte norske katedralkirkes terskler for å tilbe, så vel innenlandske som utenlandske, skal nyte full sikkerhet, enten det er krig eller fred, både når de drar til og fra* (Norske middelalder dokumenter: 144). I følgje sættargjerda ser det såleis ut til at både norske og utanlandske pilegrimar besøkte domkyrkjene. Enkelte av desse kyrkjene – som domkyrkjene i Bergen og Stavanger – låg langs Kystpilegrimsleia. Domkyrkjene hadde ofte verdifulle relikviar. Biskopane kunne dessutan gis rett til å utstede avlatsbrev for dei som oppsøkte domkyrkjene ved dei store høgtidene.

Dei mange steinkrossane langs Vestlandskysten er eit markert innslag i landskapet på Vestlandet, og dei kan vere minne etter ei tidleg misjonstid (Birkeli 1973). Kanskje skulle steinkrossane også fungere som beskyttelse for reisande langs leia, og markere tilstadeverelsen av kristne menneske og ei kristen tru. Plasseringa av steinkrossane i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane tyder på at dei som reiste krossane var knytt til Vestkysten av Noreg. Desse tre fylka, som i mellomalderen var delt inn i fire – *Rygjafylke, Hordafylke, Firdafylke og Sygnafylke* – representerer det opphavlege lovområdet til det gamle Gulatinget (Indrebø 1936:25; Helle 2001:76–77), som igjen utgjorde kjerneområdet til Håkon den gode. Etableringa av Gulatinget tidleg på 900-talet er blitt sett i samband med kongen sitt forsøk på å konsolidere makt og kristendom på Vestlandet (Helle 2001:30, 46). Den eksakte plasseringa av Gulatinget er ikkje kjent, men Eivindvik er ein av stadane som peikar seg ut. Her er det reist to steinkrossar – begge er laga ved kvernsteinsbrota i Hyllestad (Baug 2002:86).

Steinkrossane kan også ha blitt nytta i samband med utandørs gudstenester i mellomalderen før den første kyrkja vart bygd på staden. Fleire av krossane står på det som seinare vart viktige kyrkjestader – og dei kan ha fungert som samlingspunkt under bønn og gudsteneste forut for bygginga av kyrkjene. Truleg har dei også vore viktige for pilegrimane som valfarta langs kysten. Eit dokument frå 1394 viser at ein kross vart reist i Eidsskog til minne om Oav den heilage. Pilegrimar skulle kunne holde gudsteneste ved krossen, og det vart også bygd eit lite bønnehus i nærleiken for pilegrimane (DN I, 545). Kanskje har steinkrossane langs kysten hatt ein linande funksjon.

I dei tilfella der pilegrimsvandringa var ei botshandling var det ofte eit viktig poeng at reisa skulle vere fysisk krevjande. Dette gjorde at vandring til fots var det naturlege for mange. Pilegrimane som reiste langs kystleia har nok i stor grad også kombinert ferdsel til sjøs og til fots. Dette var heilt vanleg

for folk som reiste langs kystleia (Elvestad 2005a:8-9). Og på særleg utsette strekningar, som Jæren, Stad-landet og Hustadvika, var det nok mange som føretrakk å vandre til fots. Kystleia gjekk innaskjers der det var mulig, og vart kalt *tjodaleia* eller *allmannleia*. Betydinga av allmannleia kjem også til uttrykk gjennom plasseringa av dei kongelege kapella. I 1308 fekk kong Håkon Magnusson paven si godkjenning til å skille ut 14 kongelege kapell som ein eigen institusjon, som var unndregen biskopane sin styring og kontroll (DN I, 114; Norske middelalder dokumenter: 244). Dei fleste av desse kapella vart lagt til byane i mellomalderen og langs kystleia der dei utgjorde naturlege stoppestader, som t.d. Vanse på Lista, Sørbø på Rennesøy i Ryfylke, Avaldsnes på Karmøy, Fana, Tyssøy i Sund og Herdla i Øygarden. Dei kongelege kapella fekk tildelt avlatsprivilegium av paven. Dette har sannsynlegvis ført til at dei vart attraktive for pilegrimar som valfarta pga. ei botshandling. Dei fleste pilegrimar som var ilagt botsvandringar har truleg gått til dei næraste måla med avlatsrett, og mest sannsynleg har difor dei kongelege kapella i stor grad vore lokale valfartsmål (Olsen 2013:80).

Overnattingsmulighetene for pilegrimar kunne vere svært primitive, anten dei overnatta om bord i skipet eller på land. Klostra som låg langs kysten hadde gjerne gjestehus. Dei som kunne betalte for seg, mens fattigfolk hadde rett til gratis opphald. Prestegardane vart også nytta til overnatting i mellomalderen. Ei rekke klageskriv tyder på at denne forpliktelsen vart sett som ei byrde for prestane, og at dei etterkvart tok seg betalt for å halde vertshus i prestegarden. På 1500-talet skal soknepresten på Avaldsnes ha fått kongen sin del av tiende frå soknet, som ei form for kompensasjon for å holde herberge (Olsen 2013:52, 57).

Av særleg betydning for pilegrimane var sælhusa (sálhus). Dei er nemnt i Gulatingslova som eit tilbod til reisande (G 100), og er ei ordning som i alle fal går tilbake til 1100-talet. Namnet indikerer at det fulgte velsignelse – sælebot – med å bygge dei. Dette kan tyde på at kyrkja støtta tiltaket, sjølv om det ikkje nødvendigvis var kyrkja som reiste dei. Det var ofte lagt jordeigedom til sælhusa som gav inntekt til å sikre vedlikehaldet. Sælhusa var ubemanna overnattingsstader, kanskje berre eit enkelt trehus med sengebenkar og eldstad på golvet. Langs leia er det i dag ei rekke stadnamn som vitnar om denne aktiviteten – t.d. Salhus utanfor Bergen og Salhus på Karmøy. Frå slutten av 1200-talet kom det også ein ny type vertshus – tafernishus. Etter kongeleg beslutning skulle desse ligg med ein halv eller ein heil dagsreises avstand langs dei viktigaste ferdselsårene. Dei stod under kongeleg beskyttelse, og var merka med kongens våpenskjold. Dei var også fritekne frå ein del samfunnsforpliktelsar mot å holde denne type vertshus (Olsen 2013:52-53).

Valfarten til Nidaros tok slutt med den protestantiske reformasjonen i 1537. Med eit slag vart erkebispedømet, bispeembetet, klostervesenet og helgendyrkinga avskaffa. Relikvieskrina vart fjerna frå helgenmåla, og avlatsaspektet var ikkje lenger aktuelt. Valfartsfenomenet vart offisielt avslutta, og valfarten til dei store pilegrimsmåla i Noreg tok slutt. Det betydde også slutten på kysten som pilegrimslei. Leia langs Norskekysten heldt likevel fram med å fungere som vår viktigaste ferdselsåre i mange hundre år. Sjølv om det er 500 år sidan pilegrimane valfarta langs kysten på veg mot Nidaros eller andre lokale pilegrimsmål, finn vi likevel fortsatt klare spor etter denne aktiviteten. Fleire av stadene dei besøkte – som kyrkjer, kloster og kanskje steinkrossar – står langs leia den dag i dag som klare vitnesbyrd på historia og pilegrimsvandringane som fann stad her i mellomalderen.

3 Samhandling, forankring og arbeidet i prosjektet

Prosjektet Kystpilegrimsleia dekker eit stort geografisk område og går gjennom fem fylker langs Vestlandskysten; Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag (nord til Trondheim). Det har frå starten av vore lagt vekt på å forankre prosjektet både lokalt og regionalt, og god dialog mellom mange ulike aktørar har vore viktig. Det kan tidvis vere krevjande å legge til rette for konstruktive og effektive møter mellom ulike fylkeskommunale forvaltningsmyndigheiter, kyrkja og bispedøma, musea, kommunale instansar, frivillige organ og reiseliv. Dei fem involverte fylkeskommunane og dei fire involverte bispedøma her har hatt ei nøkkelrolle i prosjektet, noko som har vist seg å vere svært nyttig. Fylkeskommunane har kompetanse og verkemidlar på regional utvikling og næringsutvikling, og dei har ansvar for kulturminneforvaltning og stadutvikling. Bispedøma har ansvar for kyrkjene og aktivitetar rundt desse som vil utgjere ein sentral del av Kystpilegrimsleia. Dei berørte kommunane har i varierende grad vore involverte i prosjektet. Der dei har vore med har det vore viktig i forhold til lokalpolitisk forankring. Samhandling og dialog med musea har vore svært viktig. Deira kulturhistoriske kompetanse om lokalsamfunna og engasjement rundt kulturminne og kultur- og naturlandskap langs kystleia har utgjort sentrale bidrag i prosjektet.

Mange og til del sprikande ønskjer og agenda kan utgjere utfordringar, og god dialog gjennom heile prosjektarbeidet har difor vore viktig. Verdiskaping på kulturminneområdet krev samarbeid mellom mange aktørar, mellom offentlege og private, mellom fagmyndigheiter og forvaltningsnivå og mellom ulike kompetansmiljø (Kulturminner i bruk [...] 2010). Samarbeid og samhandling mellom fylkeskommunale og kommunale nivå, kyrkje, kunnskapsmiljø, næringsliv og frivillige innafor kvar region har vore av stor betydning i prosjektarbeidet. Samtidig har det vore viktig med god dialog på tvers av regionane. Dette er nødvendig når ein skal arbeide med verdiskaping i ein geografisk samanheng som dekker fleire fylker og mange kommunar. Prosjektgruppa som har vore etablert i forprosjektet beståande av representantar frå Stavanger bispedømeråd, Rogaland fylkeskommune, Bjørgvin bispedømeråd, Hordaland fylkeskommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Møre bispedømeråd, Møre og Romsdal fylkeskommune, Sør-Trøndelag fylkeskommune og Nidaros bispedømeråd har gjort dette mulig. I eit prosjekt der målet er å etablere ei kystpilegrimslei med status som St. Olavsveg og Europeisk kulturveg er også dialog og samhandling med Nasjonalt Pilegrimssenter i Nidaros viktig. Dei har følgd arbeidet, og på eit møte arrangert i Trondheim i regi av forprosjektet deltok Berit Lånke, leiar ved Nasjonalt Pilegrimssenter. Gjennom forprosjektet har det også vore lagt vekt å holde god kontakt og dialog med Riksantikvaren. På to av møta som har vore arrangert – eit i Stavanger og eit i Bergen – var Åse Bitustøl frå Riksantikvaren til stades. Forprosjektet Kystpilegrimsleia er også blitt presentert på den nasjonale pilegrimskonferansen i Stavanger i juni.

Det har vore arrangert fem fylkesvise arbeidsmøter der eit breitt spekter av aktørar har vore inviterte til å delta (Fig. 1), i tillegg til fleire mindre møter med ulike aktørar. Instansar og organ som forprosjektet har hatt møte med er lista i tabellen nedanfor.

Fylkeskommunane (representantar innan kultur og næring)
Bispedøma (representantar frå bispedømekontora og frå ulike prosti)
Den norske kyrkja
Nasjonalt Pilegrimssenter

Riksantikvaren
Berørte kommunar
Museum med ulike ansvarsområde for aktuelle heilagstader/kulturminne/natur- og kulturlandskap langs leia
Forum for natur og friluftsliv (FNF)
Fortidsminneforeningen
AHKR, Universitetet i Bergen
Forbundet KYSTEN (ved Bergen Kystlag)
Oselvarverkstaden
NCE Tourism Fjord Norway
Destinasjonsselskap
Innovasjon Norge

Figur 1: Arbeidsmøte i Florø 17. april 2013



4. Kartlegging av kystleia

Ferdslar på sjøen set ikkje spor slik han gjer på land, og det kan difor vere vanskeleg å finne kjelder som gir nøyaktig informasjon om mellomalderens seglingsmønster. Spora etter dei reisande til sjøs – både pilegrimar og andre – finn ein difor stort sett på land; hamnene og kulturminna langs leia. Gravhaugar og røyser frå forhistorisk tid er gjerne konsentrert rundt viktige hamner og langs dei sentrale leiene (Elvestad 2005a:27), og vitnar om ein fleire tusen år lang bruk av kysten og kystleia. Motiva for reisa ville i stor grad vere med på å bestemme reiseruta. Kulturminna og heilagstadene

som er kartlagt langs kysten og som vi veit vart nytta av pilegrimane vil difor også gi oss innblikk i kvar Kystpilegrimsleia i mellomalderen gjekk.

Utgangspunktet for oppmerkinga av Kystpilegrimsleia i forprosjektet er ei kartlegging av kystleia – allmannaleia – utført av arkeologen Bjørn Ringstad (1986). I arbeidet for å kartlegge kystleia har Ringstad tatt utgangspunktet i sagaenes fortellingar, losbøker og munnlege opplysningar frå statslosar. Det var den indre leia som utgjorde allmannaleia eller tjodaleia. Folk reiste innaskjers i rolegare farvatn der dette var mulig. Utleia vart berre nytta ved heilt spesielle tilfelle. For enkelte strekningar finst det fleire seglingsalternativ, nokre av desse er avmerkt på kartet (Fig. 2). I tilknytning til ferdsla langs kysten kan det òg ha vore vanleg å nytte seg av eida, noko fleire stadnamn vitnar om, t.d. Dragseidet på Stadtlandet. Dette er det lågaste fjellpasset over Stadhalvøya. Fartøy vart trekt over eidet for å sleppe å segle det vêrharde og farlege havstykket utanfor. Framleis kan ein sjå far detter dei gamle slepa. Sagaene nemner likevel ikkje at båtar og skip vart trekt over eida. Her kjem det i staden fram at skipa kunne ligge i vekevis og vente på bøl. Dette kan tyde på at eida stort sett vart nytta i den lokale samferdsla (Ringstad 1986:261-262).

Bergens Sjøfartsmuseum har fleire gamle kart frå 1600-1700-talet som det også kan vere nyttig å vurdere i forhold til oppmerkinga av Kystpilegrimsleia. Eit nyoppdaga kart frå 1700-talet har dessutan ein ledstrek innteikna (Arild Marøy Hansen, pers. med. 26.06.2013). I hovudprosjektet vil det vere interessant å studere desse karta nærare – også i forhold til kulturminne og hamner langs leia. På denne måten kan det vere mulig å komme endå nærare seglingsmønsteret både i forhistorisk tid og i mellomalderen. Her vil det også vere viktig å få med sentrale landetappar.

Figur 2: Kart over Kystpilegrimsleia med ulike seglingsalternativ markert i raudt. Tre landetappar er markert i blått: Dragseidet, Mannseidet og Berstadeidet – alle ved Stadtlandet.



5 Verdiskapingspotensialet i Kystpilegrimsleia

Kulturminne og kulturmiljø representerer ikkje-fornybare ressursar. Så lenge dei blir brukt og forvalta på ein måte som tek vare på dei bærande kulturhistoriske verdiane har dei betydning. Dei er med på å gi menneska forankring i tilværet, og dei er ein felles kunnskaps- og erfaringsbank. Kulturminne og kulturmiljø representerer både miljømessige, kulturelle, sosiale og økonomiske verdier – og dei kan vere ein ressurs for ei gi utvikling av både lokalsamfunn og næringsliv (St.meld. 35 (2012–2013): punkt 1.1). Kystpilegrimsleia og dei ulike lokalitetane her kan såleis bidra til auka verdiskaping og regional utvikling.

Omgrepet verdiskaping rettar seg mot både økonomiske og ikkje økonomiske tilhøve. Verdiskaping i ei allmenn betydning uttrykker at noko er verdifullt, men som ikkje i utgangspunktet er knytt til pengeverdier. Det kan her vere snakk om tradisjonar, historisk verdi, verdi for identitetsskaping, pedagogisk verdi, kunnskapsverdi og opplevingsverdi for å nemne nokre (Baadsvik og Daugstad 2003:7). Dette er alle heilt sentrale verdier for heilagstadene og kulturminna i Kystpilegrimsleia. Verdiane under denne omgrepsforståinga kan i sin tur danne grunnlag for økonomisk verdiskaping. For kulturminne og kulturmiljø dreier det seg her om både direkte og indirekte verdiskaping. Den direkte økonomiske verdiskapinga er knytt til dei enkelte kulturminna/miljøet. Dette er inntekter frå varer og tenester som blir selt til andre enn lokalbefolkninga, og som gir ei direkte sysselsettings- og verdiskapingseffekt i lokalsamfunnet. Det kan her vere snakk om hotell, serveringsstader og andre bedrifter der turistar brukar pengar. Samtidig utgjør verdiskapinga også meir indirekte økonomiske ringverknader gjennom for eksempel produksjon av andre varer og tenester, først og fremst av lokale underleveransar til den "direkte" produksjonen av varer og tenester (Baadsvik og Daugstad 2003:7; *Økonomisk verdiskaping av kulturminner* 2008:4-5).

Kystpilegrimsleia Rogaland – Nidaros gir grunnlag for opplevingar, kunnskap og verdiskaping, og kan slik utgjere ein viktig ressurs i lokalsamfunna og næringsliv. Både kulturminneverdiane og åndelege verdier i dei ulike kulturmiljøa langs leia har potensiale for å skape nye verksemdar. Stadene langs Kystpilegrimsleia kan slik verke som positiv lokaliseringfaktor for nyetableringar. Kystpilegrimsleia er såleis ein ressurs med stort potensiale for framtidsretta næringsutvikling, og leia kan slik fungere som eit fyrtårn for kommunane og regionen. Det er difor viktig med ein lokal bevisstgjeringsprosess omkring kva muligheter og verdier som ligg i dei ulike kulturminna. Dette er nødvendig for at dei historiske heilagstadene og kulturminne/kulturmiljø blir teke i bruk i utviklinga av lokalsamfunn og næringsliv, samtidig som ein skaper eit attraktivt lokalsamfunn for både fastbuande og tilreisande. Det må altså vere eit samspel mellom kulturelle og økonomiske verdier. Den økonomiske verdiskapinga heng slik saman med nyskaping og verdiskaping på andre område. Det er difor viktig å fokusere på ei brei verdiskaping, der miljømessige, kulturelle, sosiale og økonomiske verdier blir vektlagt. Dette er nødvendig for å fremme ei bærekraftig utvikling (Haukeland og Brandtzæg 2009:37-39), og det bør vere eit viktig fokus i hovudprosjektet.

Reiselivet er ein av verdas raskast voksende næringer (*Verdifulle opplevelser* 2007:7). Ved å fokusere på tilrettelegging av både kulturminne og kulturmiljø samt overnattingsstader og transport vil ein kunne auke næringsutvikling knytt til pilegrimsaktivitet og turismen langs kysten. Trendane i reiselivet viser auka etterspurnad etter temareiser, natur- og kulturbaserte tilbod (Baadsvik og Daugstad 2003:14). Det er eit sentralt mål at Kystpilegrimsleia skal inngå i reiselivssatsinga, samstundes som ein får dokumentert, tilrettelagt, bevart og vedlikehalde ei kulturhistorisk reiserute av nasjonal verdi. For å kunne oppnå dette er det viktig med ei styrking av lokal identitet,

stadtilhøyrighet og stoltheit, og bruk av lokale krefter i formidlinga av dei ulike kulturminna og heilagstadene. Det er difor nødvendig å auke den lokale bevisstheita og engasjementet rundt Kystpilegrimsleia. Kulturarven er viktig for verdiskapinga i samfunnet. Kulturminner og kulturmiljø skal takast vare på som bruksressursar, og vere grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. Det kan vere lønsamt for lokalsamfunnet å satse på kulturminne. Tal frå EU og EØS-landa viser at for kvar krone det offentlege investerer i vedlikehald og rehabilitering av kulturminne og kulturhistoriske verdifulle miljø, kjem 10 kroner tilbake til samfunnet. For kvar krone ein gjest brukar på eit kulturminne blir det brukt nesten 10 kroner på varer og tenester i lokalsamfunnet rundt (St.meld. nr. 16 (2004-2005): 46).

Reiselivsnæringa er i internasjonal vekst, og har eit stort potensiale for auka verdiskaping her til lands – særleg i distrikta. Regjeringa har difor valt å satse særskilt på reiselivsnæringa, og vil føre ein særleg aktiv næringspolitikk ovanfor reiselivsnæringa. For å få til ei vellukka reiselivssatsing er det m.a. viktig at dei mange forskjellige produkta – attraksjonar, transportmuligheiter, overnatting og mat – blir sett saman til ei heilskapleg oppleving. Regjeringa trekk fram nødvendigheita av samarbeid om heilskaplege opplevingsprodukt som inkluderer kultur, mat, historie, natur og aktivitetar – i tillegg til transport og overnatting (Destinasjon Norge [...] 2012: 22-24). Dette er alle aspekt som vil stå heilt sentralt i Kystpilegrimsleia – der hovudfokuset nettopp vil vere utvikle heilskaplege og unike reiselivsprodukt. Reisemålsutvikling vil såleis utgjere eit viktig arbeid. Her kan Innovasjon Norge bidra med kunnskap og hjelp m.a. overfor både destinasjonsselskap, reiselivsaktørar og kommunar. Innovasjon Norge har m.a. utarbeida ei kvitebok for å hjelpe reisemåla med langsiktige og heilskaplege strategiar (Innovasjon Norge 2008). Sterk og auka konkurranse pregar dagens internasjonale reiselivsmarknad. Dette gjer det særskilt viktig for den norske reiselivsnæringa å spisse marknadsbodskapen (Innovasjon Norge 2008:9-10).

Det er i stor grad den særeigne naturen langs kysten som i hovudsak trekker besøkande hit. Det er også eit stadig sterkare ønske hos reisande om å kombinere natur- og kulturopplevingar. Reisande etterspør opplevingar som er ekte og unike. Kystpilegrimsleia byr på dette. Dette er ei reise som kombinerer aktivitet med kultur- og naturopplevingar. Temareiser utgjere også eit stadig større satsingsfelt innan reiselivet. Tematuristar vil ha fysisk aktivitetar i naturgitte omgjevnadar der ein samtidig får med seg kulturelle opplevingar. Kystpilegrimsleia innehar slik dei eigenskapane som skal til for å til for å kunne inngå i temareiser. Her er det eit stort potensiale for opplevingar og aktivitetar som omfattar både natur, kultur og fysiske aktivitetar både til vann og til lands. Leia og kulturminna/kulturmiljøa her representerer mangfald og breidde.

Fornyings- administrasjons- og kyrkjedepartementet, Kulturdepartementet, Landbruks- og matdepartementet, Miljøverndepartementet og Nærings- og handelsdepartementet har fastsett ein felles statleg strategi for pilegrimssatsing. Det overordna målet er at pilegrimsleia skal gjere det mulig å vandre gjennom eit landskap som er rikt på natur, kulturarv og kulturopplevingar. Pilegrimssatsinga kan også omfatte fornying av andre leier og pilegrimstradisjonar som er under utvikling (Strategi for pilegrimssatsing 2012). Det vil her vere viktig å få auka fokus på pilegrimstradisjonane langs kysten – og slik løfte kystdimensjonen i den nasjonale pilegrimssatsinga.

Kystpilegrimsleia vil gi den reisande heilt andre opplevingar – både når det gjeld natur- og kulturlandskap – enn det ein får gjennom pilegrimsrutene i innlandet. Dette gjer at vi også kan få fokus på andre sider ved vår kulturhistorie og andre kulturminne enn det ein har i innlandet.

Kystlandskapet er variert og mangfaldig – frå holmar og skjær ut mot havet til skjermade fjordar og høge fjell lenger inne. Ein vil her også møte andre heilagstader og dermed også nye sider ved pilegrimshistoria enn det ein får gjennom dei allereie etablerte pilegrimsrutene i innlandet. Natur- og kulturlandskapet langs kysten vil by på nye og heilt andre opplevingar – både når det gjeld pilegrimserfaringar, kulturhistorie og natur og friluftsliv. Leia representerer eit tematisk reiselivsprodukt med pilegrimsvandring, kristendom, kyrkjehistorie og kulturhistorie som tema – i eit område som samtidig vil gi fantastiske og varierte naturopplevingar. Muligheitene for verdiskaping rundt kystleia er slik mange og varierte, og det er svært gode muligheiter for å utvikle gode og varierte reiselivsprodukt som kan tilpassast ulike typar menneske og målgruppe. Kystpilegrimsleia vil vere spennande både for små og store, for pilegrimar, tematuristar, skuleklassar eller andre som ønskjer å sjå og oppleve kysten og kysthistoria vår.

I hovudprosjektet vil det vere naturleg å oppretthalde kontakten vi har hatt med NCE Tourism Fjord Norway, som bør utgjere ein viktig samarbeidspartnar. NCE etterspør prosjekt og opplevingar som kan auke talet på turistar langs kysten, og her vil Kystpilegrimsleia kunne utgjere eit viktig element. I dag er det i stor grad aktivitetsleverandørane som legg grunnlaget og gjer at folk ønskjer å ta turen, og pilegrimsleia vil bli ein viktig del av det som går på opplevingsturisme. Marknaden for opplevingsturisme er mindre konjunkturutsatt, og desse turistane reiser meir - sjølv i nedgangstider. NCE har valt å satse på ulike tema, der m.a. vandring, sykling, fiske, padling og arkitektur står sentralt. Vestlandsregionen har mykje å tilby innan desse temaene per i dag, men ein har også eit stort utviklingspotensiale. Kystpilegrimsleia vil kunne innehalde mange av desse aktivitetane.

Forprosjektet har også hatt møte med Innovasjon Norge – for å diskutere potensialet og muligheiter for å arbeide med lokal og regional næringsutvikling i forhold til Kystpilegrimsleia. I eit reiselivsprosjekt er det viktig å ha eit unikt produkt – og Kystpilegrimsleia kan utgjere eit slikt motiv for aktørar som ønskjer å utvikle reiseliv – anten som levebrød eller tilleggsnæring. Dette er ei reise som kan vere med å gi kysten eit nytt særpreg – som igjen kan utnyttast i næringsssamanheng. Ved å sjå heile leia under eitt kan det vere lettare for aktørar å danne nettverk og å søke støtte gjennom t.d. Innovasjon Norge. Kultur i reiselivet utgjør eit av satsingsområda til Innovasjon Norge.

5.1 Berekraftig reiselivsutvikling

Ei berekraftig reiselivsutvikling (sustainable tourism) der dei unike natur- og kulturressursane langs kysten blir iveratekne for kommande generasjonar er viktig. Ansvarlegheit, kvalitet og langsiktigheit er viktige stikkord. Det er viktig at det blir lagt til rette for levedyktige lokalsamfunn, gode og stabile arbeidsplassar og økonomisk levedyktige reiselivsbedrifter samtidig som miljøperspektivet blir ivareteke (Kongevegen over Filefjell [...] 2011: 86).

Kystpilegrimsleia er også ei ideell satsing innan geoturisme. Geoturisme er turisme som tek vare på, forsterkar og framhevar ein stad sin lokale eigenart – miljø, kultur, estetikk, kulturarv – som kjem lokalsamfunnet til gode. Innovasjon Norge har forplikta seg til å basere norsk reiselivsverksemd på geoturisme, og i dag er dette ei plattform for reiselivs- og turismeutvikling (Innovasjon Norge 2008:13). Bruken av kysten både som transportåre og ervervsgrunnlag gjennom tusenvis av år er noko av det som gjer dette området så unikt. Naturen og naturressursane her har lagt primissane for folk sitt liv og virke gjennom generasjonar, og framleis finn vi spor etter dette langs kystleia. Ei satsing på Kystpilegrimsleia og kulturminna som vi har her vil vere viktig for området sin eigenart, og det vil

også komme lokalsamfunnet til gode. Fokus på kysten i reiselivssamanheng kan vere viktig for å ivareta dei unike kulturminna her for kommande generasjonar. Reiseliv og turisme kan også bidra til å ta vare på dei mange og små lokalsamfunna langs kysten – der mange er trua av utflytting og nedlegging.

Kystpilegrimsleia har eit potensiale for å trekke fleire besøkande hit enn dei som bruker leia i dag. Det har til no vore lite fokus på pilegrimstradisjonar og kyrkje- og religionshistorie i samband med kystleia – og dette vil gi ein heilt ny dimensjon til leia og kysten. Dei reisande treng både mat og overnatting, og det blir viktig å få besøkande til å bli i nærområdet, og bruke og utforske nærmiljøa. Butikkar, kafear, gardsmatprodusentar og spisestader, hotell og andre overnattingsstader vil vere viktige aktørar. Mange stader kan det vere vanskeleg å finne god mat og overnatting, og dette er noko ein må jobbe med. Næringslivet langs kystleia vil slik kunne nyte godt av utviklinga av Kystpilegrimsleia. Det vil vere svært viktig i det vidare arbeidet med eit sterkt fokus på lokal forankring. Kartlegging, dialog og samarbeid med ulike næringslivsaktørar langs kysten er nødvendig for å få til ei lokal verdiskaping.

Dagens turistar ønskjer ekte og annleis natur- og kulturopplevingar – og marknaden for aktivitetar i naturen og autentiske reiseopplevingar er i sterk vekst. Dette er Grønt reiseliv – og døme på opplevingsaktivitetar her er vandring, padling og sykling i kombinasjon med servering av gode matopplevingar og overnatting (<http://www.regjeringen.no/nb/dep/lmd/aktuelt/nyheter/2012/aug-12/gode-rad-for-gront-reiseliv.html?id=697932>), aspekt som også vil stå heilt sentralt i Kystpilegrimsleia. For Grønt reiseliv er det viktig å utvikle heilskaplege, landbruksbaserte turistprodukt, og å styre den lokale og regionale verdiskapinga (St.prp. nr. 75 (2008-2009): 7.3.9). Dette er også klare målsettingar i reiselivssatsinga rundt Kystpilegrimsleia.

Green Pilgrimage er eit tilsvarande omgrep i pilegrimssamanheng – og det er oppretta eit nettverk – Green Pilgrimage Network – der ein har fokus på og arbeider med den miljømessige sida av pilegrimsrutene og heilagstadene/kulturminna som inngår i desse. Trondheim og Nidaros bispedøme er allereie med i nettverket, (<http://www.arcworld.org/projects.asp?projectID=521>) og eit miljøfokus vil som nemnt vere viktig i forhold til Kystpilegrimsleia.

For å få til eit godt reiselivsprodukt og verdiskaping med Kystpilegrimsleia som tema vil både kulturminne og heilagstader, overnattingsstader, matsservering og transport utgjere heilt sentrale element. Gjennom Kystpilegrimsleia vil desse settast inn i ein større og heilskapleg samanheng og slik gi stor opplevings- og kunnskapsverdi for dei reisande, og samtidig gjere det mulig for aktørar i lokalsamfunna å utnytte dette i næringsssamanheng. Dette vil også kunne medverke til lokal stoltheit over kulturarven langs kysten. Ei pilegrimsferd langs Norskekysten – frå Rogaland til Nidaros – byr på mange opplevingar, spennande natur, historie og tradisjonar. Langs kysten ligg det svært mange kulturminne og heilagstader som vitnar om ferdsel og bruken av kysten gjennom årtusenar. Innafor rammene på forprosjektet har det ikkje vore mulig å gi ei fullstendig kartlegging av både kulturminne, eksisterande overnattingsstader og matsservering i det store geografiske området som Kystpilegrimsleia utgjer. Dette er difor aspekt som må vidareførast i eit hovudprosjekt.

5.2 Overnattingsstader og matsservering langs seglingsleia

Noreg er ein kystnasjon, og store delar av befolkninga har gjennom historia hatt inntektsgrunnlaget sitt frå sjøen og kysten. Langs kysten står det fortsatt fleire kulturminne som vitnar om denne aktiviteten, slik som naust, sjøhus, fyrstasjonar, bryggeanlegg og fartøy. I mange tilfelle er desse bygningane ikkje lenger i bruk. Det er difor viktig å finne ny bruk slik at bygningar og anlegg ikkje forfell (http://www.riksantikvaren.no/Norsk/Tema/Fartoy_og_kystkultur/Kystkultur/). Her kan Kystpilegrimsleia vere med å opne for nye muligheiter.

På slutten av 1200-talet var det bestemt at det skulle etablerast gjestgiveri for kvar heile eller halve dagsreise (RN II, 994). Gjennomsnittsfarten for eit fartøy var ved roing ca. 3 knop, og ein ville då kunne nå ca. 36 nautiske mil på ein dag. Ved segling kom ein lenger, ca. 72 nautiske mil på ein dag (Morcken 1964:22, 38), men sjølv sagt avhengig av vær- og straumforhold. Langs kystleia låg difor gode og trygge hamner og mulige overnattingsstader for pilegrimar og andre reisande tett i tett. I dag finst det fleire overnattingsstader og stader som serverer mat som vil utgjere viktige element i ei reiselivssatsing rundt Kystpilegrimsleia. Ein del av desse stadene har lange røtter som hamner og overnattingsplassar, og enkelte område kan truleg gå tilbake til mellomalderen. I forprosjektet blir berre nokre få overnattingsstader trekt fram, og ei vidare og meir systematisk kartlegging, involvering og utvikling av overnattingsstader langs leia vil utgjere ein viktig del i hovudprosjektet.

I mange tilfelle er den opphavlege bruken av kulturminna langs kysten vekke, og fleire stader står naust, sjøhus, fyrstasjonar og bryggeanlegg til forfall (http://www.riksantikvaren.no/Norsk/Tema/Fartoy_og_kystkultur/Kystkultur/). Ei reiselivssatsing rundt Kystpilegrimsleia kan vere med på å finne ein ny bruk til desse kulturminna. Bygningane vil kunne utgjere viktige element i reiselivssatsinga – der det vil vere behov for etablering og utvikling av både overnattingsstader og matsservering. Det er eit mål at gamle og falleferdige bygningar og anlegg langs kysten blir restaurert og sett i stand og tekne i bruk i reiselivssamanheng. På denne måten vil dei kunne takast vare på gjennom ein ny bruk.

Fleire av dei gamle fyrstasjonane og handelstadane og gjestgiveria langs kysten er allereie teke i bruk i reiselivssamanheng, og vil utgjere viktige aktørar og samarbeidspartnarar i samband med Kystpilegrimsleia. Det vil vere viktig å tenke kvalitet – og aktørar som er linka opp mot Kystpilegrimsleia bør ha fokus på t.d. vertskapsrolla. Det bør også vere ulike krav til sjølvbetjente og betjente stader, og dette er aspekt ein bør diskutere i hovudprosjektet, der ei kartlegging, involvering og utvikling av slike stader vil utgjere sentrale element. Nedanfor er eit nokre få dømer på aktuelle og ulike stader og aktørar langs kysten trekte fram. Det må presiserast at det finst langt fleire overnattingsmuligheiter enn dei nemnde som ein bør spele vidare på i hovudprosjektet:

Dei gamle handelstadene langs kysten:

Glesvær handelsstad i Sund kommune i Hordaland er ein av dei aller eldste handelstadene på kysten, og delar av hovudbygget går tilbake til 1600-talet. Dette var også ein gong det største fiskeværret i Hordaland. Her er det i dag kafe og muligheiter for overnatting. Det er sal av diesel på kaia, samt ferskvannsfylling. Glesvær har også gjestebrygge og serviceanlegg med toalett, dusj og vaskemaskin – og er slik ein godt eigna stad for turistar som kjem i eigen båt. I tillegg er det mulig å leige sjøbuer for overnatting for dei som ønskjer det.

Den gamle handelsstaden på Skjerjehamn som ligg ved munningen av Sognefjorden er restaurert til ein idyllisk overnattingsstad med gourmetrestaurant basert på lokale råvarer og kortreist mat: kalv frå Sande Gardsmat, laks og aure frå Firda Sea Food, skalldyr frå Gulen og Solund (Fig. 3). Det er også etablert eit samarbeid med Kinn Bryggeri i Florø. På Skjerjehamn er ein flott Sveitservilla frå 1891 teke i bruk til overnatting, og pakkhuset på kaia er restaurert med festlokale, bar/restaurant, kinosal, galleri og møterom. Her er det også ei fin hamn med plass for mange båtar. Norled sine ekspressbåtar går også innom for grupper på 10 personar eller meir (www.skjerjehamn.no).

Figur 3: Skjerjehamn (Foto: Margun Pettersen)



Rugsund handelsstad på austspissen av Rugsundøya i Nordfjord er også ein flott overnattingsplass med variert standard og prisklasse (Fig. 4). Handelsstaden går tilbake til 1600-talet, og vart freda av Riksantikvaren allereie i 1924. Her er det utleige av hus, rom eller leiligheiter. Det er også mulig å sette opp telt. Rugsund har ei lun og god hamn sentralt plassert ved den indre skipsleia langs kysten, som nok har vore ettertrakta av sjøfarande langt tilbake i tid. I dag er hamna mykjebesøkt av båtturistar.

Rugsund er eit godt utgangspunkt for turar til Hornelen eller Ålfotbreen, og elles flotte fjellturar i fjellområda omkring. På Rugsund er forholda også lagt til rette for dykking. Her er det kompressor for fylling av luft, båtutleige og eit stor sjøbu til opphald, plassering av utstyr og tørking av drakter. Rugsund ligg lunt til, så her kan ein dykke sjølv i kraftig vind og dårleg vær (www.rugsund.no).

Figur 4: Rugsund handelsstad (Foto: Vidar Trædal@Riksantikvaren)



Magerøya handelsstad og gjestgiveri ligg i Hemnes kommune i Sør-Trøndelag. Dei siste åra er det lagt ned mykje arbeid i å rydde stiar og rehabilitere det gamle kulturlandskapet på øya, og det er tilrettelagt fleire stiar for turgårarar. Det er god adkomst til øya for småbåtar ved Magerøytunet. Her er det også toalett, dusj og tilgang til vatn og straum.

Fyrstasjonar:

Det er mange fyrstasjonar langs kysten, og desse utgjer fasinerande attraksjonar i seg sjølv, og vil vere eit spennande innslag i Kystpilegrimsleia (Fig. 5).

Figur 5: Utvær fyr i ytre Sula i Sogn og Fjordane det vestlegaste fyret i landet. Utvær er eit gammalt fråflytta fiskevær, og det er også ein nedlagt kyrkjestad frå mellomalderen her som vitnar om busetnad langt tilbake i tid. Det går også ei nordsjøløype rundt øya. I sommarhalvåret blir det arrangert dagsturar til Utvær frå Hardbakke i Solund (Foto: Irene Baug)



Ved fleire av fyrstasjonane innafor alle dei fem fylke i Kystpilegrimsleia er det tilrettelagt overnatting for reisande. Ein del av fyrstasjonane inngår i ein kystled, slik at reisande kan gå inn på kystledens nettside og finne fram til fyret der (Sjå kap. 5.2.1). Nedanfor er nokre få dømer frå kvart fylke trekte fram.

Geitungen fyr ligg på ei lita øy rett utanfor Skudeneshavn i Rogaland er eit av dei yngste fyra i Norge, og vart tent første gong i 1924. Det vart automatisert og fråflytta i 1994, og er no freda. Haugesund Turistforening driv fyret som turishytte (<http://ut.no/hytte/geitungen-fyr>), og her er det mulig for reisande å overnatte.

Etter at Ryvarden fyrstasjon i Sveio kommune i Hordaland vart automatisert og fråflytta i 1984, har dei gamle bygningane fått nytt liv som kultursenteret Galleri Ryvarden – også kalla Ryvarden kulturfyrr. Her er det i dag både kunstgalleri, kafé og konferansesenter. Den gamle fyrvoktarbustaden er pussa opp og blir leigd ut som overnattingsstad (<http://www.fyr.no/fyrene/fyrenesor/hordaland/529-ryvarden-fyrstasjon>).

Kråkenes fyr i Vågsøy kommune i Sogn og Fjordane er eit av fyra som er lagt til rette for overnatting. Fyret er frå 1906. Her er det gode turmuligheiter i eit variert terreng. Besøkande kan t.d. også ta ein dagstur med båt til Selja og besøke Selje kloster (<http://www.krakenesfyr.no/>). Overnatting kan bestillast gjennom Slowtur.no.

Eit anna døme på ein fyrstasjon som kan leigast til overnatting er Runde fyr som ligg på Kvalneset på nordvestspissen av den kjente fugleøya Runde i Herøy kommune på Sunnmøre. Den nyaste fyrvoktarboligen på fyrstasjonen er gjort om til ei sjølvbetjent hytte med 24 senger. Hytta er låst med DNT-nøkkel. Her er kan besøkande kjøpe seg mat frå hytta sitt sjølvbetjeningslager og tilberede han sjølv på kjøkkenet. Det er også fine turmuligheiter her – t.d. over Rundebrenden som er det tredje største fuglefjellet i Noreg – med eit yrande fugleliv og eit stort artsutval av planter.

I Sør-Trøndelag på vestsida av munninga av Trondheimsfjorden ligg Agdenes fyr – ytst på Agdeneset. Fyret vart lagt ned som bemanna fyrstasjon i 1984, og det vert i dag leigd ut som overnattingsstad til både bedrifter og private (<http://www.fyr.no/fyrene/fyrene-nord/sor-trondelag/555-agdenes-fyrstasjon>).

Nedlagte småbruk:

På Råkeneset i Solund kommune i Sogn og Fjordane ligg ein gamal husmannsplass som i dag er omgjort til overnatting. Alle bygningane her og området rundt er freda av Riksantikvaren. Råkeneset utgjer i dag DNT si vestlegaste hytte, og besøkande kan her overnatte i det 250 år gamle stovehuset. Det er også gode turmuligheiter, og nokre få høgdemeter opp frå stranda får ein ei storslagen utsikt over øyar, spennande landskap langs kysten og Nordsjøen. Råkeneset er også eit fint området for dei som ønskjer å padle (<http://ut.no/hytte/r%C3%A5keneset>).

Fiskevær

Kalvåg fiskevær i Bremanger kommune i Sogn og Fjordane er eit flott og idyllisk fiskevær med eit godt bevart sjøhusmiljø som i dag er teke i bruk som overnattingsstad for turistar. Øya er omkransa av 700 holmar og skjær, og her finn ein gjestebrygge med alle service-fasilitetar. Det er også kafé, restaurant og matvarebutikk på øya. Knutholmen restaurant ligg i sentrum av fiskeværet. Dette er ein restaurant/pub/kurssenter med maritim og historisk atmosfære. Her blir gjestane servert fisk og skalldyrsrettar der råvarene er henta frå havet rett utanfor og levert av fiskaren sjølv.

Det er i dag 5 ulike overnattingsmuligheiter på Knutholmen-Kalvåg: Leiligheiter med høg standard, rom med kjøkken og bad og rorbuer i ulike storleikar – alle med kjøkken, stove og bad (<http://www.fjordnorway.com/no/Produkt/?TLp=47163>).

Bud i Møre og Romsdal var eit stort og viktig fiskevær og handelsstad på 1500-1600-talet. Det siste riksmøtet i Noreg vart heldt her i 1533 under leiing av erkebiskop Olav Engelbrektsson. I dag er Bud fortsatt eit aktivt fiskevær med fleire gode restaurantar og gode fasilitetar for besøkande. Her er det gjestehamn for folk som kjem i eigen båt. Det er også utleige av havhus og hytter til overnatting (<http://www.visitmolde.com/no/Produkt/?TLp=32328>).

5.2.1 Eksisterande system for overnatting og transport

Det vil vere viktig at Kystpilegrimsleia knyter seg opp mot allereie fungerande aktørar og system for overnatting og transport som finst langs kysten – som t.d. Kystled. På nettstaden www.kystled.no kan reisande enkelt finne fram til overnattingsstader og båtutleige. Kystled er ei nasjonal satsing som Friluftsrådernes Landsforbund, Forbundet Kysten, Norsk Fyrhistorisk Forening og Den Norske Turistforening (DNT) står bak. Dei fire organisasjonane har etablert ei arbeidsgruppe som arbeider for å fremme og koordinere kystledarbeidet. Kystled blir også støtta av Direktoratet for naturforvaltning. Ein ønskjer her primært legge til rette for ikkje-motorisert ferdsel, og fokuset er på kystkultur og natur og friluftsliv. Eit sentralt mål er også å få til ein fornuftig bruk av offentlege eigedomar som ikkje lenger er i bruk – t.d. fyra og forsvaret sine eigedomar. Friluftsråda, kystlaga og andre organisasjonar tilbyr hus, hytter, fyrstasjonar og naust til utleige i kystleia.

Kystled gir besøkande muligheita til å oppleve skjergarden på ein miljøvennleg måte – med robåt og enkel overnatting. Ideen er henta frå tidlegare tiders «åreskifte». Når reisa føregjekk over lengre strekningar måtte den reisande skifte både rorkar og båt. Ved åreskifta låg det ofte eit gjestgiveri der dei reisande kunne kvile ut og vente på god bøl. Kystled dekkar delar av kyspleigrimsleia, og er såleis eit system for overnatting og transport som det vil vere viktig å knytte seg opp mot. Kystpilegrimsleia kan truleg også bidra til å få fleire reisande til å nytte både overnattingsstadane og båtutleiga her – og slik vere med å fremme den lokale utviklinga og verdiskapinga.

Kystreise.no er eit anna nettbasert system som kan vere aktuelt for Kystpilegrimsleia. Dette er eit film- og kartbasert formidlingsprosjekt for norsk og nordisk kystkultur, sjømat og fiskeri for bruk på smarttelefonar, lesebrett og PC (www.kystreise.no). Her vil det vere mulig å lenke opp overnattingsstader og stader for matsservering som inngår i Kystpilegrimsleia. Nettstaden vart lansert 21. mai, og ein bøl sjå korleis nettsida utviklar seg – og i hovudprosjektet til Kystpilegrimsleia må ein så vurdere om ein skal linke aktuelle stader her opp mot Kystreise.no.

I det vidare arbeidet vil det såleis vere viktig å kople allereie eksisterande system saman – slik at det blir mulig å utvikle eit heilskapleg reiselivsprodukt med Kystpilegrimsleia som tema. På sikt bøl overnattingsstader, matsserveringar, butikkar etc., ligge tett, og det bøl vere eit mål at det skal vere mulig å padle eller ro mellom dei ulike stadene – slik som i tidlegare tiders åreskifte.

5.2.2 Lokal mat og tradisjonsmat frå kysten

Mat og overnattingsmuligheiter utgjjer heilt sentrale element i ei reiselivssatsing, og gode tilbod til dei reisande er heilt nødvendig for å få folk til å komme. Fleire stader langs leia er det muligheiter for å satse på kortreist mat til dei reisande der lokale leverandørar blir involvert. Det er viktig å ha tilgang til kortreiste råvarer, og det bøl stimulerast til auka vekst hos lokale produsentar. Det er eit mål å ta i bruk ressursar frå landbruket over heile landet og å legge til rette for konkurransedyktige verdikjeder. Gjennom innovasjon og omstilling er det mulig å auke verdiskaping basert på landbrukets ressursar og ny kunnskap (St. Meld. 9 (2011-2012): 1.2). Her kan m.a. turistnæringa spele ei viktig rolle. Innovasjon og nytenking er viktig, og mat med særpreg frå dei ulike distrikta vil kunne utgjere eit flott innslag i reiselivssamanheng. Lokalproduserte produkt kan nå fram til forbrukarane

gjennom serveringsstader, butikkar og overnattingsstader. Dette bør såleis ha eit sentralt fokus i eit eventuelt hovudprosjekt.

Som døme trekker vi her fram Kinn bryggjeri, eit lite handverksbryggjeri i Florø som vart starta opp i 2009 som kan trekkast fram i denne samanhengen (Fig. 6). Kinn leverer i hovudsak upasteurisert og ufiltret øl på fat og flaseke til lokale serveringsstader. Bryggjeriet produserer allereie ei rekke spennande produkt/øltypar med namn som henspeglar både på pilegrimar og kystleia – som t.d. Pilegrim, Sjelefred, Svart Hav og Vestkyst (<http://www.kinn.no/>).

Figur 6: Pilegrimsøl frå Kinn bryggjeri (Foto: Knut Åland)



Norsk Bygdeturisme og Gardsmat (NBG) er ein bransje- og marknadsorganisasjon for alle verksemder innan bygdeturisme og produksjon av gardsmat i Norge (www.hanen.no). NBG fokuserer m.a. på overnatting, servering og lokalmat i Bygde-Noreg, og er slik retta mot element som også vil stå heilt sentralt i Kystpilegrimsleia.

Slow Food også er ein aktør ein bør vurdere å knytte seg opp mot i hovudprosjektet når det gjeld mat. Slow Food er ein organisasjon som jobbar for å trygge viktige bestanddelar av jordbruket som står for matproduksjonen, og har fokus på matkulturell historie, distriktsutvikling og handverksteknikkar. Serveringsstader som ivaretek vår gastronomiske arv og miljøet rundt er ein viktig del av denne kjeda (<http://www.slowfood.no>). Organisasjonen er styrt av lokallaga, og her ligg det muligheter for å kunne jobbe med lokalt engasjement og verdiskaping gjennom dei ulike lokallaga. Slow Food Sunnmøre har t.d. hatt stand med servering av villsau på Herøy Gard sin marknadsdag.

Når det gjeld tradisjonsmat frå kysten vil sjømat ha ein heilt sentral plass og eit naturleg fokus. Regjeringa har som ambisjonar at Noreg skal vere eit utstillingsvindaug for norsk sjømat med ein

levande kystkultur som byr på gode opplevingar for både fastbuande og tilreisande (St. meld. 22 (2012-2013):7). I Kystpilegrimsleia er det gode muligheiter for å skape positiv merksemd og fremme omdømmet for norsk sjømat og matkultur. Regjeringa påpeikar det store potensialet for auka bruk av sjømat hos reiselivs- og serveringsbedrifter (St. meld. 22 (2012-2013):7.4), og her kan Kystpilegrimsleia vere ein viktig arena. Langs kysten frå Rogaland til Sør-Trøndelag finst det mange små og store aktørar som det vil vere naturleg å involvere. Ei kartlegging og involvering av desse vil vere viktig i hovudprosjektet. Det kan også vere naturleg å involvere nokre av dei større organisasjonane og nettverka innafor sjømat. Stiftelsen Fiskeriforum Vest er ein marin medlemsorganisasjon som har fokus på å styrke marin næringsutvikling i Vestlandsregionen (<http://www.fiskeriforum.no>). Smak av kysten er eit nettverksprosjekt som skal auke bruken av sjømat ved m.a. å tilby tilreisande og turistar unike opplevingar knytt til sjømat og kystkultur. Fleire av medlemmane er lokalisert langs Kystpilegrimsleia (<http://www.smakavkysten.no>).

5.3 Europeisk kulturveg

I Europa er det eit stort tal vandreruter langs historiske ferdselsårer. Europeiske kulturvegar (Cultural Routes of Europe) er ein nettverksorganisasjon starta av Europarådet i 1987. Målet var å få fokus på reiser gjennom tid og rom, og korleis kulturarven i dei enkelte landa samla utgjør ein felles europeisk kulturarv. Rutene som får denne statusen må ha eit tema og vere felles for fleire europeiske land.

Dei innanlandske pilegrimsvegane til Nidaros har vore Noreg sin store satsing innafor Europeiske kulturveg. Pilegrimsvegane gjennom Danmark, Sverige og Noreg, under namnet St. Olav veiene, fekk status som Europeisk kulturveg i 2010. Vegane går stort sett gjennom dokumenterte vegfar frå mellomalderen, samt enkelte nye opparbeida trasear. Det bør vurderast om ein skal arbeide for å også få Kystpilegrimsleia til Nidaros godkjent som Europeisk kulturveg. I følgje skriftlege samtidskjelder var som sagt dette den mest brukte leia mot Nidaros – i alle fall for utanlandske pilegrimar (Adam av Bremen).

6 Moderne pilegrimsferd

Motiva for pilegrimsferd har endra seg frå mellomalderen til i dag, og det å bli frisk frå sjukdom og botshandlingar er ikkje lenger sentrale motiv. Dagens pilegrimsreiser er meir eit uttrykk for religiøs eller åndeleg søken, der målet ofte er sjølvutvikling (Olsen 2013:12). Dagens pilegrimar reiser gjerne for å kunne søkje andre verdiar og auka livskvalitet enn det folk flest finn i ein travel kvardag. Dette gjeld både i åndeleg-, sosial- og kulturell samanheng. Pilegrimsreiser kan slik gi den reisande nye impulsar og opplevingar.

Pilegrimsferdene kan likevel seiast å ha ein førebyggande effekt, der friluftsliv og folkehelse står sentralt. Mange av dagens pilegrimar vel den fysiske vandringa til fots (Olsen 2013:13), og pilegrimsreiser kan slik vere ein motivasjonsfaktor for å få folk til å komme seg ut og gå. Friluftsliv og naturkontakt utgjør såleis ein heilt sentral del i dagens pilegrimsvandringar. For dagens pilegrimar har difor sjølve reisa fått auka betydning, sjølv om valfartsmålet også framstår som viktig for dei fleste.

Valfartsmålet blir i dag gjerne oppfatta som ein stad lada med fortid og tradisjon, kontinuitet og samanheng (Olsen 2013:13).

For den moderne pilegrimen har nærleik til naturen og naturkontant fått ein stadig meir sentral plass, også som begrunnelse og motivasjon for å føreta ei pilegrimsreise. Pilegrimsferd er for mange blitt eit viktig element i søken etter ei djupare naturforståing og engasjement for naturen (Olsen 2013:12). Pilegrimsferd på havet gir kanskje ei særskilt form for nærleik til naturen og naturkreftene.

Den åndelege og religiøse dimensjonen er likevel ikkje den einaste motivasjonsfaktoren for å få folk til å delta på pilegrimsreiser. Det kulturhistoriske aspektet og fokus på kysten si historie gjennom fleire tusen år vil for mange vere like viktig. Kystpilegrimsleia representerer ei historisk reiserute der unike kulturminne og kulturmiljø er med på å gi den reisande innblikk i dette. Reisa vil fremme kunnskap om historie og kulturminne langs det som tidlegare var Noregs hovudfartsåre - kystleia.

6.1 Transport

Det vil vere mulig å reise både med eigen båt langs kystleia og med kollektivtransport. Med eigen båt er det lett å ta seg fram. Då kan ein sjølv legge opp turen og velje kvar ein vil stoppe og kor lenge ein vil vere på dei ulike stadene. Sannsynlegvis vil dei fleste som tek turen langs Kystpilegrimsleia i stor grad vere avhengig av kollektivtransport. Det går rutebåtar langs kysten, og ein vil med desse kunne nå mange av stadene som inngår i Kystpilegrimsleia. Enkelte av heilagstadene/kulturminna, overnattingsstadene og serveringsstader ligg ikkje ved anløpsplassane til rutebåtane, og desse kan det vere lettare å nå med buss og ferje. På strekninga mellom Rogaland og Nidaros vil det såleis vere naturleg å kombinere båt og buss – dersom ein reiser kollektivt. På denne måten vil ein nå dei aller fleste stadene langs leia ved bruk av kollektivtransport. Ei reise langs Kystpilegrimsleia er slik godt eigna også for folk som ikkje kan eller ønskjer å gå så langt.

Organiserte pilegrimsreiser med båt langs kysten vil vere eit fint alternativ for mange – både norske og utanlandske besøkande – som ikkje sjølv ønskjer å organisere turen. Skuleskipet Gann har t.d. arrangert fleire pilegrims-seglas frå Stavanger til Nidaros.

6.1.1 Fartøyvernet – ein ressurs i Kystpilegrimsleia?

Fartøyvern er eit statleg ansvar i den forstand at ein tek vare på eit utval fartøy som er representative for den norske, maritime kulturarva. Riksantikvaren gir økonomisk tilskot til antikvarisk istandsettjing og vedlikehald av verneverdige fartøy. Sjølv fartøyvernet blir halde oppe av ein omfattande frivillig innsats som i stor grad er retta mot drift og vedlikehald av fartøy som er i aktiv bruk

(http://www.riksantikvaren.no/Norsk/Tema/Fartoy_og_kystkultur/). Desse verneverdige fartøya kan få ein aktuell bruk og bør kunne aktiviserast gjennom Kystpilegrimsleia. Ein har verneverdige fartøy i alle dei fem fylka som inngår i prosjektet, og desse vil kunne utgjere eit viktig innslag i ei reiselivssatsing langs leia (Fig. 7). Kystpilegrimsleia kan bli ein marknad og kanal for å få meir bruk av båtane. Med riktig og god marknadsføring kan dette på sikt utvikle seg til å bli eit godt og berekraftig reiselivsprodukt med fokus på å formidle både pilegrimsleia, bruken av kysten, fartøyet og historia knytt til dette. Dette kan gi verdiskaping lokalt og vere med på å fremme det lokale engasjementet i forhold til Kystpilegrimsleia. Forprosjektet har vore i kontakt med aktørar innan fartøyvernet, som

har signalisert ønske om eit samarbeid med Kystpilegrimsleia. I det vidare arbeidet bør det såleis leggest opp til eit tett samarbeid med fartøyvernet.

Figur 7: Det verneverdige fartøyet Svanhild til kai i Florø, Sogn og Fjordane (Foto: Knut Åland)



6.1.2 Kystlaga og mindre opne tradisjonsbåtar

Langs heile strekninga som Kystpilegrimsleia utgjer – Rogaland til Sør-Trøndelag – finn vi kystlaga, som utgjer ryggraden i Forbundet Kysten. Kystlaga har tradisjonsbåtar – opne båtar, dekk seglfartøy og større lokalbåtar – og driv aktivitetar i forhold til desse (Fig: 8). Dei driv m.a. med leirskular for barn og ungdom, turar til andre kystlag eller besøker kulturminne både i og utanfor Norge. Fokus er bevaring av kystkulturen (<http://old.kysten.no/community.asp?uid=48>). Dette er såleis eit system som det vil vere lett å aktivere og involvere i forhold til Kystpilegrimsleia. Vern gjennom bruk står sentralt, og båtar kan t.d. lånast eller leigast ut. I hovudprosjektet vil det vere viktig å inkludere kystlaga langs heile kysten – og dei har også signalisert interesse i å kople båtane opp mot Kystpilegrimsleia.

Figur 8: Tradisjonelle oselvarar (Foto: Atle Ove Martinussen, Museumsenteret i Hordaland)



I forprosjektet har vi i tillegg hatt kontakt med Oselvarverkstaden, ei stifting som Os kommune, Hordaland fylkeskommune og Os båtbyggjarlag står bak. Dei driv m.a. med reperasjon, produksjon og sal av oselvarbåtar, samtidig som dei har eit visningsenter der publikum kan komme og sjå på verkstaden og båtbygginga. Oselvarverkstaden er eit économusée der formålet er å ta vare på, utvikle og syne fram tradisjonsrike handverk og kunnskapen om desse. Oselvarverkstaden vil såleis utgjere eit spennande besøksmål, samtidig som det vil kunne vere ein viktig produktleverandør til aktørar som ønskjer å drive med aktivitetar i forhold til Kystpilegrimsleia – der dei kan få både reparert og bygd båtar.

Tilsvarende kompetanse finst også ved Museet Kystens Arv som vi også har hatt glede av å møte i forprosjektet. Dette er eit kystmuseum i Rissa kommune i Sør-Trøndelag med vekt på båtbyggertradisjonar og praktisk bruk av båten. Båtbyggjeriet ved Museet Kystens Arv heiter Båtskott Trebåtbyggeri. Dei bygger ca. 6-8 tradisjonelle opne trebåtar i året – t.d. Åfjordsbåt, Innherredsbåt, Normørsbåt, listerbåtar, notgavler og spissbåtar. Dette ein av få båtproduksjonsbedrifter i landet som framliet bygger og sel til ein marknad, og kan såleis utgjere ein viktig aktør i forhold til Kystpilegrimsleia (<http://kystensarv.no>).

6.1.3 Skyssbåtdrift

Langs Vestlandskysten er det fleire som i dag livnærer seg av både skyssbåtdrift og turisme. Det er mulig for reisande å leige eigne båtar for korte turar eller ein leiger båt med førar som tek turistar til ønska reisemål langs kysten. Dette er aktørar som bør knytast til Kystpilegrimsleia. I hovudprosjektet bør ein få ei oversikt over aktuelle selskap som driv med skyssbåtdrift – og knytte desse opp mot Kystpilegrimsleia.

6.1.4 Kollektiv transport

Ved eit eventuelt hovudprosjekt bør ein arbeide for å etablere ein pilegrimsbillett som gjer det mulig for reisande å kjøpe ein billett for heile Kystpilegrimsleia – frå Rogaland til Nidaros – der både rutebåtar, ferjer og bussar inngår. Dette vil gjere det lettare for reisande å reise med kollektiv transport. Her bør det vere mulig å legge inn stoppestader og vandringar undervegs etter eige ønske. Det vil her vere ei utfordring at ein er avhengig av samarbeid og avtale med fleire ulike reiseselskap. Det bør også lanserast ulike forslag til reiserute, stoppestader og kulturminne for reisande med kollektiv transport.

7 Formidling og produktutvikling

Informasjon bidreg til kunnskap og forståing, og er eit viktig element ved tilrettelegging av Kystpilegrimsleia. Dette vil gjere det meir interessant å ferdast her, og kan slik føre til auka bruk av leia – både av pilegrimar og andre. Målgruppa er allmenheita generelt – vaksne og born, lokalbefolkning og turistar – både pilegrimar og andre reisande og kulturhistorisk interesserte, norske og utanlandske. Informasjon bør difor føreligge på fleire språk – både informasjonsmateriell, brosjyrar og skilt. Mange av dei tilreisande vil komme med båt – både rutebåt og privat båt. Det bør difor leggst opp til informasjon ved aktuelle anløps plassar. God informasjon stimulerer til bruk. Det kan vere ein idé å utarbeide ein marknadsføringsplan med strategiar for korleis ein ønskjer å drive marknadsføringa av Kystpilegrimsleia innafor rådande ressursar.

Forslag til formidlingsopplegg har delvis teke utgangspunkt i forprosjektet «Kongevegen over Filefjell» (Kongevegen over Filefjell [...] 2011: 116-122), som innehar fleire aspekt og problemstillingar rundt formidlinga som også vil vere sentrale i Kystpilegrimsleia. Tre hovudtypar informasjonsformidling bør stå sentralt:

1. Fast informasjon langs Kystpilegrimsleia: Informasjon på anløps plassar og naturlege stoppestader langs leia.
2. Informasjon gjennom publikasjonar, m.a. brosjyrer, guidbøker og internett.
3. Informasjon gjennom opplæring: skuleverket, historielag, kyrkjelydane etc.

Skilt og informasjonstavler

Informasjonstavler og skilt bør plasserast ved alle kaianlegg for ekspressbåtar og ferjer. Dette vil vere eit viktig verkemiddel for også å få besøkande som kanskje ikkje har planlagt det til å ta turen til dei ulike kulturminna. Skilt og informasjonstavler bør også settast opp ved dei forskjellige stadene som inngår i Kystpilegrimsleia. Ferdslar må skje på kultur- og naturlandskapet sine premiss, og skilting og informasjon er også eit verkemiddel for å beskytte kulturminneverdiane ved heilagstadene.

Forprosjektet har ikkje laga ein eigen skiltmal for Kystpilegrimsleia. I eit hovudprosjekt vil det vere nødvendig å utarbeide ein heilskapleg plan for skilting og informasjonstavler langs leia, der ein vurderer både aktuelle stader for skilting og kor mykje informasjon som skal med. Det er viktig at skilt og informasjonstavler blir sett opp med forsiktighet slik at dette ikkje blir visuelt forstyrrende element i terrenget. Skiltinga bør ha estetiske kvalitetar og ein må tenke nøye gjennom plasseringa. Det vil vere naturleg å følgje den nasjonale standarden for skilting og gradering av turløyper og

aktivitetar, som t.d. toppturar, sykling, dykking, fiskeing og padling (Skilting og gradering av turløyper [...] 2011).

Det er tidlegare utvikla ein eigen logo som berre gjeld for pilegrimsleier som er godkjent av Riksantikvaren. Symbolet kan berre brukast av leier som fører til Nidaros (Prosjekt pilegrimsleden 1994-1997 [...]:19). Det vil vere naturleg å bruke denne logoen for å markere Kystpilegrimsleia, men ein bør vurdere om ein også skal ha ein tilleggslogo – som t.d. ei bølge – for å markere at dette er pilegrimsleia langs kysten. Søknad om å bruke pilegrimslogoen – både med og utan bølge – må sendast til Nasjonalt Pilegrimssenter. Dette kan først gjerast om og når Kystpilegrimsleia er blitt ei godkjent lei.

Det kan vere ønskeleg og hensiktsmessig å sette opp større informasjonstavler ved viktige anløpsplassar – med opplysningar om Kystpilegrimsleia generelt, og med kart som viser leia og dei viktigaste kulturelementa undervegs. Ved dei ulike kulturminna/heilagstadene som inngår i leia bør det settast opp mindre skilt eller informasjonstavler med kart som viser kor lang leia er og kvar på strekninga ein befinn seg. Ved viktige landetappar bør det settast opp vegvisarskilt og piler som viser kvar ein skal gå. Alle skilt bør ettersjåast kvart år, og bytast ut dersom dei er skada.

Ulike produktleverandørar bør vurderast. Det vil vere viktig å bruke skilt som ikkje korroderar eller blir øydelagt etter nokre få år. Forprosjektet har hatt kontakt med Arkeoplan (www.arkeoplan.no) ved Hans Olav Henden som har signalisert eit sterkt ønske om samarbeid med Kystpilegrimsleia.

Brosjyrar og guidebøker

I tillegg til den visuelle merkinga langs leia må av det utarbeidast informasjonsmateriell over Kystpilegrimsleia og heilagstadene/kulturminna knytt til denne. Det er viktig med brosjyrar både på norsk og andre språk. Desse må vere tilgjengelege på turistinformasjonar i nært- og meir fjerntliggande byar på både Vest- og Austlandet, på anløpsplassar, butikkar og overnattingsstader.

Det bør også vere eit prioritert mål i hovudprosjektet å utarbeidd ei utfyllande guidebok/turbok for heile Kystpilegrimsleia med gode kart og gode bilete. Dette arbeidet kan starte allereie tidleg i prosessen, men må utformast etter kvart som hovudprosjektet utviklar seg. Boka bør ta for seg strekning for strekning, og innehalde mindre artiklar om dei ulike kulturminna og heilagstadene si historie og rolle. Her kan også segn og fortellingar knytt til stadane innlemmast. Det vil samtidig vere viktig å få med aktivitetar og turar som er mulig ved dei ulike lokalitetane. I tillegg er det behov for eigne brosjyrar ved dei forskjellige kulturminna og heilagstadene. Dette bør ha eit sentralt fokus i det vidare arbeidet.

På sikt bør det også vurderast om ein skal laga ei større praktbok for Kystpilegrimsleia.

Internett og sosiale media

Innafor eit eventuelt hovudprosjekt bør det etablerast ei eiga nettside som omhandlar Kystpilegrimsleia. Det er viktig å utarbeide ein nettbasert guide for leia som tek for seg landskapet, attraksjonar, turar, aktivitetar og arrangement. Her må det vere gode kart og lett søkbar informasjon

om rutene, kulturminna, overnattingsmuligheiter og mat. Nettsida bør koplust til eksisterande databasar, der destinasjonane allereie har tilgjengeleggjort slik informasjon. Fordelen er at informasjonen då alltid er oppdatert, og koplust vidare til portalar som Visitnorway.com og Fjordnorway.com. Når ein i hovudprosjektet startar arbeidet med verdiskaping og næringsutvikling vil det såleis vere viktig å ha tett dialog både med NCE Tourism Fjord Norway og destinasjonsselskapa. Nettsida bør utviklast på fleire språk, og ho bør også linkast opp mot den eksisterande sida *Pilegrimsleden – St. Olavsvegane til Trondheim* (<http://www.pilegrim.info/>).

Kystpilegrimsleia som reisemål bør også profilerast gjennom websider som *Trip Advisor* og *Google Earth*. I tillegg til at dette er gratis, er det sider som blir brukt i stor utstrekning av reisande. Mange hentar ut informasjon herifrå før ferie. Det internasjonale internettbaserte leksikonet *Wikipedia* kan også vere eit aktuelt medium å nytte. Wikipedia har svært mange brukarar, og det vil her vere viktig å legge inn tekstar, gode bilete og linkar til aktuelle stader/kulturminne langs leia så vel som til eiga heimeside. Kystpilegrimsleia vil slik på ein lett og rimeleg måte bli marknadsført både nasjonalt og internasjonalt.

Ein anna internettbasert database der brukarane sjølv kan legge ut opplysningar er *Digitalt fortalt*. Dette er ein landsdekkande formidlingsnettstad for fortellingar knytt til kulturminne og kulturarv. Her er det mulig å legge inn tekst med illustrasjonar, video, lydfiler og animasjonar. Det er også mulig å lage nettustillingar her. Dette vil vere ein god kanal for å nå ut til dei meir historieinteresserte brukarane av Kystpilegrimsleia.

Kulturminneløypa er også eit aktuelt internettbasert prosjekt. Kulturminneløypa vart opna i Kulturminneåret 2009 og vil bli ført vidare som ei varig løysing. Her er det mulig å lage løyper mellom kulturminne både lokalt og nasjonalt, og vil slik vere svært aktuelt i forhold til Kystpilegrimsleia. Løypene kan opplevast både digitalt og i fysisk form av vandringar og turar i terrenget. Kartfestinga som prosjektet er basert på gjer det mulig å kombinere stad og kulturminne (<http://loype.kulturminnearet2009.no/kulturminneloypa>).

Under arbeidet med hovudprosjektet bør ein også vurdere å opprette ei *Facebook* side for prosjektet. Denne kan ein nytte både under prosjektida men også etterpå.

GPS og GIS-verktøy

GPS blir i dag meir og meir vanleg. Innafor hovudprosjektet bør ein difor i ein tidleg fase satse på å få lagt inn opplysningar om Kystpilegrimsleia via GPS – med kartfesting av kulturminne/heilagstader, overnatting og matsservering. Dette kan nyttast av reisande både med båt og bil, men også av folk med håndholdte GPS'ar til turbruk. I dag er det også vanleg med innebygde GPS og internettmottakarar i dei fleste nye mobiltelefonar. Opplysningar om Kystpilegrimsleia via GPS vil såleis gjere det mulig for reisande å hente inn opplysningar om leia mens dei er undervegs. Informasjon via GPS kan slik også fungere som eit trekkplaster, og få reisande til å legge vegen innom kulturminne og overnattingsstader langs leia.

Mobilguide

Eit spennande innslag for reisande langs Kystpilegrimsleia vil vere å følgje ruta med mobilguide. Ei rute der ein blir guida ved hjelp av ein applikasjon på mobilen kan gjere turen både utfordrande og spennande for besøkande i alle aldrar, men vil kanskje særleg vere ein motivasjonsfaktor for born og unge til å ta reisa. Dei fleste smarttelefonar i dag har muligheit til å laste ned applikasjonar (programvare) som kan lese QR kodar, og dermed få tilgang til informasjonen som ligg her. Ved å laste ned ein QR kode med informasjon om og kart over Kystpilegrimsleia og heilagstadene/kulturminna langs denne vil ein ved hjelp av mobilen kunne bli guida gjennom leia. På denne måten kan ein styre besøkande til aktuelle område.

Det er dessutan mulig å utvikle mobilapplikasjonar med ulik grad av avanserteheit. Såkalla spelrelaterte applikasjonar med diverse utfordringar, som spørsmål og oppgåver kombinert med belønningar til brukaren, kan verke som motivasjonsfaktor for å få besøkande til å reise langs leia. Det er også mulig å linke applikasjonen opp mot sosiale nettstader som t.d. facebook – og besøkande kan slik oppdatere sin status her. Muligheitene er altså fleire og store, og mobilapplikasjonar vil gi Kystpilegrimsleia ein auka underholdningsverdi samtidig som det vil ha stor læringseffekt på besøkande.

For å kunne utvikle mobilapplikasjonar i tilknytning til leia må ein knytte til seg folk med IT-kompetanse – både i og utanfor Noreg.

Suvenirar og pilegrimseffektar

Etableringa av Kystpilegrimsleia opnar for å utvikle souvenirar og pilegrimseffektar knytt til denne – både for å promotere leia som eit heile – men også for å reklamere for dei enkelte heilagstadene/kulturminna som inngår i leia. Dette kan t.d. vere T-skjorter, pins, plakatar, støypejernsmerker etc. Her kan det vere muligheiter for mindre lokale verksemder.

Padlande pilegrimar og utvikling av padleguidar

Noreg har ei fantastisk kystlinje, og vestlandsskjærgarden er eit flott område for padleturar med havkajak eller kano. Dette vil gi ei unik og variert naturoppleving og ein fantastisk måte å ta seg fram på langs Kystpilegrimsleia. Dei ytre delane av skjærgarden er ofte eksponert med gode muligheiter for å føle på naturkreftene (Fig. 9), mens dei indre delane av skjærgarden har rolegare farvatn å by på.

Figur 9: Padling i røft farvatn utanfor Bergen (Foto: Lars Verket)



Langs leia er det mange fantastiske friluftsområder som er eigna for rasting og telting. Padling med havkajak blir stadig meir populært, og ei utarbeiding av padleguidar og oversikt over eigna raste- og overnattingsstader vil gjere kystleia tilgjengeleg for fleire. I kajakken eller kanoen kjem ein tett på natur og dyrelivet. Padlarar kan nyte naturen, oppleve stillheita, men også vind, bølger og strømnings langs kysten. Samtidig får ein god fysisk trening. Padling er ein heilårsaktivitet med muligheter for både små og lengre turar, og det vil opne for heilt nye muligheter i pilegrimssamanheng. Padling langs pilegrimsleia kan også gjere at andre typar menneske enn den typisk vandrande pilegrimen ønskjer å ta turen (Fig. 10).

Figur 10: Den årlege padlefestivalen på Langøy Kystkultursenter i Hordaland i mai 2013 (www.padlefestivalen.no). Langøy Kystkultursenter er ein restaurert handelstad frå 1800-talet. Her er det naust, handelsbu, eige vedfyrt bakeri og ein open kafé i sommarsesongen (Foto: Lars Verket)



Padling langs kystleia som ferie- og fritidsform vil vere eit viktig berekraftig bidrag – utan utslepp, støyfritt, lite slitasje på natur og stor folkehelseeffekt. Det bør utarbeidast padleguidar for Kystpilegrimsleia – med forslag til turar for anten heile eller delar av strekninga. Ein padleguide for

heile leia frå Rogaland til Nidaros kan bidra til å generere fleire og meir detaljerte guidar for ulike område. Det vil også vere viktig å trekke fram og merke etappar på særleg utstette strekningar. Det bør vidare vurderast å legge til rette for leir/telt plassar fleire stader. Padleguidar langs Kystpilegrimsleia kan utarbeidast i bokform, men det er også viktig at forslag til padleruter, posisjonar og gode teltplassar langs leia kan lastast ned på GPS.

Ei utarbeiding av padleguidar bør vurderast som eit delprosjekt innan hovudprosjektet, men finansiert gjennom egne midlar. I det vidare arbeidet kan det vere viktig å opparbeide ei oversikt over sentrale aktørar som kan bidra til utarbeiding av padleguidar. Forprosjektet har hatt kontakt med Lars Verket, som har kartlagt og utarbeida padleguidar for Sørlandskysten, og som har signalisert eit ønske om samarbeid med Kystpilegrimsleia (Verket 2009; 2010; <http://www.homoludens.no/2013/03/13/padlepilgrim/>).

7.1 Den kulturelle skulesekken

Den kulturelle skulesekken er ei nasjonal satsing i regi av Kunnskapsdepartementet og kulturdepartementet for å få meir kunst og kultur inn i skulen, og kulturarven er eit viktig element. Den kulturelle skulesekken har vore ein del av regjeringa si kulturpolitiske satsing for grunnskulen sidan 2001, og har etter kvart blitt utvida også til vidaregåande skule. Alle elevar frå 6 til 19 år blir såleis innlemma i ordninga (<http://kulturradet.no/om-dks>). Den kulturelle skulesekken kan også vere ein potensiell arena for formidling av Kystpilegrimsleia, og bruken av kysten generelt frå forhistorisk tid til mellomalder. Fylkeskommunane skal nytte lokale og regionale kunst- og kulturressursar i arbeidet med Den kulturelle skulesekken, og det er gode muligheiter for dei ulike regionane langs leia å få til spennande opplegg med Kystpilegrimsleia og kulturminna her som tema. Arbeidet må forankrast lokalt, i den enkelte skule, kommune og fylkeskommune.

7.2 Dei lokale kyrkjelydane

Dei lokale kyrkjelydane kan vere sentrale leverandørar av kyrkjelege og andeleg handlingar for pilegrimar som måtte ønske det. Det vil vere viktig at reisande i stor grad blir møtt av opne kyrkjer – og her vil også dei lokale kyrkjelydane spele ei sentral rolle. Informasjon om kontaktpersonar bør gjerast tilgjengeleg på nett.

7.3 Forsking og utvikling

Forsking på aktuelle tema og kulturminne/heilagstader i tilknytning til Kystpilegrimsleia vil vere eit viktig element for å auke kunnskapen rundt leia og bruken av kysten. Forskingsresultat i form av tilgjengleggjering og levandegjering vil auke folk si forståing av kulturarven Kystpilegrimsleia representerer, både nasjonalt og internasjonalt. Det vil vere viktig å opprette kontakt og dialog med ulike forskingsinstitusjonar, universitet, høgskular og museum, med aktørar som kan ha interesse av å utarbeide forskingsprosjekt knytt til Kystpilegrimsleia. Det vil her vere viktig å få dei ulike institusjonane til å fange interesse for tema – og innlemma det i eige forskingsarbeid. Det vil såleis vere mulig å få til spennande prosjekt innafor dei økonomiske rammene til dei ulike forskingsinstitusjonane. Det kan t.d. vere mulig å utarbeide både mastergradsprosjekt og PhD

prosjekt – og slik innlemme aktuelle tema rundt Kystpilegrimsleia i både utdanning og forskning. Det er viktig å sikre eit godt samspel mellom ulike aktørar og FoU for å få til ei god utvikling og gode produkt.

I forprosjektet har vi hatt dialog med Institutt for arkeologi, historie, kultur og religionsvitenskap ved Universitetet i Bergen, Universitetsmuseet i Bergen, Museumssenteret i Hordaland, Sunnmøre Museum ved Volda bygdetun og Ørland Kultursenter, som alle signaliserer at forskning og formidling på ulike tema knytt til pilegrimsleia eller kulturminne langs denne kan vere aktuelle satsingsområde.

Ørland kultursenter i samarbeid med Ørland kommune og Ørland kyrkjelege fellesråd held for tida på å planlegge eit forskingsprosjekt med utgangspunkt i reformasjonen: *Reformasjonsprosjektet – Austrått 1537*. Målet er her å sette søkelys på reformasjonen både i eit nasjonalt og internasjonalt perspektiv – og prosjektet ønskjer Austrått som ein nasjonal markeringsstad for reformasjonen i Noreg. Eit slikt prosjekt kan vere med på å sette mellomalderens pilegrimstradisjon og religionshistorie inn i ein større samanheng.

Sunnmøre Museum, Universitetsmuseet i Bergen og Møre og Romsdal fylkeskommune planlegg for tida ei revitalisering av Borgundkaupangen på Møre – som også har ein sentral plass i Kystpilegrimsleia. Sunnmøre Museum skal lage ny utstilling, og i samband med dette ønskjer ein å finne ut meir om Kaupangen.

Museumssenteret i Hordaland vurderer eit utstillingsprosjekt på eit av dei verneverdige fartøya – M/S Nybakk – som kan linkast opp mot Kystpilegrimsleia. M/S Nybakk er ein kulturbåt frå Sogn og Fjordane som driv med utstillingar – både eigne og andre sine – og vil kunne fungere som ein seglande utstillingsarena (www.msnybakk.no). Prosjektet er tenkt som eit samarbeid med andre museum langs kysten – med fokus på stader og kulturminne som inngår i Kystpilegrimsleia. Her er det også mulig å få til eit opplegg der pilegrimar kan gå på som medseglarar på heile eller delar av strekninga.

Forslag til andre aktuelle forskningstema som er kome opp i forprosjektet er:

- Kartlegging og dokumentasjon av St. Olavskyrkjene i Europa. Dette kan t.d. utgjere eit master eller PhD prosjekt innafor t.d. arkeologi, religion eller kulturvitenskap.
- Kartlegging og samla framstilling av pilegrimsmerker funnet langs Kystpilegrimsleia.
- I fleire andre land, t.d. Skottland og Spania, har ein eit godt utvikla opplegg for reiseliv knytt til pilegriser. Ein studietur hit kan vere viktig for det kommande reiselivet knytt til Kystpilegrimsleia.

8 Kulturminne langs Kystpilegrimsleia

Eitt av måla med Kystpilegrimsleia er økonomisk verdiskaping gjennom å aktivere kulturminna og historia rundt dei. I forprosjektet er det difor vurdert som viktig å presentere ei første kartlegging av aktuelle kulturminne langs kystleia som ein kan og må bygge vidare på. Dette er heilt grunnleggande element som er nødvendige for å etablere ei tema- og kulturreise av denne typen. I denne første kartlegginga har vi valt å legge vekt på stader med ei spesiell eller historisk og/eller religiøs betydning, og fortrinnsvis utgjer dette stadar og kulturminne frå mellomalderen. Vi har også trekt inn den

immaterielle kulturarven, som segn, legender og historiar langs kysten. Då spesielt knytt til St. Olav og St. Sunniva. Dei stadene som er valt ut har vore eller er framleis kultstader, og fleire av dei utgjorde viktige pilegrimsmål og stoppestader i mellomalderen. Utvalet i forprosjektet er gjort på bakgrunn av diskusjonar og informasjon fått gjennom dei fylkesvise arbeidsmøta som har vore arrangert. Stadene som blir trekte fram i forprosjektet vil utgjere eit viktig fundament for vidare arbeid. Det vil her vere mulig for dei ulike regionane å knyte fleire stader opp mot Kystpilegrimsleia, og fokus innafor dei ulike fylka vil truleg variere. Det er viktig er at det ikkje er for stor avstand mellom stadene som ein vel å inkludere og fokusere på i Kystpilegrimsleia, og det bør vere eit mål at ein kan nå ein eller fleire av stadene i løpet av ei dagsreise.

Kystpilegrimsleia kan utgjere ein viktig muligheit for å få til eit generelt større fokus på kulturminne og bruken av kysten uavhengig av periode. I hovudprosjektet bør ein såleis vurdere å i større grad også gå både bakover og framover i tid. Ein bør legge vekt på å også innlemme kulturminne frå forhistorisk tid, som t.d. større gravrøyser som ligg langs seglingsleia, helleristningsfelt og andre (Fig. 11). I hovudprosjektet bør ein også arbeide vidare med å integrere nyare tids kulturminne langs kysten – som t.d. fyrstasjonane og dei gamle handelsstadene. Dette vil gi ei endå breiare og heilskapleg tilnærming til kysthistoria og farleia – og kulturminna som finst her. Det vil også bidra til å sette mellomalderens pilegrimshistorie inn i ein større historisk samanheng.

Figur 11: Gravrøys langs seglingsleia i Bremanger, Sogn og Fjordane (Foto: Eva Moberg)



Kunnskap rundt kulturminna og historia her er heilt nødvendig for å gjere dei til interessante turismål, og slik kunne aktivere stadene gjennom eit verdiskapingsprosjekt. I turistsamanheng er det

samtidig viktig å få fram opplevingsmulighetene ved dei ulike stadene. Kva finst det av aktivitetar og opplevingar som ein kan tilby besøkande der i dag? I den følgjande presentasjonen har vi difor lagt vekt på å trekke fram dei historiske aspekta ved det enkelte kulturminnet – samtidig som vi set fokus på tilbod og aktivitetar rundt dei ulike stadene. Dette er aspekt som heng saman, og som det er viktig å ha eit samla fokus på i reiselivs- og verdiskapingssamanheng.

8.1 Rogaland

Stavanger domkyrkje

Stavanger bispedøme vart oppretta i 1125, og dette medverka stil å sette fart på byutviklinga her. Domkyrkja skal seinast ha blitt påbegynt i 1128, og ho stod ferdig på midten av 1100-talet (Bjelland 2000:297). Domkyrkja i Stavanger hadde fleire relikviar. Den viktigaste var truleg armeinet av St. Svithun, og kyrkja var via til den heilage Swithun av Winchester. I 1275 gav erkebiskop Jon Raude biskopen i Stavanger rett til å utstede avlatsbrev – m.a. for å finansiere gjenoppbygginga av kyrkjekoret som brann opp i 1272. Etter brannen vart det gamle tårnet i vest erstatta av to nye tårn i austfronten (Olsen 2013:120). Skriftkjelder nemner likevel ikkje eksplisitt Stavanger som pilegrimsmål, og det er difor føreslått at Stavanger truleg har fungert som eit lokalt pilegrimsmål for folk i eit begrensa nærområde. Det er samtidig sannsynleg at langvegsfarande pilegrimar såg byen og kyrkja som eit delmål på vegen til Nidaros eller at byen og kyrkja utgjorde regionale pilegrimsmål som Bergen og Selja (Bjelland 2000:298).

Dagens tilstand og tilbod til besøkande

Domkyrkja er eit flott bygg som har vore i kontinuerleg bruk sidan ho stod ferdig på midten av 1120-talet (Fig. 12). Kyrkja har ei spesiell form ved at ho er bygd etter to stilartar. Skipet er romansk (frå 1100-talet) og koret er gotisk (frå 1200-talet). Det meste av interiøret i kyrkja frå mellomalderen forsvann under reformasjonen. Ved gjenoppbygginga etter brannen i 1272 fekk koret ein døypefont i kleberstein som blir rekna som ein av landets vakraste frå gotikken. Denne er framleis i bruk. På 1600-talet vart kyrkja utsmykka med inventar i barokk stil. Preikestolen blir rekna som ein av Noregs finaste arbeid i brusbarokk (Olsen 2013:122, 124).

Kontaktinformasjon til kyrkja er: <http://www.kirken.stavanger.no>

Figur 12: Stavanger domkyrkje



Utstein kloster

Utstein klosteret på Mosterøy i Ryfylke vart etablert som eit augustinarkloster, og var eit av mange kloster som låg tett ved kystleia. Augustinarane skulle drive utadretta diakonal verksemd – og truleg har dei husa både pilegrimar og andre reisande (Olsen 2013:125). Det er anteke at klosteret vart oppretta ca. 1270, og augustinarane ser ut til å ha overteke eit eldre kongsgardsanlegg då dei kom (Hommedal 1999:171). Nyare forskning kan likevel tyde på at klosteret vart etablert allereie på 1100-talet (Olsen 2013:125). Staden har truleg vore eit maktsentrum langt tilbake i tid.

Hamneområda ved Utstein kloster ligg svært sentralt i krysninga melom fleire sentrale leiar – den ytre og fleire indre. Dette har truleg medverka til å gjere klosteret til ein naturleg stoppestad både for pilegrimar og andre reisande langs kysten. I mellomalderen var det i stor grad den ytre leia frå Kvitsøy til Karmsundet nytta (Elvestad 2005a:20, 27).

Dagens tilstand og tilbod til besøkande

Utstein kloster er Noregs einaste fullt restaurerte mellomalderkloster (<http://www.utstein-kloster.no/>). Tre klosterfløyar er framleis bevarte, og klosteret står slik i ei særstilling når det gjeld bevaring samanlikna med bygningsrestar frå dei andre norske klostera (Hommedal 1999:156). I dag blir Utstein kloster brukt som kurs- og konferansestad. Det fungerer ikkje lenger som kloster, men gir likevel besøkande ei unik ramme for innblikk i mellomalderens klosterliv.

Klosteret er bygd ut i fleire fasar, til det kvadratiske bygningskomplekset rundt ein open klostergard. Klosterkyrkja står i nordfløyen av anlegget, og er godt bevart. Publikum har tilgang til klosterkyrkja, klostergarden, refektoriet (munkane sin spisesal), munkekjøkkenet og «herregårdsstuene». I tillegg er klosterhagen med 250 år gamle bøketre open for besøkande. Det er tilrettelagte turløyper i området, og det er også utleige av kajakkar her.

I nærleiken av klosteret er Utstein pilegrimstad etablert som eit moderne senter for stillheit, bønn, pilegrimsvandring og åndeleg rettleiing. Her ønskjer ein å vidareføre noko av den gamle bønnetradisjonen frå klosterlivet (<http://www.utsteinpilegrimsgard.no/>). Pilegrimsgarden har utarbeida ein skriftleg vandringsguide for utvalgte vandringsmål i nærmiljøet (Klosterøy, Fjøløy og Mosterøy). Pilegrimsgarden har også engasjert seg i pilegrimsverksemd i ein større samanheng, som vandringar til det etterreformatoriske valfartsmålet i Røldal og pilegrimsferd langs kystleia (Olsen 2013:127).

Utstein kloster og pilegrimsgard har lett tilkomst, og ligg berre i ca. 30 min køyreavstand frå Stavanger via Rennfast. Dette gjer Stavanger til eit godt utgangspunkt for å nå klosteret og pilegrimsgarden. Det er også gode hamneforhold her som gjer det enkelt å komme til med båt.

Steinkrossen på Kvitsøy

Nord for Jæren var Kvitsøy ofte nytta som hamn, og truleg har også pilegrimar søkt hamn her. Ein av dei største krossane vi har på Vestlandet er plassert ved Leiasundet på Kvitsøy og er synleg frå skipsleia. I følge sagatradisjonen skal det ha blitt inngått eit forlik mellom Olav Haraldsson og Erling Skjalgsson på Kvitsøy i 1016 (Birkeli 1973:160, 163). Krossen står midt i leia – kanskje for å vise sjøfarande veg til ei god hamn i eit utsett havstykke. I eldre kart blei Kvitsøy kalla for Kreuz-Eiland. Steinkrossen er smal og det er vanskeleg å sjå han på lang avstand. Dette gjeld også for dei andre steinkrossane langs Vestlandskysten, og dette gjer det noko usikkert om dei faktisk var meint som seglingsmerke. Det er føreslått at krossen på Kvitsøy kan ha fungert som ein hamnekross, og at han var retta mot sjøfolk og andre om bord på skip som låg for anker i hamna nedanfor (Elvestad 2005b:89-90). Steinkrossen kjem frå Hyllestad i Sogn (Baug 2002:86), men kva tid steinkrossen stammar frå og kven som ein gong reiste han er likevel noko usikkert.

Dagens tilstand og tilbod til besøkande

Steinkrossen på Kvitsøy ragar nesten 4 meter over bakken, og er Kvitsøy sitt mest kjente kulturminne. Krossen står like ved ruinane av St. Klemenskyrkja frå 1100-talet. Frå ferjekaien på Kvitsøy er det ca 2.5 km til steinkrossen. Kvitsøy inngår i Nordsjøløypa (North Sea Trail), og det er tilrettelagt ei turløype rundt øya som over store delar også passar for barnevogn og rullestol.

Avaldsnes

Skipsleia nordover frå Stavanger går gjennom Karmsundet, med Karmøy på babord side og Haugesund på styrbord. Avaldsnes på Karmøy ligg midt i Karmsundet, der skipsleia innaskjers er på det smalaste. Karmsundet – Nordvegen – var tidlegare hovudfartsåra til Avaldsnes. Det var også denne skipsleia – Nordvegen – som gav namn til Noreg. Avaldsnes var eit viktig maktsentrum fleire

tusen år tilbake i historia. Grunnlaget har vore kontrollen med og beskatninga av trafikken gjennom Karmsundet. Her skal det ha vore kongsgard frå Harald Hårfagre si tid, og Avaldsnes er eit av Noregs eldste kongssete. På Avaldsnes står fortsatt Olavskyrkja som kong Håkon Håkonsson bygde ca. 1250 og som stod ferdig ca 1320. Kyrkja har vore eit landemerke for sjøfararar som har reist gjennom Karmsundet de siste 750 årene (Fig. 13). Kyrkja var via til Olav den heilage (Olsen 2013:128). Ho vart skilt ut som eit kongelege kapell, noko som også gjorde at ho vart omfatta av det avlats-privilegium som var gitt til dei kongelege kapella. Kyrkja var såleis ei pilegrimskyrkje. Dette ser vi i eit paveleg privilegium frå 1308, som innebar at dei som besøkte kyrkja i dei store festdagane kunne få opptil eit års avlat (DN I, 114). Litt nord for Olavskyrkja ligg gården Salhus ved Salhusstraumen. Stadnamnet tyder på at det her var herberge for pilegrimane. Ein av dei lokale pilegrimsvegane til Karmsundet skal enno vere kjent. Denne kom austfrå og innebar båttransport over Karmsundet. Inngangen til kyrkja for pilegrimar skal ha vore gjennom ei dør på nordveggen som i dag er gjenmurt. Denne vart kalla «dei sjøfarandes dør» - kanskje fordi pilegrimane kom sjøvegen (Olsen 2013:129).

Figur 13: Avaldsnes (Foto: Margun Pettersen)



Truleg har pilegrimar frå både inn- og utland vore innom Karmøy i mellomalderen – dei fleste på veg mot Nidaros. I sjøen utafor Gløppehavn på Avaldsnes er restane av eit såkalla pilegrimshorn funnet – eit tydeleg bevis på pilegrimsaktiviteten. Hornet stammar truleg frå Aachen området i Tyskland. Mykje tyder likevel på at Avaldsnes var eit viktig lokalt pilegrimsmål for Olavskulten. Testamentet til Håkon V Magnusson nemner fleire relikviar i Olavskyrkja, utan å seie kva helgenar dei stamma frå. Fleire lokale stadnamn på Karmøy vitnar også om mellomalderens pilegrimstradisjon, t.d. Munkaskar på Torvastad (Fyllingsnes 2000:132-135).

Dagens tilstand og tilbud til besøkande

Etter reformasjonen forfall Olavskyrkja, og dagens kyrkje er resultat av mange restaureringar på 1800- og 1900-talet. Men fortsatt kan ein tydeleg sjå grunnstrukturen av mellomalderkyrkja. Mot nordmuren på skipet står Noregs høgaste bautastein, kalla Jomfru Marias synål. Etter segnet vil jorda gå under når spissen på bautasteinen kjem bort i veggen på kyrkja (Rindal og Steinsland 2001:70).

I dag er det bygd eit moderne informasjons- og opplevingssenter her, Nordvegen Historiesenter, som også fungerer som eit kurs og konferansesenter. Av omsyn til Olavskyrkja, kulturminna og det historiske landskapet, er det meste av bygget lagt under bakken. Berre fasaden mot Karmsundet og inngangspartiet er synlig.

På Bukkøy, ei lita skogkledd øy nedanfor mellomalderkyrkja er det etablert ein rekonstruksjon av ein vikinggard. Gardsanlegget består av fleire hus, og er ope for publikum om sommaren. Ein årleg vikingfestival blir heldt her i juni (<http://vikinggarden.no/>).

Avaldsnes vart valt som Rogalands tusenårsstad i året 2000.

Steinkrossen på Gard i Haugesund

Denne krossen står på ein naturleg haug på garden Gard. Med sine 3 meter over bakken er også dette ein av dei høgste steinkrossane på Vestlandet. Krossen er plassert i ca. 250 meter i luftlinje frå sjøen. Her ligg også tre forhistoriske graver på eit nes ut mot seglingsleia. Både gravhaugane og krossen er synlege frå leia, den viktigaste ferdselsåra i distriktet og innseglinga til Karmsundet (Gabrielsen 2007:191-193). Garden der krossen er plassert har truleg høyrte til kongen, og krossen kan representere ei tidleg markering av eit kristent område. Plasseringa tyder på at han var retta mot dei som reiste langs leia (Fyllingsnes 2000:79; Gabrielsen 2007:238). Også denne steinkrossen kjem mest truleg frå steinbrota i Hyllestad (Baug 2002:86).

Dagens tilstand og tilbud til besøkande

Krossen er knekt, men han er reparert med eit jernkorsett og sett opp att.

Ikkje langt frå steinkrossen finn vi også Haraldstøtta – like nord for Haugesund sentrum. Denne vart oppført i 1872 til minne om Harald Hårfagre sin siger i slaget ved Hafrsfjord i 872. Dette er det einaste riksmonumentet i Noreg, og er omkransa av 29 fylkessteinar med namn på dei gamalnorske fylka.

8.2 Hordaland

Halsnøy kloster

Halsnøy kloster ligg på øya Halsnøy i Kvinnherad kommune i Sunnhordland. Dette var eit augustinarkloster som i følgje ein yngre tradisjon skal ha blitt grunnlagt av adelsmannen Erling Skakka i 1163/64 (Robbestad 1952:42), mest sannsynleg i samband med kroninga av sonen hans, kong Magnus Erlingsson. I løpet av mellomalderen fekk Halsnøy kloster store eigedomar, og det var eit av

dei rikaste klostra i Noreg då det blei nedlagt i 1537. Etter reformasjonen vart klostereigedomane overdregne til kongen og gjekk over til å vere krongods.

Dagens tilstand og tilbod til besøkande

I 1956 kjøpte Sunnhordland Folkemuseum klostertunet med klosterruinane, hageanlegg, naust og brygge. Bygningsrestane slik dei ser ut i dag avspeglar klosteranlegget slik det må ha sett ut på 1300-talet. Det spesielle er at det er det ytre klosteranlegget som er bevart, og ikkje klosterfirkanten slik tilfellet er ved dei fleste andre klostra (Fig. 14). Klosteret blir i dag drive av Sunnhordland Museum som museum og kulturarena, og det er ope for besøk året rundt. Gjennom heile året er det ulike tilskipingar, utstillingar, konsertar og festivalar her. Det er også mulig å bli vigsla på grunnen til den gamle klosterkyrkja. Halsnøy kloster er også med i Riksantikvaren sitt ruinprosjekt (<http://www.sunnhordland.museum.no>).

Figur 14: Halsnøy kloster (Foto: Alf Tore Hommedal)



På Halsnøy er det spor etter menneskeleg aktivitet lenger tilbake i tid enn mellomalderen. Her ligg gravrøyser, langskipsnaust og ein spennande steinring, og besøkande får slik ei spennande vandring i historia frå forhistorisk tid til mellomalder.

Moster

Lengst sør i Sunnhordland ligg øygruppa Bømlo med alle sine små øyer – over 900 til saman. Nærleiken til havet og skipsleia har prega Bømlo gjennom historia, og leia mellom fastlandet og øyane var den viktigaste allfarvegen (Rindal og Steinsland 2000:68).

Mosterhamn er ei lun og god hamn i dette kystlandskapet. Dette er også ein av dei viktigaste stadene i landets kyrkjehistorie. Som nemnt fann Mostertinget der kristendommen vart vedteke stad her tidleg i 1020-åra. Ei lita kvitkalka steinkyrkje frå 1100-talet står fortsatt i Mosterhamn (Fig. 15). Alle dei tre kristningskongane kan knytast til Moster. Olav Tryggvasson skal ha gått i land på Moster i 995 og grunnlagt kyrkje her. Med seg i følget sitt hadde han prestar frå England. Steinkyrkja som i dag står på Moster stammar likevel ikkje frå Olav Tryggvasson si tid, og kven som bygde kyrkja veit vi ikkje. Håkon den gode Adelsteinsfostre stamma frå Moster på morssida – Tora Mosterstong – og kanskje har Håkon tilbragt barneåra sine på Moster. Den tredje og siste av kristningskongane, Olav Haraldsson skal som nemnt ha halde tingmøte på Moster i 1020-åra for å få utarbeida ein felles mal for den såkalla kristenretten (Rindal og Steinsland 2000:69-70).

Figur 15: Moster gamle kyrkje (Foto: Gunnbjørg Austrheim, HFK)



Dagens tilstand og tilbod til besøkande

Det einaste som er bevart av kyrkjasmellomalderutstyr er ei kyrkjeklokke frå første del av 1200-talet med eit relieff av St. Olav støypt inn. Inventaret i kyrkja er frå 1600-talet og i renessansesstil, og flotte kalkmaleri dekker store deler av veggane (Fig. 16). I 1995 feira den norske kyrkja sitt 1000 års

jubileum nettopp på Moster. I samband med dette vart det bygd hus til ei religionshistorisk utstilling: «Frå hedendom til kristendom». Her er det også forsamlingsrom og kafeteria (Rindal og Steinsland 2000:73).

Figur 16: Inne i Moster gamle kyrkje (Foto: Moster Amfi)



På øya kan tilreisande også besøke Moster Amfi, som er eit kalksteinsbrot frå mellomalderen. I dag er dette bygd om til ei friluftsscene, og kvart år i mai/juni blir historiespelet «Kristningskongane på Moster» framført her (Rindal og Steinsland 2000:74).

Mellomalderens kongsgardar

Kongs- og lendmannsgardane representerte i tidleg mellomalder viktige økonomiske og administrative knutepunkt i ein rural økonomi der jord var utgangspunktet for makt. Fleire av desse var lokaliserte ved kysten, som t.d. kongsgardane Seim, Alrekstad og Fitjar i Hordaland og Utstein og Avaldsnes i Rogaland (Iversen 2008:20-21). Utstein og Avaldsnes har vi allereie trekt fram som viktige stoppestader langs Kystpilegrimsleia, men også kongsgardane i Hordaland kan utgjere spennande stoppestader i reiselivssamanheng.

Som døme trekker vi her fram Fitjar. Sagaen omtalar Fitjar som ein av Harald Hårfagres storgardar (Iversen 2008:263). Kulturminna her, som gravhaugar og større gravrøyser, hellarar, bautasteinar og

helleristningsfelt vitnar om ein lang bruk av området, og at staden også har vore av betydning forut for Harald Hårfagre. Fitjar kan også knytast direkte til kristningskongane, og Håkon den gode fall i slaget på Fitlar i 961. Det er etablert ein kulturhistorisk tursti som går mellom dei viktigaste kulturminna på Fitjar. Her er ein innom Håkonarparken der det står ein statue av Håkon den gode som vart avduka i 1961 – 1000 år etter at kongen fall. Besøkande kan også ta turen til Rimsvarden der det ligg ei stor gravrøys frå bronsealderen ligg. I mellomalderen var det også kyrkjestad på Fitjar. Ei steinkyrkje vart bygd på 1100-talet, men reven i 1867. Arkeologiske undersøkingar tyder på at sjølve kyrkjestaden er eldren enn den kjente mellomalderkyrkja (Iversen 2008:269-270).

Lysekloster

Lysekloster var eit cisterciensarkloster som vart påbegynt rundt 1150. Munkane på Lyse kom frå Fountains i York, og har truleg teke med seg sine egne handverkarar til bygginga av klosteret (Lidén 2000:14-15). Cisterciensarklostera skulle ligge avsondra frå omverda, og dei vart difor lagt til aude stader – noko som også er tilfelle for Lysekloster (Hommedal 1999:177). Klosteret ligg i landlige omgivningar i noverande Os kommune, ca. 2 mil sør for Bergen sentrum.

Dagens tilstand og tilbod til besøkande

I dag er det berre ruinane av grunnmurane som står igjen etter klosteranlegget. Dette gir eit godt inntrykk av klosteret si grunnflate og forskjellige rom i grunnplanet, og klosterområdet framstår i dag som eit svært idyllisk område (Fig. 17).

Figur 17: Ruinane av Lysekloster (Foto: Alf Tore Hommedal)



Fana kyrkje

Fana kyrkje ligg inst i Fanafjorden, og hadde såleis ei nær geografisk beliggenheit i forhold til Kystpilegrimsleia. Sannsynlegvis har sjøvegen vore den viktigaste ferdselsvegen til kyrkja. Den gamle hamna låg ved Fanahammaren, og herifrå gjekk det ein gangsti opp mot kyrkja (Luthen 1992:127; Fana. Kyrkjestad i tusen år [...]:5, 10). Fana kyrkje blir første gong omtala 27. juli 1228 i eit paveleg vernebrev (DN II, 6), men er truleg noko eldre enn dette. Kyrkja er bygd i stein, og byggestilen tyder på at den eldste delen – skipet som er bygd i romansk stil – går tilbake til 1100-talet (Ekroll 1997:256). Koret i kyrkja er derimot bygd i gotisk stil og mest sannsynlegvis frå første del av 1200-talet (Fana. Kyrkjestad i tusen år...:4). Det er mulig at kyrkja opphavleg var bygd som ei fylkeskyrkje, dvs. ei hovudkyrkje innafor fylket, og at ho kan ha vore bygd så tidleg som 1050 (Bjelland 2000:218).

Som nemnt ovanfor var Fana kyrkje ei av kyrkjene som kong Håkon Magnusson i 1308 fekk paven sin godkjenning til å skille ut som kongeleg kapell. Kyrkja fekk dermed også tildelt avlatsprivilegium av paven saman med dei andre kongelege kapella. I eit brev frå 1308 lova pave Clement V 100 dagars avlat til alle som besøkte Den heilage krossen på Fana til bestemte tider (DN I, 114; Norske middelalder dokumenter: 242-244). Dette har truleg ført til at Fana kyrkje frå tidleg 1300-tal av var attraktiv for pilegrimar som valftarta pga. ei botshandling – kanskje først og fremst som eit lokalt pilegrimsmål.

Den heilage krossen i kyrkja – *Ecclesie sancte cruxis de Fana* – skal i følgje tradisjonen ha vore eit berømt pilegrimsmål i mellomalderen. Krossen skal ha vore godt kjent som ein undergjerande sølvkross, og i mellomalderen skal pilegrimar ha valfarta hit for å bli friske frå sjukdom (Bjelland 2000:213). Krossen skal ha vore funnet på Korsnes ved Korsfjorden. Folk som kom til Fana kyrkja for å bli friske kasta stokkar og krykkjer på Krykkjehaugen like ved kyrkja.

I tillegg til kyrkja var det også eit hospital her som skal ha stått like ved kyrkja. Det er noko usikkert når hospitalet vart grunnlagt, men dette kan ha skjedd allereie på 1100-talet. Det er også mulig at hospitalet i Fana hadde «klosterstatus», og var tilknytt johannitterordenen – ein riddarorden som var spesielt kjent for å ta hand om fattige og sjuke pilegrimar. Ordenen etablerte seg langs kjente pilegrimsvegar, og det er difor mulig at føremålet med eit johanitterhospital i Fana var å bistå dei utanlandske og langvegsfarande norske pilegrimane på veg til St. Olavs skrin. Hospitalet kan slik ha fungert som ein kvilestad for pilegrimar på veg langs kysten til Nidaros – muligvis også til Bergen og Selja. Ein slik kontakt med langvegsfarande pilegrimar førte truleg til at det etter kvart oppstod ein eigen valfartstradisjon knytt til kyrkja og sølvkrossen (Bjelland 2000:219-223, 228-230). Fana er også nemnt som pilegrimsmål i skriftlege samtidskjelder. I 1427 skriv ein tysk kjøpmann, Herman Thuneman, at han vil føreta ei reise til Fana og Einsiedeln – som er ein kjent pilegrimsstad i Sveits. Reisa blir kalla ei «skyldig reise», og truleg er det snakk om ei form for botsreise. At Fana her blir nemnt saman med eit godt etablert valfartsmål som Eindiedeln underbygger teorien om at kjelda omhandlar ei pilegrimsreise til Fana (Bjelland 2000:215).

Dagens tilstand og tilbod til besøkande

Fana kyrkje er Bergen kommune sin tusenårsstad. Dette er ei relativt stor kyrkje med ca. 450 sitteplassar. Den berømte sølvkrossen i kyrkja forsvann ved reformasjonen, og i dag er det heller ingen synlege spor etter hospitalet frå mellomalderen. Kyrkja er nyleg restaurert både innvendig og utvendig. Det er også bygd opp eit amfiteater og tilrettelagt ein kulturpark like ved kyrkja.

Bergen

Bergen var i store delar av mellomalderen landets økonomiske og politiske hovudstad og eit religiøst og kulturelt senter. Ingen andre norske byar hadde så mange kyrkjelege institusjonar som Bergen. På 1300-talet hadde byen minst 20 kyrkjer, 5 kloster, 2 kyrkjelege fattighospital og bispegard med domkapittel. Det geistlege Bergen spente frå det lokale til det internasjonale samfunn – frå det minste kyrkjesokn i Nordfjord til pavekyrkja sitt sentrum og lærdomssentra i Frankrike, Italia, England og Tyskland (Tryti 1994:23). Det store talet på kyrkjer i Bergen kan truleg forklarast med den store tilstrauminga av folk utanfrå – ikkje minst kjøpmenn og handelsfolk. Bergen blei bispeby i 1170 då bispesetet for Vestlandet vart flytta frå Selja til Bergen. Det same vart som nemnt relikviane til St. Sunniva – og ho vart rekna som byens skytshelgen. Flyttinga av St. Sunniva til Bergen gjorde nok at Sunniva-kulten vart spreidd til andre land i Norden, mellom anna til Nord-Tyskland (Olsen 2013:133-134).

Bergen var ein viktig pilegrimsby, og var i seg sjølv eit valfartsmål med sine mange kyrkje, kloster og kyrkjelege institusjonar. Byen låg sentralt ved kystleia, og her var det gode overnattingsmuligheiter. Det var også gode muligheiter for pilegrimar å få seg plass og hyre på handels- og frakteskip frå Bergen. Margaretakyrkja på Nordnes var ei valfartskyrkje. Det var truleg også Olvaskyrkja – dagens domkyrkje – i regi av sin vernehelgen. Vidare har nok pilegrimar også oppsøkt Sunnivaskrinet som vart oppbevart over høgalteret i Kristkyrkja på Holmen (Bergenshus festning) (Helle 1982:591). Eit anna viktig relikvie i Bergen var ein del av Kristi Tornekrona som Magnus Lagabøte skal ha motteke i gåve frå den franske kongen i 1274. Denne vart oppbevart i ei lite privatkyrkje på Holmen (Bergenshus festning) – Apostelkyrkja. Skriftlege samtidskjelder viser også at utanlandske pilegrimar besøkte Bergen. I 1191 fekk t.d. byen besøk av danske korsfararar på veg til Det hellige land (Luthen 1992:125, 126).

I dag er det berre tre igjen av Bergens mange mellomalderkyrkjer, Mariakirken, Domkirken (fransiskanerane si Olavskyrkje) og Korskirken. Desse er alle godt bevart og vel verdt ein stopp. Mariakirken vart bygd ein gong på 1100-talet, og ho må ha stått ferdig rundt 1180 (Fig. 18). Kong Sverre og hans hærmenn – birkebeinerane – skal ha søkt tilflukt i kyrkja då dei vart overfalt av ein bondehær i 1183 (Lidén og Magerøy 1980:9; Lidén 2000:16). Dette var ei sognekyrkje (DN I, 527), men også ei gildekyrkje. Mariagildet var knytt til kyrkja, og fram til 1300-talet var kyrkjegarden byens tingstad. Maria Gildeskåle som var lagtingstad låg rett sør for kyrkja (Lidén og Magerøy 1980:9). I dag ligg berre ruinane igjen – vi finn dei mellom Mariakirken og Bryggens Museum. I 1408 fekk dei tyske kjøpmennene på Bryggen – hanseatane – råderetten over kyrkja, og Mariakirken heldt fram med å vere ei tysk kyrkje heilt til 1766 (Lidén 2000:18).

Figur 18: Mariakirken (Foto: Ann Steindal, HFK)



Dagens domkyrkje i Bergen er via til St. Olav. Ho blir nemnt for første gong i skriftlege kjelder i 1181 – då nokre av kong Sverre sine menn skal ha søkt tilflukt i kyrkja etter eit angrep. Kyrkja vart truleg bygd som ei sognekyrkje, men allereie på 1200-talet har fransiskanermunkar overtatt kyrkja og bygd eit kloster ved sida av (Lidén og Magerøy 1983:9). Kyrkja har gjennomgått ein del endringar, og på 1600-talet vart ho utvida og fekk i grove trekk utsjånaden som vi kjenner i dag, sjølv om ho også er blitt både endra og restaurert fleire gongar – den siste gongen i 1960-åra (Lidén og Magerøy 1983:11).

Korskirken var – som det går fram av namnet – via til den heilage krossen. Kyrkja blir omtala for første gong i 1181, og må då mest sannsynleg ha stått ferdig. Igjen kan vi lese om kong Sverre sine menn som har søkt tilflukt i kyrkja etter eit angrep. Kyrkja har sidan mellomalderen gjennomgått fleire påbyggingar og endringar (Lidén og Magerøy 1983:110; Fig. 19).

Figur 19: Korskirken i Bergen (Foto: Ann Steindal, HFK)



Dagens tilstand og tilbud til besøkande

Bergen utgjer også i dag eit naturleg stoppunkt og viktig utgangspunkt for pilegrimar og turistar som reiser langs kystleia. Herifrå er det også lett å nå både kyrkje og kloster utanfor byen som utgjorde sentrale pilegrimsmål i mellomalderen. Dei tre gjenståande mellomalderkyrkjene i byen er alle verdt eit besøk i seg sjølv.

I tillegg er kongsgardsanlegget frå mellomalderen på Holmen/Bergenhuss festning verdt eit besøk. Her kan ein sjå Kristkirketomten der skrinet til St. Sunniva vart oppbevara ved høgalteret etter at det vart flytta til Bergen i 1170. I mellomalderen var dette domkyrkja i Bergen. Ho var også ei kroningskyrkje og ei kongeleg begravelseskyrkje (Lidén 2000:145). Håkonshallen og Rosenkrantzårnet som høyrde til sjølv kongsgardsanlegget på Holmen bør også besøkast. Håkonshallen vart bygd av kong Håkon Håkonsson i 1261, og utgjer i dag den største profane mellomalderbygningen i Noreg.

Rosenkrantzårnet er på si side det viktigaste renesansebygget vi har her i landet, og daterer seg til 1600-talet. Delar av årnet er likevel eldre. Dette var kastellet ved sjøen som vart bygd av kong Magnus Lagabøte i 1270-åra. Både Rosenkrantzårnet og Håkonshallen er i dag ein del av Bymuseet i Bergen, og her er det mulig for besøkande å komme inn og få omvisingar heile året gjennom (<http://www.bymuseet.no>).

Eit av dei mest kjente kulturminna frå byen er likevel Bryggen i Bergen. Det var her byens aller første busetnad voks fram. Den gamle trehusbusetnaden som står der i dag stammar frå 1700-talet, men er bygd over nedbrente restar av mellomalderbyen. Byggestilen har endra seg lite – og ein tur mellom dei gamle bygårdane på Bryggen gir besøkande eit godt inntrykk av korleis mellomalderbyen Bergen har sett ut. Bryggen representerer eit av verdas fremste kulturminner, og er på UNESCO's World

Heritage List (Fig. 20). På Bryggens Museum kan besøkende sjå dei arkeologiske funna som er grave fram frå mellomalderbyen, og Det Hanseatiske Museum gir eit godt innblikk i Hanseatane sin handel og levetilstand på Bryggen frå midten av 1200-talet av. Samla gir dette besøkande ei unik oppleving av Bryggen og Bergen frå mellomalderen til no.

Figur 20: Bryggen i Bergen (Foto: Irene Baug)



8.3 Sogn og Fjordane

Gulatingstaden

Gulatinget var ei årleg tingsamling som fann stad i Gulen frå tidleg 900-tal til ca. 1300-talet. Dette var eit av dei eldste og største tingsamlingane i Norden i mellomalderen. I byrjinga var Gulatinget truleg eit allting der alle frie menn kunne møte. Etter kvart har dette utvikla seg til eit representasjonsting der berre spesielt oppnemnde menn hadde plikt til å vere med (Helle 2001:27). På 1300-talet vart Gulatinget flytta frå Gulen til Bergen. Her heldt det fram som Gulating lagmannsrett som i dag er ein rein domstol.

Som nemnt er ikkje den eksakte plasseringa av Gulatinget kjent, men mykje tyder på at tinget var i Eivindvik der dei to steinkrossane er reist. I følgje sagatradisjonen skal Olav Haraldsson ha reist begge steinkrossane (Birkeli 1975:179), sjølv om dette må seiast å vere noko usikkert. Steinkrossane kan ha

blitt reist for å vigse tinget, og dei kan også ha blitt brukt i utandørs gudstenester før det vart bygd kyrkje på staden. Den første kyrkja i Eivindvik er nemnt i skriftkjelder i 1327 (Helle 2001:52–61). Det er i tillegg funnet ei steinblokk her – også denne er frå Hyllestad – og i dag er ho brukt som døypefont inne i kyrkja. Den opphavlege bruken er ikkje kjent, men ho kan ha blitt brukt som behaldar for det heilage vatnet (Helle 2001:59). Ein av steinkrossane er plassert ved hovudinngangen til kyrkjegarden. Dette er ein keltisk kross med rette armar og avrunda armholer. Den andre steinkrossen er plassert eit stykke opp i ein bakke som no kallast krossteigen. Dette er ein slankare kross med store, runde harmoniske bogar mellom armene. Det er hogd ut ein mindre latinsk kross i relieff på framsida. Nedanfor den angliske krossen er det ein slak terrasserygg mellom aust og vest. Denne kan ha fungert som tingvoll. Her ville ein lett kunne sjå og høyre talarar som stod oppe i bakken ved den angliske krossen (Helle 2001:57). Under krossen er det ei oppkomme med friskt vatn – ei Olavskjelde.

Dagens tilstand og tilbod til besøkande

I dag er det berre ein av steinkrossane som fortsatt står – det er krossen som står ved Krossteigen. Steinkrossen som stod utanfor hovudinngangen til kyrkjegarden er knekt, og berre stammen står att. Denne krossen kjem mest sannsynleg til å bli restaurert, og vil komme opp att. Som nemnt kjem begge desse krossane frå steinbrota i Hyllestad, og på stammen av den no knekte krossen er det hoggespor etter uttak av kvernstein (Baug 2002:69).


Den noverande kyrkja i Eivindvik er ei langkyrkje frå 1863. Truleg stod mellomalderkyrkja på same staden som denne (Helle 2001:56).

I dag er det laga til ein moderne Gulatingstad i Gulen som er valt ut som tusenårsstad for Sogn og Fjordane og Gulen kommune. I eit flott parkområde er det reist monumentale kunstverk av skulptøren Bård Breivik. Besøkande kan sjå desse majestetiske installasjonane, og kunstverka «Tingveggen», Tinghelle» og «Eldsirkelen» skal minne om den innverknaden Gulatinget har hatt for Noreg som nasjon. Skulpturane er supplert av individuelle skulpturar plassert i landskapet som skal symbolisere tingmenn (<http://www.gulatinget.no/>).

Steinkrossen i Korssund

Steinkrossen i Korssund er 3.85 meter høg. Han er plassert ved eit smalt sund, og han kan ha fungert som eit seglingsmerke gjennom den indre leia (Gabrielsen 2007:195-196; Fig. 21). Det er likevel noko usikkert om krossane var eigna som seglingsmerke (jf. diskusjonen ovanfor). Også denne steinkrossen vart ein gong produsert i Hyllestad (Baug 2002:86).

Figur 21: Steinkrossen i Korssund (Foto: Irene Baug)



Dagens tilstand og tilbod til besøkande

Krossen står ca. 11 meter over havet. Han er i dag svakt hellande. Ingen andre synlege kulturminne er registrert i nærleiken. Korssund er også ein gamal gjestgivarstad. I dag er det butikk, gjestehamn og campingplass her. Det er også merka turstiar i området.

Steinkrossbrotet i Hyllestad og Hyllestad gamle kyrkjegard

I Hyllestad finn vi eit av landets største produksjonsområde for kvernsteinar. Utvinninga her går tilbake til tidleg vikingtid, ca. 700-800-talet. Produksjonen av kvernsteinar heldt fram gjennom heile mellomalderen og inn i nyare tid. Dei siste steinane vart hogd i 1930 (Baug 2002). Det var ikkje berre kvernsteinar som vart utvunne i Hyllestad. Brota her har også vore ein stor og viktig produksjonsplass for steinkrossar, og fleire av steinkrossane langs Vestlandskysten og seglingsleia kjem frå Hyllestad. Under arkeologiske utgravingar av eit av steinbrota i Hyllestad er det funnet restar av til saman sju steinkrossar (Baug in prep.; Fig. 21). Dette er det einaste steinbrotet i landet der denne type produksjon er dokumentert, og representerer slik eit svært spesielt kulturminne. Sett i forhold til dei mange steinkrossane langs seglingsleia vil eit besøk til Hyllestad kunne gi større forståing for steinkrossane som kulturminne. Steinbrota – inkludert brotet der steinkrossar er produsert – er nominerte til UNESCO si verdsarvliste (<http://whc.unesco.org/en/tentativelists/5577/>). Fleire av brota ligg i nærleiken av fjorden og utskipingsplassane her (Fig. 22).

Figur 22: Steinbrot med produksjon av steinkrossar og kvernsteinar. Kanskje kjem fleire av steinkrossane langs Vestlandskysten frå nettopp dette steinbrotet (Foto: Kim Söderstrøm & Jørgen Magnus©Riksantikvaren)



Figur 23: Steinbrot med produksjon av kvernsteinar heilt nede i fjæresteinane (Foto: Kim Söderström & Jørgen Magnus@Riksantikvaren)



Nokre få kilometer frå steinkrossbrotet ligg Hyllestad gamle kyrkjegard frå mellomalderen. Kyrkja er i dag reven, men i kvart av dei fire hjørna på kyrkjegarden står det ein liten steinkross – såkalla kyrkjegardskrossar. Dette er ein anna type steinkross enn dei store frittstående steinkrossane som er nemnde tidlegare. Desse krossane var mindre, og muligvis representerer dei også ein andre generasjonsfase av steinkrossar. Truleg vart dei sett opp i samband med innviing av kyrkjegarden (Baug in prep.; Fig. 24).

Figur 24: Ein av dei fire steinkrossane ved Hyllestad gamle kyrkjegard (Foto: Irene Baug)



Dagens tilstand og tilbod til besøkande

Steinbrotet der ein produksjon av steinkrossar er dokumentert ligg like vel Kvernsteinsparken i Hyllestad, eit område i produksjonslandskapet som er tilrettelagt for besøkande med stiar og informasjon. Herifrå er det også gåavstand til Hyllestad gamle kyrkjegard.

I Hyllestad er det utarbeida forslag til ei turløype som inkluderer steinbrot og steinkrossar på ein fin måte. For besøkande som kjem med ekspressbåt eller buss til Rysjedalsvika er det mulig å gå eller sykle til Hyllestad og herifrå vidare til Korssund. Forslag til løype:

1. Rysjedalsvika – Indrefjorden – Kolgrov – Hyllestad = 10 km
2. Hyllestad – Ulvika = 12 km (på vegen passerer ein Hyllestad gamle kyrkjegard med steinkrossane)
3. Ulvika – Rutlekvia – Bjørnestad = 7 km
4. Bjørnestad – Korssund og steinkrossen her – langs veg = 17 km
5. Alternativt båt: Bjørnestad – Korssund og steinkrossen = 10 km

Kinn

Øya Kinn ligg lengst vest i havet i Sunnfjord med det kjente seiglingsmerket Kinnaklova (Fig. 25), og er som Selja knytt til Seljumannakulten. Då St. Sunniva rømte over havet frå Irland skal ein del av følgjet hennar ha stranda på Kinn. Borgni, systra til Synniva var ein av dei som skal ha drive i land på Kinn med fylgjet sitt. Ho skal ha budd i hellaren over kyrkja – som har fått namn etter ho - Bornihellaren (Dahlberg 2012:26). I følgje Olav Tryggvassons saga vart Seljumennene dyrka slik som St. Sunniva på Selja (Soga om Olav Tryggvassonn: 78). Kinn vart truleg etablert som pilegrimsmål

samtidig med Selja, ein gong på 1000-talet. Pilegrimar besøkte sannsynlegvis øya i samband med valfart til Selja og Nidaros (Bjelland 2000:177). Men i motsetning til Selja fanst det ikkje noko kloster på Kinn som kunne bidra til å holde kulten oppe, sjølv om det på 1100-talet vart bygd ei steinkyrkje her. Truleg vart det ein nedgang i kulten i seinmellomalderen.

Figur 25: Kinnaklova i sett frå Kinn kyrkje (Foto: Kari Leine Balog)



Dagens tilstand og tilbod til besøkande

Kyrkja på Kinn er frå 1100-talet og er den eldste i Nordfjord. Ho er bygd i romansk stil og truleg reist i to byggetrinn. Over hovudalteret i koret ligg det ei steinplate som dekker heile alteret. Her er det eit hol med eit lite marmorstykke som lokk. I holrommet under lokket skal relikviar ha blitt oppbevara. Det er likevel ikkje kjent kva relikviar denne kyrkja hadde. Det mest verdfulle interiøret frå mellomalderen er likevel det såkalla lektoriet. Det er eit galleri av tre tvers over skipet framme ved korbuen som skal framstille dommedag. Berre dei som hadde ein funksjon under gudstenesta kunne nytte lektoriet, m.a. for å komme med kunngjeringar og lese bibeltekstar (Olsen 2013:140).

Kinn kan altså ha vore ein stoppestad for pilegrimar på veg både til Selja og Nidaros. I forhold til ferdseilen langs kysten var truleg Kinn sentralt plassert (Dahlberg 2012:89). I kyrkja ligg det delar av ein sundslegen steinkross som visstnok skal ha blitt funnet under kyrkjegolv. Krossen står i dag i ein

av alternisjane i kyrkja. Også denne steinkrossen vart ein gong hoggen i steinbrota i Hyllestad (Baug 2002:86).

Kinnaspelet er ei årleg framføring som vert arrangert ved den gamle kyrkja på Kinn. Sidan premieren i 1985 har rundt 85000 personar sett Kinnaspelet (<http://www.kinnaspelet.no/>).

Svanøy kyrkje og steinkross

Svanøy kyrkje hadde status som fjordungkyrkje i mellomalderen, og var plassert innafor det gamle Firdafylket. Fjordung refererer til ein fjerdedel av fylket, og er nemnd i dei eldste delane av Gulatingslova, og kan daterast tilbake til tidleg mellomalder. Den verdslege inndelinga i fjordungar innafor Gulatinglagen – området der Gulatingslova gjaldt – fell mest sannsynleg saman med den geistlege fjordungen kjent innafor Bergen bispedøme i mellomalderen (Helle 2001:77–78). Fjordungen var truleg den viktigaste geistlege og verdslege organisasjonseininga. Fjordungkyrkjene var viktige knutepunkt innafor bispedømet, og var viktige for kommunikasjonen mellom sentrale og perifere delar av bispedømet. Dei utgjorde m.a. knutepunkt innafor eit kyrkjeleg veitslesystem der store mengder varer vart samla inn før vidare distribusjon til Bergen (Tryti 1994:34–36).

På kyrkjegarden på Svanøy står det ein ca. 2 meter høg steinkross med runeinnskrift: *'þórðr lét reisa kross þenna ept (ir..')* som er oversett til *Thur lot reise denne krossen etter....* Runeinnskifta – og dermed også steinkrossen – er datert til byrjinga av 1000-talet (NIyR IV: 223; Johnsen 1968:203). Dette er samtidig med runeinnskifta på ein steinkross i Stavanger – der inskripsjonen truleg refererer til Erling Skjalgsson († 1028) (Liestøl 1954:75). Denne krossen står i dag utstilt i Stavanger Museum. Innskriftene kan altså tyde på at i alle fall krossen på Svanøy og krossen i Stavanger går tilbake til tida rundt 1000-talet og innføringa av kristendommen. Å bruke runer som dateringsgrunnlag åleine blir likevel sett som noko usikkert (Hagland 1998:10–11), og bør brukast med varsemd.

Vi veit ikkje kven Thur som blir nemnt på Svanøykrossen var, men muligens var dette ein bonde eller stormann. Garden Svanøy (Bru) tilhørde biskopen i Bergen på 1400-talet (DN XVI 303), men eigaren av garden før biskopen er ukjent. Det er mulig at fjordungkyrkjene vart bygde som eit felles tiltak innafor bygda, men etter kongeleg initiativ. Dette gjer det også mulig at krossen kan ha blitt reist som eit felles tiltak for folk innafor fjordungen, men kanskje denne også etter kongeleg initiativ (Gabrielsen 2007:242). Steinkrossen er produsert i Hyllestad (Baug 2002:86). Steinkrossen skal i følgje tradisjonen tidlegare ha stått på Brandsøy – men utan nærare angivelse av staden. Men truleg stod han då nærare kystleia. Det er heller ikkje oppgitt når krossen skal ha blitt flytta til kyrkjegarden der han står i dag (Gabrielsen 2007:197).

Dagens tilstand og tilbod til besøkande

Mellomalderkyrkja vart truleg reven rundt midten av 1600-talet, og ei ny kyrkje vart bygd. Denne andre kyrkja vart reven i 1872 (Gabrielsen 2007:197). Steinkrossen står fortsatt plassert i den austre delen av den gamle kyrkjegarden.

Vilnes kyrkje og steinkross

Garden Vilnes ligg på øya Atløy i Askvoll kommune. Her står det ei trekyrkje frå 1647 (<http://www.kirkesok.no/kirker/Vilnes-kyrkje>). Ein 1.10 meter høg steinkross frå Hyllestad står også på kyrkjegarden (Baug 2002:86). I følgje tradisjonen skal krossen stå på gravstaden til Atle Jarl. Om dette stemmer er usikkert, men krossen er truleg eldre enn kyrkja. Krossen har vor høgare, men stammen er knekt, og den nedste delen manglar. Utanom steinkrossen står det også tre bautasteinar på kyrkjestaden. På garden er det også registrert to gravrøyser, men desse ligg utanfor sjølve kyrkjegarden. Det er dermed ein svak forbindelse til ein tidlegare heidensk kult på staden (Gabrielsen 2007:204-205).

Atløy blir nemnt i saga om Olav den heilage, og kan slik knytast til helgenkongen. Olav skal ha komme med to handelsskip frå England då han fekk vite at Håkon jarl, ein av sønene til Eirik Blodøks, var i Sogn. Olav styrde skipa sine inn i Sauesundet på austsida av Atløy og la skipa der – eitt på kvar side i sundet med ei trosse mellom dei. Håkon jarl skal ha rodd inn i sundet med eit langskip med fullt mannskap – i den tru at skipa som låg der var fredlege. Olav og mennene hans drog tauet midt under kjølen på langskipet slik at det kantra. Dette resulterte i at Olav og følgjet hans greidde å fange Håkon jarl og mennene hans. Olav skal ha bedt jarlen gjere eid på at han skulle reise ut av landet, og aldri meir legge opp til ufred med Olav (Soga om Olav den heilage: 22-23).

Dagens tilstand og tilbod til besøkande

Kyrkja frå 1600-talet har langplan og 130 sitteplassar. Den knekte steinkrossen ragar i dag ikkje stort høgare enn gravsteinane på kyrkjegarden, men er vel verdt eit besøk. Gravrøyseane på øya i tillegg til nokre bautasteinar og eit helleristningsfelt og med båtristningar vitnar om bruk av øya også i forhistorisk tid.

Selja

I følgje legenda var St. Sunniva ei from irsk prinsesse som rømte saman med følgjet sitt for å sleppe unna ekteskap med ein heidning. Dei reiste av garde utan segl og årer, og båtane dreiv i land ved Norskekysten – på dei to øyene Selja i Nordfjord og Kinn i Sunnfjord ca. 970. Her slo dei seg ned, og alt gjekk fint inntil lokalbefolkninga som hadde sauene sine på Selja beskyldte dei for tjuveri. Håkon Ladejarl og hans menn reiste for å undersøke dette. Då gøymte Sunniva og følgjet hennar seg i ei hule i fjellet. Steinblokker rasa ned og sperra inngangen til hola. Sunniva og mennene hennar vart først funne då Olav Tryggvasson reiste til Selja for å undersøke eit overnaturlig lys som var blitt observert over øya. I følgje legenda fann dei «velluktande knoklar» og Sunnivas legeme uskadd. Sunniva legenda blir nemnt i både latinske og norrøne kjelder (Bjelland 2000:151-153).

Selja var openbart ein veileigna stoppestad for sjøfarande pilegrimar som skulle til Nidaros. Og for pilegrimane som skulle til Nidaros 29. juli passa det fint å få med seg Seljumannamesse på Selja 8. juli. Leivningane til St. Sunniva vart som nemnt flytta til Bergen i 1170, og ho vart då rekna som Bergen sin skytshelgen. Relikviane etter Seljumennene – altså fylgjet til Sunniva – vart verande på Selja, og danna grunnlaget for kultstaden vidare utover i mellomalderen (Hommedal 1995:80). Sunniva-kulten fekk si hovudforankring i Bergen, mens seljumannakulten fortsatte å ha hovudbasen på Selja.

Dyrkinga av St. Sunniva var truleg i utgangspunktet av lokal karakter sentrert til områda nær Selja. Som eit ledd i opprustinga av bispesetet i Bergen vart Sunniva på biskopen sitt initiativ framheva som helgen med høg status i forkant av flyttinga til byen i 1170 (Bjelland 2000:162). Men sjølv om eit samla kjeldemateriale tyder på at Selja har vore eit viktig valfartsmål i mellomalderen, er det få samtidige skriftkjelder som nemner pilegrimsreiser til øya.

På byrjinga av 1100-talet vart det grunnlagt eit benediktinarkloster her – truleg det første klosteret i landet (Hommedal 1995:79-81; Fig. 26).

Figur 26: Selja kloster (Foto: Lars Verket)



Dagens tilstand og tilbod til besøkande

På øya Selja ved Stad kan besøkande sjå to grupper med ruinar. Ruinane knytt til helgen- og valfartsstaden ligg ca. 50-60 moh. Her ligg den store steinterrassen frå 1100-talet som truleg utgjorde samlingsstad for pilegrimane på dei store festdagane, særleg Seljumannamesse 8. juli som i seinmellomalderen var ein av dei største festdagane i året. Dette er eit imponerande byggverk, og fortel noko om kor viktig Selja var som valfartsmål. Her ligg også ruinane av den romanske Sunnivakyrkja som truleg også vart oppført på 1100-talet. Rett bak denne ligg Sunnivahellaren med Sunnivahola som i mellomalderen fungerte som eit eige kapell (Fig. 27). Det var også på Selja at Vestlandet sitt første bispesete vart oppretta i 1068.

Sunnivaleia er allereie etablert som ei moderne pilegrimslei mellom dei to øyane Selja og Kinn (<http://www.pilegrim.info/artikkel.aspx?id=4005538>). Kvart år blir det arrangert pilegrimsvandring

mellom dei to øyane. Ferda tek ca. ei veke, og går langs kysten frå Florø til Kinn og vidare over Bremangerlandet til Rugsund og via Vågsøy til Selja. På dei organiserte turane er det med både prest og naturguide. Denne moderne pilegrimsruta inneberer vandring til fots – opptil 25 km kvar dag – og transport med rutebåt. Vandringa blir avslutta med seljumannamesse – gudsteneste – i klosterruinane på Selja. Det vil vere naturleg å knytte denne opp mot Kystpilegrimsleia.

Figure 27: Utsikt frå Sunnivahellaren (Foto: Kari Leine Barlog)



Den andre gruppa med ruinar omfattar restane av benediktinarklosteret på sletta nedanfor helgenstaden. Litt sør for klosteranlegget – utanfor sjølve kvadraturen – er der restar av tre steinbygningar – der den eine truleg vore klosteret sitt herberge, der pilegrimane overnatta (Hommedal 1995:79-81; Fig. 28).

Litt lenger nord i Selje kommune – på Stadtlandet – blir Dragseidspelet sett opp. Dette er eit historisk friluftsspel som tek utgangspunkt i Kong Olav Trygvasson sin kristningsprosess av Noreg (<http://www.dragseidspelet.no>).

Figur 28: Pilegrimsvandring til Selja kloster (Foto: Kari Leine Barlog)



8.4 Møre og Romsdal

St. Jetmund kyrkje

St. Jetmund kyrkje er ei romansk steinkyrkje frå omkring 1150 i Vanylven kommune (Fig. 29). Som det går fram av namnet var kyrkje via til den engelske helgenkongen St. Edmund. Han var ein engelsk konge som leid martyrdøden på 900-talet – han vart drepen av vikingar. Ei segn fortel at den engelske helgenen St. Edmund grunnla den første kyrkje på Åheim. Han skal ha komme gåande og lagt seg til å sove på ein stein der han etterpå gjekk i gang med å bygge kyrkje. Steinen har i ettertid har fått namnet Jetmundsteinen

(<http://www.vanylven.kommune.no/Modules/article.aspx?ObjectType=Article&Article.ID=870&Category.ID=973>).

Figur 29: St. Jetmund kyrkje (Foto: Bjørn Ringstad)



Det er antekje at lokaliseringa av kyrkja må sjåast i samanheng med nærleiken til Sunnivaklosteret på Selja. Tradisjonen vil ha det til at pilgrimar på veg til Selja gjekk via Jetmundsteinen til Jentmundkyrkja. Dette var ei sognekyrkje for Vanylven prestegjeld heilt fram til 1863 då ho vart reven og erstatta av ei ny og større kyrkje lenger ute i fjorden. Stein frå kyrkja vart nytta til byggemateriale på hus rundt om i bygda, og berre stein frå grunnuren stod att. Kyrkja kan også ha fungert som sognekyrkje for nordsida av Stadlandet – særleg ved dårleg vær.

Dagens tilstand og tilbod til besøkande

Arbeidet med å gjenreise kyrkja tok til på 1930-talet. Bygningsstein vart samla inn frå gardane i området, og kyrkja vart bygd etter skisser frå før rivinga (<http://www.vanylven.kommune.no/Modules/article.aspx?ObjectType=Article&Article.ID=870&Category.ID=973>). Det er tilrettelagt ein fin tursti over Mannseidet – dvs. frå Vannylven og over mot Selje. Denne ruta kan utgjere ein fin landetappe for pilegrimmar som ønskjer å vandre delar av Kystpilegrimsleia til fots.

Det er også mulig å besøke Norsk Olivinsenter som har lokale på Thue gamle skule på Åheim. Dette området har ein av verdas største førekomstar av mineralet olivin, og her er det mulig for besøkande å prøve seg som skattegravarar og leite etter dei fine steinane som skjuler seg under grusen.

Herøy og Flåværleia

Øya Herøy ligg i Flåværleia – midt i den gamle skipsleia. Dette var den første viktige hamna nord for Stadt, og her var det tingstad og kyrkjestad i mellomalderen. Det har stått to kyrkjer på øya. I

mellomalderen – truleg på 1100-talet – vart det bygd ei steinkyrkje i romansk stil på det austlege neset på øya. Kyrkja stod på det høgaste platået, og var godt synleg frå skipsleia. Ho vart etter kvart for lita, og i 1859 vart ho reven. I dag ligg berre ruinane igjen. Same året som mellomalderkyrkja vart reven, vart det bygd ei ny og større kyrkje i lafta tømmer. Stein frå den første kyrkja vart gjenbrukt i grunnmuren på nye kyrkja og til ein ny steingard rundt gravplassen. Den nye kyrkja stod fram til 1916. Då vart også ho reven og flytta til Fosnavåg. (Thorseth 1993:6-7; <http://www.heroykystmuseum.no>).

På 1700-1800-talet voks det fram ein handelsstad på Herøy, og både rutebåtar og postgang var innom øya. Mellom anna var sildefisket viktig for handelstaden her. Handelen blomstra i 150 år, fram til trekyrkja vart riven i 1916 (Thorseth 1993:7).

Flåværleia har vore og er fortsatt ei viktig lei nord for Stadlandet mot Ålesund. *Prosjekt Flåværleia* omfattar delar av Sande, Herøy og Ulstein kommune, og i området definert som Flåværleia ligg Herøy sentralt. Leia leidar også inn mot Borgund. Prosjektet er ein del av felles handlingsplan for kystkultur 2011-2014, og det er del av Kystverket sin Landvernsplan for maritim infrastruktur. Målet er at prosjektet skal bidra til auka kunnskap interesse og engasjement for kystens kulturhistorie og kulturminne. Hamner og navigasjonsinnretningar skal synleggjerast og formidlast i samanheng. Prosjektet inngår i Kystverkemuseenes fellessatsing www.kystreise.no. Her vil kulturhistorisk materiale og fortellingar bli presentert på digitale plattformer i ei brukarvennleg nettbasert teneste. Det vil vere viktig og naturleg at Flåværleia knytast opp mot Kystpilegrimsleia.

I Flåværleia ligg også Borgarøya. Her er det registrert fleire steinbrot, m.a. i marmor – kanskje med uttak av bygningsstein til kyrkjer. Så langt føreligg det ikkje datering på steinbrota, og det er heller ikkje kjent kvar steinen vart distribuert (Frode Pilskog, pers.med. 29.05.13). Borgarøya og steinbrota her kan utgjere ein interessann og spennande stoppestad for reisande langs Kystpilegrimsleia og Flåværleia.

Dagens tilstand og tilbod til besøkande

I 1976 opna ei bru over til Herøy. Dette gjer at ein i dag kan ta seg til øya både med båt og bil. Besøkande kan enno sjå ruinane av dei to kyrkjene som ein gong låg på øya. På Herøy ligg også Herøy kystmuseum, som er ein del av Stiftinga Sunnmøre Museum. Det er den gamle handelsstaden frå 1800-talet med ulike bygningar, interiør, fiskereiskapar og båtar som utgjer Herøy Kystmuseum (Fig. 30). Museet er ein viktig formidlar av øya si historie. Samtidig er det også ein viktig bidragsytar innan handlingsboren kunnskap med vekt på dokumentasjon, registrering, nybygging og restaurering av klinkbygde småbåtar og grindbygg. Her er det dessutan mulig for besøkande å leige både lokale og båtar (<http://www.heroykystmuseum.no/>).

Figur 30: Herøy kystmuseum (Foto: Bjørn Ringstad)



Herøyspelet er eit årleg historisk spel som finn stad i juni. Herøy Amfi er bygd spesielt til dette spelet. Her er det sitteplassar til om lag 1000 personar (Fig. 31). I amfiet finn ein også hus som er bygde i «vikingstil». Desse rammer inn amfiet på ein måte som gjer at publikum får ei kjensle av å sitte midt i vikinglandsbyen. Det er også tilrettelagt for at rullestolbrukarar og andre med rørslehemming skal kunne ta seg fram til amfiet (<http://www.heroy-spelet.no/>).

Figur 31: Herøyspelet (Foto: Bjørn Ringstad)



Giske

I havet utanfor Ålesund ligg øya Giske. Her hadde den mektige Giske-ætta sete i mellomalderen, ei stormannsætt som stod kongemakta nær. Giske-ætta hadde også tette band til Borgund, og heldt ei vernande hand over byen.

På sørsida av øya ligg den einaste noverande kyrkja i Noreg som er bygd berre av marmor. Giske kyrkje er ei langkyrkje i romansk stil frå midten av 1100-talet (Fig. 32). Kapellet har truleg blitt reist som ei høgendeskyrkje, det vil seie ei privat kyrkje som stormannen på Giske sette opp på garden sin (Rindal og Steinsland 2001:129). Kyrkja var såleis truleg eit gardskapell for Giske-ætta. Den 11. juni 1345 gav pave Klemens 6. eit avlatsbrev til kapellet på Giske. Her kjem det også fram at vernehelgenane for kapellet var jomfru Maria og evangelistane Johannes og Nikolas. I pavebrevet blir det gitt 100 dagars avlat for begåtte synder til dei som besøkte kyrkja på dagane til helgenane som kyrkja var vigd til (DN I, 294). Dette avlatsbrevet gjorde dermed kyrkja på Giske til ei pilegrimskyrkje frå midten av 1300-talet av.

Figur 32: Giske kyrkje (Foto: Bjørn Ringstad)



Dagens tilstand og tilbod til besøkande

Giske kyrkje har ca. 130 plassar. I kapellet hang det ei krossfestingsgruppe frå 1200-talet som no blir oppbevara Universitetsmuseet i Bergen (Rindal og Steinsland 2001:129). Kyrkja forfall etter reformasjonen, og stod som ein ruin i fleire tiår. Ho vart renoverert på 1700-talet, og delar av interiøret, t.d. altertavla, skriv seg frå denne perioden.

Giskespelet er ei lokal teaterførestilling med historisk innhald som gjennom fleire år er oppført annankvar sommar på øya Giske. Førestillinga føregår utandørs.

Kvart år blir det arrangert ein gratis ein-dags-festival på Giske med både norske og internasjonale artistar. Publikum blir oppfordra til å ta med seg mat som blir laga til i eit mattelt der alle kan forsyne seg av det dei vil.

Borgund

Borgund var eit urbant senter lokalisert på ei halvøy i Sunnmøre – og kan gjerne skildrast som byen i havlandet. Staden har truleg starta som ein sesongmessig marknadsplass, men spor av tettare og permanent busetnad finn ein frå ca. 1000-talet (Larsen 2008:54). Det var truleg kongemakta som stod bak den tidlege kyrkjebygginga i Borgund. Staden fungerte som urbant senter fram til omkring 1500-talet då byen blir forlatt (Lossius 1977:10, 36, 49; Helle 2006:49, 61). Borgund ligg sentralt i fjordsystemet – og har utgjort ein sentral stad langs leia. På 1100-talet utgjorde staden det største kyrkjelege senteret mellom Bergen og Nidaros. Det skal ha stått fire marmorkledde steinkyrkjer her i mellomalderen: Peterskyrkja, Margretakyrkja, Mattiaskyrkja og Kristikyrkja. I dag er det berre

Peterskyrkja som står igjen – i dag kalla Borgundkyrkja. Ein kan framleis sjå spora av dei andre kyrkjene – og steinar frå den eine – Margarethakyrkja – vart brukt til å bygge på Borgundkyrkja i første halvdel av 1600-talet.

Dagens tilstand og tilbod til besøkande

Borgund høyrer innunder Sunnmøre Museum, og på museumsområdet er Middelaldermusset, som ligg midt i det gamle historiske området, bygd over tufter frå Borgundkaupangen. Her er arkeologiske funn frå utgravingane stilt ut.


Museet har ulike båtar til leige – færingar av ulik storleik. Desse kan besøkande leige i perioden 1. juni til 31. august. I vår og sommarmånadane er det også mulig å bestille ein tur med vikingskipet Borgundknarren, som er ein kopi av ein original knarr frå vikingtid som vart funne i Danmark i 1962. Om sommaren går det turar med knarren der besøkande kan løyse billett og vere med (<http://www.borgundgavlen.no/#cid=1>).

Borgundkyrkja er ei relativt stor korskyrkje i stein med plass til 850 menneske. Kyrkja stod truleg ferdig før 1150, men ho vart utvida i 1630 årå, i 1830-åra og ho er i dag delvis ombygd etter ein brann i 1904. Inventaret med rike utskjæringar er forsøkt holdt i gamal stil.


Veøy

Veøy er ei øy som ligg midt i det gamle Raumsdalafylket, og i mellomalderen var øya ein viktig kyrkje- og kjøpstad. Øya har ei sentral plassering midt i fjorden med gode hamneforhold (Fig. 33). Ho låg svært sentralt i forhold til ferdsel langs kysten og kontaktar mellom det indre fjordsystemet og det ytre kystområdet i Romsdal. Det er litt omdiskutert kor mange kyrkjer som var på øya i mellomalderen, og i dag er det berre ei kyrkje igjen. Dette er ei romansk steinkyrkje som truleg vart påbegynt rundt midten av 1100-talet, og sannsynlegvis er dette kyrkja som i mellomalderen var dedisert til St. Peter (Brendalsmo 2008:48; Stige 2008:75; Fig. 34). Dette var truleg allereie den gong ei fylkeskyrkje slik som ho var i seinmellomalder. Nyare utgravingar har avdekka spor av to trekyrkjer med kyrkjegardar og kristne graver som kan gå tilbake til 900-talet. Den eldste kyrkja er sett i samband med Håkon den gode sitt kristningsforsøk og kyrkjebygging på Møre (Solli 2008:20).

Figur 33: Veøy (Foto: Øyvind Leren)



Figur 34: Veøy kyrkje (Foto: Bjørn Ringstad)



Namnet *Veøy* blir gjerne tolka som møteplass for førkristen kultus (norrøn vé – heilag stad, blotstad). Men truleg har den eller dei som kontrollerte øya konvertert til kristendommen allereie omring 950. Øya vart truleg kontrollert av ein stormannsfamilie med sterke band til det ekspanderande rikskongedøme og misjonskongane Håkon den gode og Olav Tryggvasson (Solli 2008:27). Det er likevel først ut på 1100-talet at *Veøy* nådde eit beskjedent bynivå i samtidas auge. *Veøy* hadde truleg nær økonomisk kontakt med Bergen, og har sannsynlegvis fungert som oppsamlingsstad for varer som skulle dit, og avsetningsstad for varer som kom derifrå (Helle 2006:49, 71). Øya var eit økonomisk, rettsleg og kyrkjeleg sentrum i mellomalderen, og kanskje kan det ha budd så mange som 300 menneske i kaupangen. Fylkestinget for Romsdalen vart holdt på *Veøy* fram til 1632 (<http://www.romsdalsmuseet.no/>).

Dagens tilstand og tilbod til besøkande

Øya er i dag ubudd, og ligg forholdsvis avsides til ved at det korkje er fast båt rute eller bilveg fram. Dette kan gjere øya litt vanskeleg tilgjengeleg for besøkande. Det er lettast å ta seg ut til *Veøy* i privat båt, og det er tilrettelagt med flytekai slik at også større båtar kan legge til. Det er ein godt utarbeida sti på øya. Romsdalsmuseet har dei siste åra hatt stor fokus på dokumentasjon og formidling, og det er godt med informasjonsskilt plassert rundt om på øya. Dette gjer det mulig for besøkande å ta seg fram på eigen hand. For besøkande som ikkje har eigen båt er det mulig å bestille skyss. Maritim A/S skal drive skyssbåt og vil kunne ta imot bestilling på turar for større grupper. Det er også mulig for mindre grupper å få skyss over med oppsynsmannen på øya. Det er mulig å slå opp telt – t.d. i Bondevika sørvest på øya. Det er elles ingen overnattingstad eller matservering på *Veøy* – så dette må besøkande som vil overnatte sørgje for å transportere med seg sjølv.

Peterskyrkja er det viktigaste og mest dominerande kulturminnet på øya, og er det første besøkande vil sjå når dei kjem i land. Kyrkja er bygd i romansk stil med runde buar, og har ca. 400 sitteplassar. Sidan bygginga har kyrkja gjennomgått ei rekke ombyggingar og restaureringar. Kyrkjegarden og prestegarden er frå midten av 1700-talet. Hovudbygningen består av to lafta tømmerhus med ståande panel på to etasjar. Eit stort område nord på øya med kyrkja og prestegarden vart i 1970 verna som landets første landskapsvernområde. Formålet med fredinga er å bevare eit historisk kulturlandskap med eit eigenarta naturmiljø rundt kyrkja. Steinkyrkja, prestegarden og dei store asketrea i området som truleg vart planta ca. 1870 utgjer ein landskaps- og bygningsmessig heilskap av høg kulturhistorisk verdi (<http://www.romsdalsmuseet.no/>). Ingenting av kaupangen er bevart over bakkeplan i dag, men kjøpstaden frå mellomalderen låg innafor det som i dag er definert som landskapsvernområde.

Ein fin og alternativ måte å komme seg til *Veøy* på er å padle. Ein parkerer ved Nesjestranda på nedsida av vegen – her er det fint å sjøsette kajakken. Padleturen er ca. 9 km t/r (www.morotur.no).

Kvernes – Averøy

Kvernes stavkyrkje er ei av landets yngste stavkyrkjer, bygd ca. 1300 (Fig. 35). Kyrkja ligg godt synleg i fjordkrysset på Kvernes. Kyrkja høyrer til ein spesiell type stavkyrkje, den såkalla Møretypen som berre finst langs kysten. I 1633 vart det stavbygde koret revet, og eit nytt kor vart sett opp i laftverk i heile kyrkja si breidde. Det vart bygd eit nytt dåpskor mot vest, vindauge vart sett inn og koret vart

dekorert med veggmaleri med motiv frå Bibelen

(<http://www.averoy.kommune.no/artikkel.aspx?MId1=414&AId=313&MId2=546&MId3=495>).

Figur 35: Kvernes stavkyrkje (Foto: Bjørn Ringstad)



På Kvernes er det også ein steinsetting som er tolka som gravminne frå ca. 200-700-talet. Det er også mulig at steinsettinga har markert ein tingstad frå eldre eller yngre jernalder. Steinsettinga vart fjerna i 1923, men vart i 1993 restaurert og oppretta på sin opphavlege plass. Det står også eit naust frå 1791 med tilhøyrande vorr, dvs. ein mur eller steinkonstruksjon som gir le til båtstøa. Desse anlegga høyrde opphavleg til prestegarden på Kvernes, og det var her kyrkjebåtane la til. På Kvernes finn vi også Gamle Kvernes bygdemuseum, som omfattar 11 gamle bygningar med ei samling på over 10 000 gjenstandar. Hovudtunet på museet dannar eit kystgårdsmiljø slik det framstod på 1700-1800-talet. Her ligg hus, stabbur og eldhus frå ulike periodar. Museet har også ei eigen sjøavdeling med rorbu og fleire naust som representerer kystkulturen og fiskarboden sitt liv og virke. Museet har dessutan ein eigen arkeologisk avdeling med funn frå steinalderen i området

(<http://www.nordmore.museum.no/artikkel.aspx?MId1=237&AId=518&back=1&MId2=250&MId3=252>).

Dagens tilstand og tilbod til besøkande

Kvernes Kulturområde er eit av Averøys fremste natur- og kulturbaserte opplevingsdestinasjonar. Det er også valt til kommunen sin tusenårsstad. I tillegg til stavkyrkja og ei kyrkje frå 1300-talet og Kvernes nye kyrkje frå 1893 finn ein i dag fleire kulturminne frå ulike periodar i området. Besøkande kan ta seg ein tur langs ein hulveg som passerer like ved kyrkjene. Dette er spor etter ein gamal ride- og gangveg. Ved sjøen er både naustet og steinborren nylig restaurerte, og dette er i dag ein fin plass å legge til for besøkande som kjem med eigen båt til område. Naustet er freda og fungerer som oppbevaringsstad for fleire tradisjonsbåtar.

Husa og samlingane ved Gamle Kvernes bygdemuseum gjer at besøkande vil få innblikk ei livet ved kysten her frå steinalderen og heilt fram til nyare tid. Museet har mange arrangement gjennom året, der m.a. lokale mattradisjonar og handverk står sentralt. Olsokstevnet siste helga i juli utgjer eit av dei viktigaste arrangementa ved museet. Også her står lokalmat – Nordmørsk tradisjonskost – sentralt

(<http://www.nordmore.museum.no/artikkel.aspx?MId1=237&AId=518&back=1&MId2=250&MId3=252>).

Kulisteinen

Kulisteinen på øya Kuløy i Smøla kommune har som nemnt ei runeinnskrift som henspeglar på innføringa av kristendommen: *Tore og Hallvard reiste denne steinen etter (Ulvjlot).... Tolv vintrar hadde kristendommen vore i Noreg....* Truleg har slektningar reist steinen med tekst på til minne om ein avdød, og denne type innskrift er vanleg på runesteinane frå mellomalderen. Det spesielle her er at steinen kan daterast – og samtidig gi indikasjon på når kristendommen vart offisielt innført i Noreg. Som nemnt viser arkeologiske undersøkingar at det har gått ei trebru over eit myrlendt område fram til staden der Kulisteinen opphavleg stod. Det var ein vanleg skikk i Norden å bygge ei bru i tilknytning til slike bautasteinar, og det er difor sannsynleg at brua vart laga samtidig med at steinen vart reist. Brua kan slik datere steinen til 1034. Skrift og språkforma på steinen tyder også på ei datering til byrjinga av 1000-talet (Rindal og Steinsland 2001:134-135). Mykje tyder difor på at Kulisteinen viser til Mostertinget som fann stad tidleg i 1020-åra, og steinen blir gjerne rekna som Noregs dåpsattest.

Dagens tilstand og tilbod til besøkande

Den originale kulisteinen med runeinnskrift står i dag i Vitenskapsmuseet i Trondheim, men ein kopi er sett opp på Kuløy på staden der Kulisteinen opphavleg stod (Fig. 36).

Figur 36: Kopi av kulisteinen – plassert der originalen opphavleg stod (Foto: Margun Pettersen)



Edøy gamle kyrkje

I Edøyfjorden eit stykke innafor Kuløy ligg øya Edøy, også dette i Smøla kommune. Her står Edøy gamle kyrkje, ei steinkyrkje frå rundt 1190 som også kan utgjere ein naturleg stopp langs Kystpilegrimsleia i dette området. Truleg vart kyrkja bygd som eit privat kapell for kongen sin ombodsmann på Edøy. Det er også andre kulturminne på Edøy, m.a. eit fornminneområde med gravhaugar. Her ligg det også ei trearma stjerneøys. Dette tyder på at Edøy har vore ein stad av betydning tilbake til forhistorisk tid.

Dagens tilstand og tilbod til besøkande

Kyrkja har eit rektangulært skip og eit kor som er plassert skeivt i forhold til skipet. Kyrkja vart påbygd i 1690. Ho er kvitkalka innvendig og interiøret er av nyare dato. På Edøy kjem ein med både ferje og hurtigbåt. Det er også marina og ankringsområde for privatbåtar.

På Edøy ligg også kultursenteret Gurisenteret. Her er det utstillingar av ulike slag, og ei av Noregs flottaste utescener er plassert her med plass til 1000 personar. Utescena er forma som eit gresk amfi og er m.a. arena for den årlege oppsettinga av spelet «Fru Guri av Edøy». På Gurisenteret er det også turistinformasjon, kafé og venterom for trafikantar (<http://www.gurisentret.no/gurisentret>). Gurisenteret bidreg til å knyte historia til øya og attraksjonane her saman. Hovudfokuset i sentret er trusskifte og mellomalder.

Det er gode muligheter for turar i lokalområdet. Ei fin vandrerute for besøkande kan vere å gå frå Gurisenteret, via Edøy gamle kyrkje og over brua til Kuløy og Kulisteinen. Ei anna rute kan vere å gå frå Gurisenteret via stjernerøysa, kyrkja og opp på det høgaste punktet vest for Edøygarden der det ligg eit kystfort frå andre verdskrig. Dette vil gi besøkande anledning til å sjå kulturminne frå ulike tider – og innblikk i livet ved kysten frå forhistoriske tid og heilt opp til i dag.

Ca. 1/3 av landarealet og eit stort sjøareal i Smøla kommune er i dag verna i medhald av Naturmangfaldslova. Også naturkvalitetane her ligg godt til rette som attraksjon og arena for oppleving. Her er det store urørte myr- og våtmarksområde samt eit unikt skjærgårdslandskap med ein rik biologisk produksjon. Smøla er m.a. klassifisert som eitt av dei viktigaste områda for fugl i Europa, og eit av områda med størst bestand av havørn (http://www.regjeringen.no/upload/MD/Vedlegg/Kongelige_resolusjoner/Kongelig_resolusjon_Vern_eplan_Smola_090109.pdf). Kombinasjonen av eit spennande kulturlandskap i eit spesielt naturlandskap ved kysten vil såleis gi besøkande ei unik oppleving.

8.5 Sør-Trøndelag

Austråttborg

Austråttborga er ein herregard i Ørland kommune. Austrått har sidan 1000-talet vore kjent som eit sentralt område – og eit gods med store tilhøyrande landområde. Sjølve borga slik ho står i dag er frå etterreformatorisk tid, men borganlegget er bygd rundt eit lite kapell som truleg er frå mellomalderen med ei samling av trefigurar frå same periode.

Dagens tilstand og tilbod til besøkande

Borganlegget slik det står i dag er resultatet av fleire hundre år med utvikling, endringar og tilpassingar. Borga brant ned i 1916, og ei restaurering vart påbegynt i 1920-åra og vart ferdigstilt i 1961. Borga er open frå omvisingar i sommarmånadane.

Ein må nytte båt for å komme seg ut til Austråttborga. Det er mulig å ta rutebåt frå Trondheim til Brekstad, og herifrå er det ca. 4 km å gå til borga. Vandringa går gjennom vakker natur. På Brekstad er det dessutan mulig å leige sykkel, og besøkande kan dermed få seg ein fin sykkeltur på veg til Austråttborga.

Rein kloster

Rein kloster vart etablert av hertug Skule ca. 1226. Dette var eit nonnekloster som truleg hørde til Augustinarordenen – sjølv om dette siste er noko usikkert. Den bevarte klosterkyrkja har ei noko avansert form med langstrakt skip, transpet og kor med korkapell. Utforminga kjem av at klosteret overtok ei eldre krossforma steinkyrkje, som seinare vart utvida (Hommedal 1999:153, 172-173). Mor til Magnus Lagabøter kom herifrå, og ho skal ha tilbrakt sine 6 siste år på klosteret. I ca. 300 år utgjorde Rein eit viktig religiøst og kulturelt sentrum.

Dagens tilstand og tilbod til besøkande

Ruinane etter klosterkyrkja frå 1226 pregar framleis området, sjølv om mykje av steinen herifrå er vekke. Denne vart gjenbrukt under gjenoppbygginga av Vår Frue kyrkje i Trondheim på 1600-talet. Ein park omgir klosteret i dag, og her er det fint å vandre rundt på eigen hand. Det er sett ut informasjon som fortel den besøkande om området og historia her.

Gården Rein ligg på eit høgdedrag med utsyn over Trondheimsfjorden. Hovudproduksjonen her er i dag økologisk mjølk. I 2009 vart Reins Kloster A/S etablert, og produserer m.a. ein handverksbasert økologisk iskrem under merkenamnet Rein Iskrem. Eit anna merkevareprodukt er Reins Klosters Aquavit – som også er eit økologisk produkt. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Arcus, Rissa Utvikling og 4 økologiske gardar der den eine er Reins Kloster gard (<http://reinskloster.no/>).

Det er lettast å komme seg til klosteret med båt. Det er her mulig å ta hurtigbåt frå Trondheim til Hysnes, og frå Hysnes er det ca. 15 km til klosteret.

Frå klosteret kan ein gå vidare til Museet Kystens Arv. Dette er eit av seks museum som dannar Museene i Sør-Trøndelag. Museet Kystens Arv ligg flott til ned mot fjæresteinane. Her er det mulig for pilegrimar og andre besøkande å leige seg ein seglbåt med mannskap – og til dømes segle det siste stykket fram til Nidaros. På Museet Kystens Arv er det som nemnt også eit båtbyggjeri som har klinkbygde båtar som sitt spesialfalt. Dette er ein type båt som har vore brukt i over tusen år langs kysten vår. Museet er også eit kompetansesenter for segling med råsegl – og det er mulig for besøkande å lære seg korleis dette skal gjerast (<http://kystensarv.no/>).

Dolmsundet

Dolmsundet ligg som ein aust-vestgåande kanal mellom Dolmøya og «Fastlands»-Hitra. På begge sider av dette sundet finst det store mengde kulturminner heilt tilbake til steinalderen og inn i mellomalderen og nyare tid. Nærare hundre buplassar frå steinalderen er registrert samt eit liknande tal gravminner frå jernalderen. Fleire gravrøyser frå bronsealderen er også påvist. I mellomalderen låg det to kyrkjestader her – Dolm og Undås. Undås kyrkje er reven, men Dolm mellomalderkyrkje står framleis. Dette er ei steinkyrkje, og var hovudkyrkja på Hitra heilt fram til ho brant i 1920 (<http://www.kreativetrondelag.no/kulturminna/Vangfeltet-og-Dolmsundet/>).

Dagens tilstand og tilbod til besøkande

Dolmsundet er skilt ut som eit spesielt verdifullt område, og fylkeskommunen har fleire stader føreteke skjøtsel og tilrettelegging av kulturminne i mindre skala langs sundet. Det er også gjort fleire tiltak for å kunne bruke kulturminnenen her i kommersiell samanheng. Det er m.a. reist ein kopi av eit langhus frå jernalderen etter ei utgraving på 1990-talet. Dette ligg midt i ein kulturminnepark med buplassar og gravplassar frå førhistorisk tid, og er drifta av Dolmsundet Hotell.

På Hitra finn vi også handelsstaden Hopsjø som går tilbake til 1700-talet. Her finn kanskje den eldste bevarte kramboden i Noreg. Her er det mulig å kjøpe suvenirar, gamaldags godteri og lokalt kunst- og handverk. Krambua er open kvar dag i sommarsesongen. Pakkhuset på handelsstaden er gjort om til restaurant med vekt på drikke og mat med lokal tilknytning. Det er også eit kvalfangstmuseum på området

(http://www.trondelagskysten.no/index.php?option=com_content&view=article&id=77&lang=no&it

[emid=](#)).

Nidarosdomen

Nidarosdomen vil for mange vere det endelege målet for pilegrimsreise også i dag – slik som det var for dei fleste i mellomalderen. Den 29. juli i det herrens år 1030 fall kong Olav Haraldsson i slaget på Stiklestad i kampen mot dansk kongen Knut den mektige om makta i Noreg. Olav skal i løynd ha blitt gravlagt ved Nidelva. Etter kvart begynte mange å snakke om at den falne kong Olav var ein heilag mann – slik mange jarteikn tyda på. Liket hans vart til slutt grave opp att, og med kongens samtykke vart det avgjort at kong Olav verkeleg var ein heilag mann. Liket hans vart bære inn i Klemenskyrkja og gravsett over høgalteret. Son til Olav, Magnus den gode som vart konge i 1035, fekk laga eit skrin pryda med gull og sølv og edelsteinar. I dette skrinet vart så leivningane etter kong Olav lagt. Dei vart først plassert i ei Olavskyrkje bygd av kong Magnus, og seinare i Mariakyrkje bygd av etterfølgjaren hans, Harald Hardråde. Omkring år 1070 skal kong Olav Kyrre ha tatt ned eit lite trekapell som var reist over St. Olavs grav ved Nidelva, og han skal ha latt bygge ei steinkyrkje her. Dette var byrjinga på Nidarosdomen. I 1152/53 vart erkebispesetet oppretta i Nidaros, noko som gjorde det endå viktigare å få bygd ut kyrkja. Etter at domkyrkja i stein – Nidarosdomen – stod ferdig vart Olavsskrinet flytta hit. Kyrkja skal ha blitt reist på staden der dei først hadde jordlagt Olav, og høgalteret vart plassert over grava. Etter reformasjonen i 1537 vart truleg skrinet til Olav den heilage fjerna og øydelagt, men den inste kista med liket skal ha blitt ståande att. Kvar denne kista er i dag er det ingen som veit (Rindal og Steinsland 2001:138141).

Dagens tilstand og tilbod til besøkande

Det er mulig å bli med på ei historisk vandring i Nidarosdomen eller Museet Erkebispegården året rundt. I lågsesongen er det opne omvisingar i helgane, men grupper kan bestille omvisingar både på dagtid og kveldstid – og guida turar blir arrangert på fleire språk. Om sommaren er det også mulig å besøke Gravsteinskrypten som har landets største samling av minnesteinar frå mellomalderen.

Det er også eit rikt og variert musikkliv i Nidarosdomen. Det blir arrangert ulike musikalske innslag i gudstenestene, og det er i tillegg ei eiga musikkverksemd i kyrkja: Musikk i Nidarosdomen. Det blir arrangert ei rekke konsertar året gjennom. Det er eit ønske at musikkprogrammet skal være samansett av ulike stilarter og bringe vidare tradisjonen for nyskapning og modige val. Oversikt over konsertarrangement finst på nettet: <http://nidarosdomen.prod.h-k.no/nb-NO/Kalender/>.

Kvart år blir Olavssfestdagane arrangert rundt Olsok – i hovudsak sentrert rundt Nidarosdomen og Erkebispegården. Olavssfestdagane pleier å vare ei veke, og består av ulike arrangement – som konsertar, familie- og barneaktivitetar, gudstenester, pilegrimsvandringar, historisk marknad, foredrag etc (<http://nidarosdomen.prod.h-k.no/nb-NO/besok+opplevelser/opplevelser/olavssfestdagane/olavssfestdagane.html>).

Det er etablert ein kafé i Besøkssenteret i Nidaros som kan tilby god mat og drikke i unike omgjevnader. I Besøkssenteret ligg det også ein spesiell gåvebutikk knytt til Nidarosdomen, Erkebispegården og Riksregalieustillinga. Fleire av varene her er lokalt produsert (<http://www.nidarosdomen.no/nb-NO/besok+opplevelser/butikk/butikk.html>).

Nidarosdomens Restaureringsverksteder (NDR) er også verdt eit besøk – her arbeider steinhoggarar, murarar, smedar, glasmeistrar, gipsmakarar og snekkarar. NDR er eit nasjonalt kompetansesenter for bevaring av verneverdige bygningar i stein. Dei utfører oppdrag som rådgjeving, opplæring av handverkarar og praktisk utførande oppgåver innafor dei ulike fagområda. Hovudfokuset er likevel å vedlikehalde og restaurere Nidarosdomen og Erkebispegarden (<http://www.nidarosdomen.no/nb-NO/ndr+restaurering/ndr+i+dag/restaurering/restaurering.html>).

8.6 Spesielle kultur- og naturlandskap langs seglingsleia

Stadene som er nemnt ovanfor vil utgjere eit viktig kulturhistorisk utgangspunkt for å få i gang ei internasjonal reiselivssatsing med Kystpilegrimsleia som tema. Som det går fram av rapporten har fleire av desse stadene utgjort viktige pilegrimsmål i mellomalderen, men enkelte av kulturminna har vi likevel liten kunnskap om i forhold til deira eventuelle rolle som valfartsmål. Både skriftlege samtidskjelder og det arkeologiske materialet frå perioden gir forholdsvis lite informasjon om pilegrimar og pilegrimsmåla i mellomalderen. Stadane si plassering langs seglingsleia og religiøse funksjon og betydning i mellomalderen gjer det likevel sannsynleg at dei var stoppestader for pilegrimar og andre som reiste langs kysten. Kulturminna og heilagstadene som er trekte fram her representerer såleis ei første kartlegging og utval av stader som kan gi ei djupare oppleving av pilegrimstradisjonar og kysthistorie – og slik gjere ei reiselivssatsing med Kystpilegrimsleia som tema mulig.

Denne gjennomgangen bør sjåast som eit viktig grunnlag for vidare arbeid. Som nemnt kan det vere fruktbart å utvide perspektivet i det vidare arbeidet, slik at ein også inkluderer andre typar kulturminne og stader langs seglingsleia enn dei som kan knytast direkte til pilegrimstradisjonar, religions- og kyrkjehistorie. Kultur- og naturlandskap utgjer verdiar som må sjåast i samanheng. Langs kysten ligg det fleire spesielle landskap – både naturlandskap og kulturlandskap som ikkje knyter seg til pilegrimstradisjonen men som vil kunne utgjere spennande stoppestader for dagens reisande langs Kystpilegrimsleia. Desse unike landskapa vil gi besøkande innblikk i livet langs kysten for både dyr og menneske. I forprosjektet er berre eit lite utval tatt med – som døme på kva som finnast – og ei nærare kartlegging må gjerast i hovudprosjektet. Det spesielle skjærgardslandskapet i Smøla kommune i Møre og Romsdal er allereie trekt fram som eit viktig element i Kystpilegrimsleia, men også andre landskapsområder vil kunne utgjere viktige arenaer for oppleving for reisande langs kystleia.

Kystlynghei:

I Noreg finn vi verdas nordlegaste kystlyngheier – eit kulturlandskap som i dag blir rekna som ein trua naturtype. På europeisk basis er kystlyngheier redusert med nærare 90 % dei siste åra. Kystlyngheier er opne, heiprega og trebare områder som er dominert av dvergbusker, først og fremst røsslyng. Landskapet er forma gjennom rydding av kratt og skog og lang tids hevd med beite, regelmessig lyngbrenning og lyngslått. Lyngheilandskapet går ca. 4000-5000 år tilbake i tid, og er blant våre eldste kulturlandskap. På Lygra i Norhordland – som ligg midt i seglingsleia – er Lyngheiseret etablert (Fig. 37). Her arbeider ein med å ivareta denne typen kulturlandskap. Her er det mulig for besøkande å vandre på tilrettelagte stiar i eit historisk kystlandskap som går 5000 år tilbake i tid. I dag blir lyngheiene her verna gjennom aktiv gardsdrift. Lyngheiseret på Lygra er konsolidert inn under Museumssenteret i Hordaland, og er eit informasjonssenter som er oppretta for å ta vare på

kunnskapen og tradisjonane som knyter seg til bruken av dette landskapet (<http://www.lyngheisenteret.no/om%20LHS.htm> og www.muho.no). Eit spennande kulturhistorisk element her er at Lygra også kan ha utgjort ein kongsgard under Olav Haraldsson på byrjinga av 1000-talet (Iversen 2008:22).

Figur 37: Lyngheisenteret på Lygra (Foto: Lyngheisenteret, MuHo)



Lindås sjøsluser

Farleia frå Bergen og nordover gjennom Alverstraumen og Lurefjorden har vore ein svært viktig del av ferdselsåra langs Norskekysten gjennom fleire tusen år. I dette område ligg Lindås sjøsluser – som utgjer eit spennande reisemål i seg sjølv. Slusene stod ferdige i 1908 og var i drift fram til 1963. Etter den tid stod anlegget urørd. I dag er Lindåsslusene blitt restaurert og kan takast i buk igjen (<http://www.fjordguiding.com/andrereisemal/lindas/>). Dette er den eine av to sjøsluser som finst i Noreg, og dei er eit godt bilete på samferdsla si betyding langs kysten.

Utvalde kulturlandskap i jordbruket – Hoddevik-Liset:

Eit felles prosjekt mellom Landbruks- og matdepartementet og Miljøverndepartementet skal bidra til at spesielt verdifulle kulturlandskap får ei særskild forvaltning. Dei utvalde områda omfattar kulturlandskap i jordbruket med store biologiske og kulturhistoriske verdiar, og finst innafør fleire av

fylka. Nokre av desse ligg langs Kystpilegrimsleia, og vil kunne utgjere eit spennande innslag i denne (Utvalgte kulturlandskap i jordbruket [...]Utkast 06.10.2009). Eit godt døme på denne type landskap finn vi på Stadlandet i Sogn og Fjordane. Her er særleg områda Hoddevik, Indre og Ytre Fure, Drage, Årdal, Skårbø og Liset trekte fram. Desse områda er sett som nokre av stadene som har eit unikt nasjonalt særpreg. Her er det kulturmark med lang kontinuitet og stor artsrikdom som karakteriserer landskapet. Dei ulike grendene og gardane her er lite forstyrre av moderne inngrep (Utvalde kulturlandskap i jordbruket [...]Utkast 06.10.2009; Forvaltningsplan for Hoddevik-Liset 2009-2029).

Dekkjene på Stadlandet – terrengdekkande myr:

Terrengdekkande myr, også kalla teppemyr, finn vi i kyst- og fjordstrøka frå Agder til Troms. Dette er likevel ein sterkt truga landskapstype i Noreg, m.a. på grynn av oppdyrking (NOU 2004: 28, 4.6.9). Terrengdekkande myrer dannar eit samanhengande dekke over terrenget, både over høgdedrag, flater og skråningar. Dekkjene på Stadlandet er eit godt døme på denne type landskap.

Atlanterhavsveien Eide-Averøy

Mellom Eide og Averøy i Møre og Romsdal finn vi Atlanterhavsveien. Dette er ein veg- og bruforbinding mellom holmar og skjær ytst i havgapet – i eit område med fantastisk og dramatisk natur. Langs vegen er det mange stoppestader, rasteplassar og serveringsstader. Det er eit flott turterreng på dei nakne og forblåste holmane rundt Atlanterhavsveien. Området er også kjent som eit eldorado for sportsdykkarar (<http://atlanterhavsveien.info/default.asp?meny=info>).

Ørlands tidevannslandskap:

I Ørland kommune i Sør-Trøndelag finn vi Ørlands tidevannslandskap som er eit av landets viktigaste våtmarksområde. Grandefjæra som er ein del av Ørlands tidevannslandskap er eit naturreservat som utgjer det største samanhengande tidevannsarealet i Noreg. Den unike naturen her med sitt yrande fugleliv er ein fantastisk attraksjon for besøkande. Her kan ein også besøke Ørland Våtmarkssenter som består av ei permanent utstilling og opplevingssenter i tilknytning til Ørland Kultursenter, samt fleire naturscenar rundt i kommunen (<http://www.orlandkultursenter.no/natur>).

8.7 Kystvandring

Fleire stader langs kysten ligg forholda godt til rette for turar på land i kystlandskapet. Her ligg tusenvis av øyar med kuppert terreng som er perfekte for vandring, og på fastlandet ligg fjelltoppar med panoramautsikt over til fjordar og storhavet i vest. Fleire turløyper av ulik vanskelegheitsgrad er godt merka, og ein finn turar som passar for alle uansett form og målsetting.

Også ved fleire av kulturminna/ heilagstadene som inngår i pilegrimsleia er det gode muligheter for vandringar i kystlandskapet. Enkelte ruter er allereie tilrettelagt, som t.d. Sunnivaleia mellom Selja og Kinn, mens andre stader kanskje vil krevje meir tilrettelegging. Anten ein reiser kollektivt eller med

eigen båt kan ein legge inn stoppestader og vandringer undervegs – etter eige ønske. Det er eit sentralt mål at pilegrimsreisene også skal fungere som ein motivasjonsfaktor for å få folk til å komme seg ut og gå.

Nordsjøløypene går gjennom lett terreng i kystnatur med rik historie, og utgjør mindre krevjande løyper. Nordsjøløypene vert utvikla av NAVE Nortrail-prosjektet som delvis er finansiert av EU sittt Interreg IIIb-Nordsjøprogram. Målet er her å lage ei rekke turveggar langs Nordsjøkysten slik at folk skal kunne få gleden av å ta både fotturrar og sykkelturnar i det særeigne kystlandskapet. Her er stiar og turar avmerkt i fire av dei fem fylka som inngår i prosjektet – frå og med Rogaland i sør til og med Møre og Romsdal i nord (http://www.northseatrail.org/index.php?/no/about_the_north_sea_trail). I hovudprosjektet vil det vere viktig å gi ei samla oversikt over aktuelle ruter som går langs kystleia.

På Jæren i Rogaland er Kongeveien etablert som ein ca. 19 km lang tursti langs kysten frå Kvasheim fyr til Hå gamle Prestegard. Stien er godt merka og er delt inn i etappar, og følgjer delvis den gamle rieveien over Jæren. Dette er ein del av Jærstrendene landskapsvernområde som strekker seg frå Ognå i sør til Randaberg i nord (http://www.stavanger-turistforening.no/activity.php?ac_id=47764). Vegen vil kunne utgjere ein fin landetappe i Kystpilegrimsleia, før ein eventuelt går i båt i Stavanger. Langs Kongeveien er det dessutan merka ein pilegrimsveg, som går frå Varhaug gamle kyrkjegard og nordover til Njærheim (<http://www.regionstavanger.com/no/Produkt/?TLp=40072>).

I Møre og Romsdal har ein også etablert turstiar i kystnære område – såkalla kyststiar – enkelte stader heilt nede i strandsone (Fig. 38). Stiane er merkte med skilt, og det er tilrettelagt for parkering. Dette prosjektet har vore delvis finansiert gjennom tippemidler. Stiane er mykje brukt og svært populære. M.a. blir dei også brukt gjennom NAV sitt prosjekt Aktive på dagtid. Folkehelseaspektet står sentralt her, og det er gode muligheiter for å etablere denne type stiar i dei andre regionane også.

Figur 38: Kyststien i Fræna, Møre og Romsdal – med fyrlykt og gravrøys i bakgrunnen (Foto: Bjørn Ringstad)



Langs Vestlandskysten finn ein også stupbratte fjell som utgjer fantastiske toppturar. Ei nærare kartlegging av kva som finst av turar og merkte løyper vil bli gjort i hovudprosjektet. Til dømes kan Hornelen (806 moh) vere ein fin tur. Dette er Nord-Europas høgste sjøklippe, og kan som nemnt knytast til ei segn og Olav den heilage. Turen opp tek ca 8 timar t/r og er svært krevjande (Fig. 39).

Figur 39: Hornelen (Foto: Kari Leine Balog)



9 Plan for hovudprosjekt

Forprosjektet *Kystpilegrimsleia – Rogaland til Nidaros* er eit første steg i arbeidet med å etablere Kystpilegrimsleia som ei samanhengande reiserute langs vestlandskysten, og målet er at arbeidet vil halde fram i eit hovudprosjekt. Visjonen er å lansere Kystpilegrimsleia i 2014. Dette gjer at eit framtidig hovudprosjekt bør starte opp allereie hausten 2013. Hovudprosjektet vil likevel ikkje kunne ferdigstillast før 2016.

Som det går fram av forprosjektet eksisterar det allereie system for overnatting og bestilling av dette, mat, transportmuligheiter, båtutleige etc. langs store delar av kystleia. Eit svært viktig arbeid i hovudprosjektet blir å kople desse systema saman. Det må arbeidast med logistikk og infrastruktur ut frå allereie eksisterande aktørar og system. Enkelte stader vil det også vere både behov og muligheiter for utvikling og nyetableringar. Det vil vere svært viktig å få ei kartlegging av dette i ein tidleg fase av hovudprosjektet.

9.1 Organisasjon

Hovudprosjektet vil truleg utvikle seg i forskjellige trinn og fasar, og hovudfokuset vil variere undervegs etter kvart som arbeidet skrider fram. I startfasen av hovudprosjekt bør ein prioritere å lage ein gjennomarbeida organiseringsmodell, ein finansieringsplan og ein framdriftsplan. Dette kapitlet lanserer eit forslag til korleis det kan gjerast.

Hovudprosjektet bør leiast av ei styringsgruppe med representantar frå alle dei fem regionane – på same måte som i forprosjektet. Det vil vere naturleg at ein her hentar aktørar frå institusjonane som er med og finansierer hovudprosjektet. Desse vil ha det formelle ansvaret og vere prosjekteigarar. Styringsgruppa godkjenner framdriftsplanar, budsjett og tek beslutningar på eit overordna nivå.

Under styringsgruppa kan det vere aktuelt å etablere to prosjektgrupper – forslag til dette er skissert under. Dette er likevel noko styringsgruppa må ta stilling til ved oppstart av hovudprosjektet. Målet er at Kystpilegrimsleia skal nyttast til beste for bebuarar langs leia, næringsliv og lokalsamfunn. Det er viktig i forhold til forankringa at skisserte aktivitetar i hovudprosjektet i størst mulig grad har sitt utspring i bedrifter og lag på lokalt nivå, samt administrativt og politisk nivå i kommunane. Eit godt samspel mellom lokalbefolkning og grunneigarar, næringsliv, offentleg forvaltning, frivillige, kyrkja og FoU er nødvendig for at ein skal lukkast med verdiskaping rundt leia. Prosjektlearane for dei to prosjektgruppene bør difor legge vekt på å utvikle og auke samhandlingskompetansen på alle nivå for å få dette til å fungere. Det bør også vere eit stort fokus på å vidareføre og opprette samarbeid med ulike regionar og aktørar. Brei forankring gjennom tidleg informasjon til berørte partar er avgjerande for vidare framdrift.

Målet er at Kystpilegrimsleia skal bli ei offentleg godkjent lei. På sikt vil det difor vere naturleg at Nasjonalt Pilegrimssenter tek over Kystpilegrimsleia på lik linje med innlandsleiene. Dette må vurderast ut i frå kapasiteten til Pilegrimssenteret.

Prosjektgruppe 1 – Næringsliv og verdiskaping

Ei gruppe bør ha ansvaret for reiselivsutviklinga, og jobbe tett opp mot aktørar innan næringslivet – som t.d. destinasjonsselskapa, transportørar, overnattingsstader og serveringsstader – både lokalt og regionalt. Det vil vere viktig å opparbeide ei oversikt over aktørar som allereie arbeide innafor reiselivet, men også å arbeide mot utvikling og tilrettelegging av både overnatting og matservering på stader der dette ikkje finst frå før. Det finst t.d. mange aktørar som er involvert i tradisjonsmat og som fokuserer på kortreist mat. Desse bør involverast i Kystpilegrimsleia.

Utviklinga av turisme og reiseliv er eit langsiktig arbeid, og resultatata vil ikkje komme over natta. Forprosjektet har peika på viktige behov og nødvendige tiltak som ein må arbeide med i forhold til ei reiselivssatsing langs Kystpilegrimsleia. Iverksetting av desse tiltaka i eit hovudprosjekt er eit viktig steg på vegen mot å gjere leia og stoppestadene her til framtidsretta og attraktive reisemål.

Prosjektgruppe 2 – Formidling og kartlegging

Den andre gruppa bør arbeide vidare med tilrettelegginga av Kystpilegrimsleia som nasjonalt kulturminne og vidare kartlegging av kulturminne og heilagstader her. Eit sentralt fokus bør vere på formidling og utvikling, skjøtsel og vedlikehald. Å oppretthalde bruk og ivertaking av leia vil utgjere store framtidige utfordringar som krev oppfølging både frå kommunalt, regionalt og sentralt hold. Lokale lag og organisasjonar, museum, private aktørar, samt lokale kyrkjer og kyrkjelydar vil vere viktige samarbeidspartnarar når det gjeld utvikling og tilrettelegging av gode opplevingar langs Kystpilegrimsleia.

Det er viktig å forvalte den ferdigstilte Kystpilegrimsleia på ein god måte. Kommunane må legge Kystpilegrimsleia inn i kommunale plandokument slik at den blir teke omsyn til ved framtidig planlegging. Ei kartfesting av leia i dei ulike kommuneplanane sin kartdel er viktig, samtidig som leia bør også omtalast i tekstdelen til planane og i retningslinene.

9.2 Behov for regionale pilegrimssenter?

Langs innlandsleden til Nidaros er det etablert regionale pilegrimssenter. Dette kan vere ein tanke også i samband med Kystpilegrimsleia. Dei fem regionale sentra i innlandet arbeider med å formidle informasjon og rettleiing om pilegrimsvandring, arrangere fellesvandringar og bidra til utvikling av vegen og vandrainga i eigen region.

9.3 Plan for hovudprosjektet

Behova som er påpeika og skissert i forprosjektet utgjer tiltak som bør settast i verk gjennom eit hovudprosjekt. Desse tiltak er skisserte i tabellen nedanfor. I tillegg til prosjektleiing vil det vere behov for kjøp av enkelte tenester. Forslag til omtrentlege kostnader er gitt i tabellane nedanfor.

Aktivitet	Samarbeidspartnarar	Tidsaspekt
Næringsliv og verdiskaping		
Opprette kontakt og samarbeid med destinasjonsselskapa – Her er t.d. hurtigruta og ekspressbåtane (Norled) viktige.	Destinasjonsselskap, NCE	2 vekeverk
Skaffe til veie informasjon om eksisterande overnattingsstader, matservering, butikkar, etc.	Destinasjonsselskap, NCE, Næringslivsaktørar, fylkeskommunane, kommunane	2 vekeverk
Kartlegge område med behov for utvikling og nyetablering av overnattingsstader og matservering. Prioriterte oppgåver bør her vere ny bruk av gamle bygg, t.d. fyrstasjonar, handelstader, gardsbruk etc.	Næringsliv, private eigarar, fylkeskommunane, kommunane	12 vekeverk
Kople Kystpilegrimsleia opp mot eksisterande system for overnatting	NCE, destinasjonsselskapa	4 vekeverk

og transport		
Forankre prosjektet og aktivere lokallag, organisasjonar, kyrkjelydar	Lokallag, organisasjonar, kyrkjelydar	8 vekeverk
Inngå avtale med fartøyvernet om aktivering av fartøya i Kystpilegrimsleia. Aktivering av mindre opne båtar vil også vere viktig.	Norsk foreining for fartøyvern, Forbundet Kysten, kystlaga og musea	4 vekeverk
Kople Kystpilegrimsleia opp mot lokale mattradisjonar og matprodusentar	Slow Food, lokallaga, lokale matprodusentar, Norsk Bygdeturisme og Gardsmat	12 vekeverk
Arbeide for å få til pilegrimsbillett for reisande med kollektivtransport	Transportselskap – båt, buss, ferje	2 vekeverk
Initiere istandsetting og restaurering av bygningsmasse langs kysten, kompetansebygging, ny bruk av fyrstasjonar, sjøhusmiljø, gardsbruk for aktivitet gjennom Kystpilegrimsleia som t.d. overnattingstader og matservering	Private eigarar, Norsk kulturminnefond, SMIL, private stiftingar og legat	12 vekeverk
Kontakt med aktørar for utvikling av suvenirar - lokalt handverk og pilegrimseffektar. Skape bedriftsnettverk.	Lokale næringsaktørar, Nasjonalt pilegrimssenter, Innovasjon Norge, kommunane, fylkeskommunane (t.d. hopp.id og ungt entreprenørskap)	12 vekeverk
Formidling		
Utarbeide marknadsføringsplan/medieplan	Fylkeskommunane, bispedøma, Riksantikvaren, ekstern hjelp	1 vekeverk
Utvikle eigen logo	Riksantikvaren, Nasjonalt Pilegrimssenter, fylkeskommunane, ekstern hjelp	Teneste som må kjøpast 100 000,-
Utarbeide skiltplan	Fylkeskommunane, Riksantikvaren, kommunane	2 vekeverk
Utarbeide tekst til skilt og informasjonstavler	Fylkeskommunane, kommunane, musea	26 vekeverk
Utarbeide brosjyrar	Fylkeskommunane, bispedøma, Nasjonalt pilegrimssenter, kommunane, musea	4 vekeverk
Utarbeide guidebøker	Forlag	12 vekeverk
Lage nettside, formidling via internett og sosiale media	Nasjonalt pilegrimssenter, fylkeskommunane, bispedøma	2 vekeverk
Utarbeide informasjon via GPS og GIS-verktøy	IT-kompetanse, fylkeskommunane	Teneste som må kjøpast 400 000,-
Undersøke mulighetene for meir utvikla mobilguide	IT-kompetanse, fylkeskommunane	Teneste som må kjøpast 400 000,-
Kartlegge padleruter for heile eller delar av strekninga	Lokale padleklubbar	2 vekeverk
Kartlegge og stimulere til aktivitetar langs Kystpilegrimsleia	Lokale lag og organisasjonar, musea, private aktørar	12 vekeverk
Utarbeide praktbok over Kystpilegrimsleia	Fylkeskommunane, bispedøma, kommunane, museum, Nasjonalt	Ekstern aktør

	pilegrimssenter, Forlag	
Utarbeide opplegg for Den kulturelle skulesekken	Fylkeskommunane, kommunane, musea, skulane	Ekstern aktør
Involvere lokale kyrkjelydar som medspelarar og ressurs i pilegrimsarbeidet – med særleg fokus på opne kyrkjer.	Bispedøma, kyrkjelydane	1 vekeverk. Dette må sjåast i samanheng med finansieringa av hovudprosjektet. Ei delfinansiering gjennom kyrkja vil vere naturleg, og slik bidra til å forlenge tidsaspektet.
Opprette kontakt med forskingsinstitusjonar – og utvikle forskingsarbeid med Kystpilegrimsleia som tema	Universitet, høgskular, museum	1 vekeverk
Kartlegging		
Vidare kartlegging av kulturminne og kulturmiljø. Forslag: <ul style="list-style-type: none"> • Større gravrøyser langs leia • Kyrkjestader frå mellomalderen • Nyare tids kulturminne – som fyrstasjonar, sjøhusmiljø, gamle handelsstader etc. Ein må vidare undersøke muligheiter for utvikling og ny bruk av desse i turistsamanheng. • Kartlegging av spesielle kultur- og naturlandskap langs leia • Studere gamle sjøkart for å få ei nærare kartlegging av leia i forhistorisk tid og mellomalder 	Fylkeskommunane, museum, private eigarar	10 vekeverk
Kartlegging av landetappar og turløyper. Kontakt med grunneigarar.	Fylkeskommunane, kommunane, lokale lag og organisasjonar, musea	18 vekeverk
Tilrettelegging og merking av landetappar og turløyper	Fylkeskommunane, kommunane, lokale lag og organisasjonar, musea	Ekstern aktør

9.4 Budsjett og finansiering

Riksantikvaren gir tilsagn om ein halv million kroner til prosjektet i 2013 – som eit ledd i verdiskapingsarbeid på kulturminneområdet. Tildelinga er avhengig av at styringsgruppa for Kystpilegrimsleia ønskjer å gå vidare med eit hovudprosjekt når forprosjektrapporten føreligg. Riksantikvaren signaliserer vidare vilje til å bidra økonomisk også utover 2013 om arbeidet blir starta

opp. Tilskotet frå Riksantikvaren vil likevel ikkje bli utbetalt før dei har sett seg inn i rapporten og fastsett vilkåra for bruk av verdiskapingsmidlane (Sjå vedlagt brev frå Riksantikvaren).

Det vil i tillegg vere gode muligheiter for bedrifter og aktørar langs Kystpilegrimsleia å søke midlar gjennom Innovasjon Norge sitt bedriftsnettverk. Dette er eit tenestetilbod som oppfordrar bedrifter til å samarbeide om nye marknadsmuligheiter. Her kan Kystpilegrimsleia fungere som eit motiv for reiselivet, og utgjere eit viktig søkegrunnlag.

Prosjektgruppe 1 – Verdiskaping og næringsutvikling

Prosjektleiing	70 veker inkl. sosiale utgifter	945 000,-
Reisekostnader		100 000,-
Telefon og kontorutgifter		60 000,-
Sum		1 105 000,-

Prosjektgruppe 2 – Formidling og vidare kartlegging

Prosjektleiing	91 veker inkl. sosiale utgifter	1 228 500,-
Reisekostnader		180 000,-
Telefon og kontorutgifter		90 000,-
Kjøpte teneste		4 000 000,-
Grunnlovsjubileet 2014		250 000,-
Sum		5 648 500,-

Dei to delprosjekta vil utgjere ein samla sum på kroner 6 753 500,-. Dei to prosjektgruppene vil gå over til saman vel 3 år.

Finansiering	SUM
Riksantikvaren	2830
Fylkeskommunane	2830
Andre	1100
SUM	6760

Kjelder

Adam av Bremen. *Beretningen om Hamburgs stift, erkebiskopenes bedrifter og øyrikene i Norden*. Fra latin, med innledning, noter og register ved Bjørg Tosterud Danielsen og Anne Katrine Frihagen. 1993, Oslo.

Andersen, Per Sveaas 1977: *Samlingen av Noreg og kristningen av landet. 800-1130. Handbok i Noregs historie bind 2*. Oslo/Bergen/Tromsø.

Baadsvik, Karl og Karoline Daugstad 2003: *Kulturminner og kulturmiljøer som grunnlag for verdiskaping. NINA Oppdragsmelding 783*. Trondheim.

Baug, Irene 2002: *Kvernsteinsbrota i Hyllestad. Arkeologiske punktundersøkingar i steinbrotsområdet i Hyllestad, Sogn og Fjordane*. Bergverksmuseet. Skrift nr. 22. Kongsberg.

Baug, Irene in prep.: *Quarrying in Western Norway – An archaeological study of production and distribution in the Viking period and the Middle Ages*. Uferdig doktorgradsavhandling i arkeologi ved Universitetet i Bergen.

Birkeli, Fridtjov 1973: *Norske steinkors i tidlig middelalder. Et bidrag til belysning av overgangen fra norrøn religion til kristendom*. Skrifter published by Det Norske videnskaps-akademi i Oslo II. Hist. – Filos. Klasse. Ny Serie. 10. Oslo.

Blom, Authén 1968: *Pilegrimsveier. KLN M XIII*. S. 306-310. København.

Bjelland, Ragnhild 2000: *Bot og Bedring. Den norske pilegrimstradisjonen i middelalderen*. Upublisert hovudfagsoppgåve i historie ved Universitetet i Oslo.

Brendalmo, Jan 2008: *Kkirkene i Romsdal i middelalderen. En diskusjon av funksjon og status. Veøy kirke. Årbok 2008. Romsdalsmuseet*. S. 30-67. Molde.

Dahlberg, Ann-Kristin 2012: *Tretten kyrkjestader i Sunnfjord. Ein arkeologisk analyse av mellomalderkyrkjestader frå kyst til innland*. Upublisert masteroppgåve i arkeologi ved AHKR, Universitetet i Bergen.

Destinasjon Norge. Nasjonal strategi for reiselivsnæringen. Regjeringens reiselivsstrategi. Nærings- og handelsdepartementet. 2012.

DN = *Diplomatarium Norvegicum*, utgitt av C. C. A. Lange, C. R. Unger et al. 1847–1990. Christiania/Oslo.

Ekroll, Øystein 1997: *Med kleber og kalk*. Oslo.

Elvestad, Endre 2005a: *Jernalderledene i Sørvest-Noreg. Fra Galta til Geitungen: Kystkultur og fjæresteinsarkeologi i Sørvest-Noreg*. AmS-NETT nr. 7. (Selsing, Lotte, Endre Elvestad, Harald Hamre, Jens Flemming Krøger, Anne Midtrød og Arne Johan Nærøy, red.) s.8-29. Stavanger.

Elvestad, Endre 2005b: *Om varder og steinkors – tidlige sjømerker i Rogaland. Fra Galta til Geitungen: Kystkultur og fjæresteinsarkeologi i Sørvest-Noreg*. AmS-NETT nr. 7. (Selsing, Lotte, Endre Elvestad, Harald Hamre, Jens Flemming Krøger, Anne Midtrød og Arne Johan Nærøy, red.) s. 81-91. Stavanger.

Fana. Kyrkjestad i tusen år. Den heilage krossens kyrkje. Bergen kommune tusenårsstaden. Norske kulturlandskap. Hordaland. Temabrosjyre nr. 11. Bergen kommune. Hordaland fylkeskommune.

Fyllingsnes, Frode 2000: *Karmøys historie – med de tusen hjem. II Middelalderen*. Karmøy

G = *Gulatinglovi*. Umsett frå gamalnorsk av Knut Robberstad, Oslo, 1937. Oslo.

Gabrielsen, Kristine Holme 2007 [2003]: Vestlandets steinkors. Monumentalisme i brytningen mellom hedendom og kristendom. I: *UBAS Universitetet i Bergen Arkeologiske Skrifter. Hovedfag/Master 2*: 115–271. Bergen.

Gilhus, Ingvild Sælid 2009: Pilegrimsreiser. I: *På spor av Gud? Pilegrimsreiser i middelalderens kristenhet*. (Prusac, Marina, Mona Bramer Solhaug og Marianne Vedeler, red.). s. 45-51. Oslo.

Grieg, Sigurd 1968: Pilgrimsmärken. Norge. *KLNM XIII*. S. 317-318. København

Hager-Saltnes, Martin 2009: Pilegrimen. I: *På spor av Gud? Pilegrimsreiser i middelalderens kristenhet*. (Prusac, Marina, Mona Bramer Solhaug og Marianne Vedeler, red.). s. 11-19. Oslo.

Hagland, Jan Ragnar 1998: Innleiing. Litt om datering på runologisk og språklig grunnlag. In: Dybdahl, Audun and Jan Ragnar Hagland (red.) *Innskrifter og datering. Dating Inscriptions. Senter for middelalderstudier Skrifter nr. 8*: 9–17. Trondheim.

Haukeland, Per Ingvar og Brandtzæg, Bent Aslak 2009: *Den brede verdiskapningen. Et berekraftig utviklingsperspektiv på natur- og kulturbasert verdiskaping. Telemarksforskning. TF-notat nr. 20/2009*.

Helle, Knut 1982: *Bergen bys historie. Bind I. Kongssete og kjøpstad. Frå opphavet til 1536*. Bergen/Oslo/Tromsø.

Helle, Knut 2001: *Gulatinget og Gulatinglova*. Leikanger.

Helle, Knut 2006: Frå opphavet til omkring 1500. I: *Norsk byhistorie. Urbanisering gjennom 1300 år*. S. 23-144. Oslo.

Hommedal, Alf Tore 1995: Dei heilage på Selja og etableringa av Kyrkja i Noreg i tidleg mellomalder. I: *Kristendommen slår rot*. Onsdagskvelder i Bryggens Museum – X (Ågotnes, Anne, red.). s. 76-100. Bergen.

Hommedal, Alf Tore 1999: Kva fortel bygningsrestane av dei norske klostera om kontinental norm og praksis innan ordensliv? I: *Norm og praksis i middelaldersamfunnet*. (Mundal, Else og Ingvild Øye, red.). s. 149-183. Bergen.

Indrebø, Gustav 1936: *Fjordung. Granskingar i eldre norsk organisasjons-soge. Bergens Museums Årbok 1936. Historisk-antikvarisk rekke. Nr. 1*. (Kolderup, Carl Fred., red.). Bergen

Innovasjon Noreg (2008). *Hvitebok for reisemålsutvikling. Rapport 1/2008*.

Iversen, Frode 2008 [2004]: *Eigedom, makt og statsdannelse. Kongsgårder og gods i Hordaland i yngre jernalder og middelalder*. UBAS, Nordisk, vol. 6. Bergen.

KLNM = *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder fra vikingtid til reformasjon, I–XXII*, 1965–1978. København

Kongevegen over filefjell. Forprosjekt – et mulighetsstudie. 2011.

Kulturminner i bruk – verdi, vekst og vern. *Verdiskapningsprogrammet på kulturminneområdet 2006-2010*. Sluttrapport frå Riksantikvaren.

Larsen, Arne J. 2008: Borgund på Sunnmøre – de eldste konstruksjonene. I: *De første 200 årene – nytt blikk på 27 skandinaviske middelalderbyer* (Andersson, Hans, Gitte Hansen og Ingvild Øye, red.). s. 41-56. Bergen.

Lidén, Hans-Emil og Ellen Marie Magerøy 1980: *Noregs kirker. Bergen. Bind I*. Oslo

Lidén, Hans-Emil og Ellen Marie Magerøy 1983: *Noregs kirker. Bergen. Bind II*. Oslo.

Lidén, Hans-Emil 2000: *Mariakirken i Bergen*. Bergen.

Liestøl, Aslak 1954: Runekrossen i Muséparken i Stavanger. *Stavanger Museum Årbok 1954*: 64–77. Stavanger.

Lossius, Siri Myrvoll 1977: *Klebermaterialet fra Borgund*. Arkeologiske avhandlinger. Historisk Museum 1, Universitetet i Bergen. Bergen.

Luthen, Eivind 1992: *I pilegrimenes fotspor til Nidaros*. Spydeberg.

Molland, Einar 1968: Pilegrim. *KLNM XIII*. S. 292-295. København.

Molland, Einar 1968: Pilegrim. Noreg. *KLNM XIII*. S. 295-299. København.

Morcken, Roald 1964: *Den nautiske mil gjennom tusen år*. Bergen Sjøfartsmuseums Årshefte.

Nasjonal standard for skilting og gradering av turløyper og andre aktivitetstilbud i naturen. Innovativ fjellturisme as. 2. utgåve, 2011.

NgL = *Noregs gamle Love indtil 1387, 2* (utgitt av Gustav Storm og Ebbe Hertzberg). Christiania.

NOU 2004: 28. Lov om bevaring av natur, landskap og biologisk mangfald.

Norske middelalderdokumenter. Bagge, Sverre, Synnøve Holstad Smedsdal and Knut Helle (1973). Bergen.

NlyR IV = *Norges innskrifter med de yngre tuner. Bind IV*. Olsen, Magns and Aslak Liestøl 1957. Oslo.

Olsen, Harald 2013: *Havets pilegrimer*. Oslo.

Prosjekt pilegrimsleden 1994-1997. Resultater og erfaringer. DN-notat 1998-2. Trondheim.

Prusac, Marina, Mona Bramer Solhaug og Marianne Vedeler 2009: *På spor av Gud? Pilegrimsreiser i middelalderens kristenhet*. Oslo.

Rindal, Magnus og Gro Steinsland 2001: *Heilage stader i Noreg*. Oslo

- Ringstad, Bjørn 1986: *Vestlandets største gravminner – et forsøk på lokalisering av forhistoriske maktsentra*. Upublisert magistergradsavoppgåve i arkeologi ved Universitetet i Bergen.
- RN = *Regesta Norvegica. Kronologisk Fortegnelse over Dokumenter vedkommende Noreg, Nordmænd og den norske Kirkeprovins*. 1898. Christiania.
- Robberstad, Knut 1952: *Jordeiga til Holsnaklosteret. Sunnhordland tidsskrift. Band XXXIII: 42–54*. Stord.
- Rydbeck, Monica 1968: *Pilgrimsmärken. KLNMM XIII. S. 314-317*. København
- Sigurðsson, Jón Viðar 1999: *Norsk historie 800-1300. Frå høvdingmakt til konge- og kyrkjemakt*. Oslo.
- Skilting og gradering av turløyper og andre aktivitetstilbud i naturen*. Innovativ fjellturisme as. 2011.
- Skre, Dagfinn 2004: *Kristning, misjon og konversjon i Noregs vikingtid. I: (Lund, N. red.) Kristendomen i Danmark før 1050. 235-249*. Roskilde.
- Soga om Olav den heilage*. Kongesoger Bind 2. Snorre Sturlasson. Oversett av Steinar Schjøtt, revidert av Olav Hr. Rue 1963, Oslo.
- Soga om Olav Tryggvasson*, etter Odd munk Snorresson. Oversett av Magnus Rindal, Oslo. 1977. Utgjeven i *Selja – heilag stad i 1000 år* (Rindal, Magnus, red.). Oslo.
- Solberg, Bergljot 2000: *Jernalderen i Noreg. 500 før Kristus til 1030 etter Kristus*. Oslo.
- Solli, Brit 2008: *Kirke- og kjøpstedet på Veøya I middelalderen. – Et arkeologisk utsyn. Veøy kirke. Årbok 2008. Romsdalsmuseet. S. 8-29*. Molde.
- St.meld. 9 (2011-2012) *Landbruks- og matpolitikken. Velkommen til bords*.
- St.meld. 16 (2004-2005) *Leve med kulturminner*.
- St.meld. 22 (2012-2013) *Verdens fremste sjømatnasjon*.
- St.meld. 35 (2012–2013) *Framtid med fotfeste*.
- St.prp. nr. 75 (2008-2009).
- Steinsland, Gro 1990: *The Change of Religion in the Nordic Countries – a Confrontation between Two Living Religions. Collegium Medievale vol. 3, 1990/2. S. 125-135*. Oslo.
- Steinsland, Gro 2005: *Norrøn religion. Myter, riter, samfunn*. Oslo.
- Stige, Morten 2008: *Veøykirken – Middelalderens bygningshistorie. I: Veøy kirke. Årbok 2008. Romsdalsmuseet. S. 74-99*. Molde.
- Strategi for pilegrimssatsing 2012*. Oslo.
- Thorseth, Harald 1993: *Herøy. Sagaøya*. Fosnavåg.
- Tryti, Anna Elisa 1994: *Bergen som sentrum i bispedømmet. By og land i middelalderen. Onsdagskvelder i Bryggens Museum – IX. S. 23-43*. Bergen.

Utvalgte kulturlandskap i jordbruket 2009. Brosjyre frå Landbruks- og matdepartementet og Miljø- og utviklingsdepartementet.

Utvalde kulturlandskap i jordbruket – eit nasjonalt utval av spesielt verdifulle kulturlandskap. Utkast 06.10.2009. Forvaltningsplan for Hoddevik-Liset 2009-2029.

Verdifulle opplevelser. Nasjonal strategi for reiselivsnæringen. Regjeringens reiselivsstrategi. Handels- og Næringsdepartementet 2007.

Verket, Lars 2009: *Padleguide for Aust-Agder. Lillesand, Grimstad, Arendal, Tvedestrand, Risør.* Kristiansand.

Verket, Lars 2010: *Padleguide for Dalane.*

Økonomisk verdiskaping av kulturminner. Notat 2008-036. Econ Pöyry 2008. Utarbeidet for Riksantikvaren

URL

<http://loype.kulturminneaaret2009.no/kulturminneloypa>

<http://whc.unesco.org/en/tentativelists/5577/>

<http://www.arcworld.org/projects.asp?projectID=521>

<http://www.arkeoplan.no>

<http://atlanterhavsveien.info/default.asp?meny=info>

<http://www.averoy.kommune.no/artikkel.aspx?MIId1=414&AIId=313&MIId2=546&MIId3=495>

<http://www.bymuseet.no>

<http://www.borgundgavlen.no/#cid=1>

<http://www.dragseidspelet.no>

<http://www.fiskeriforum.no>

<http://www.fjordguiding.com/andrereisemal/lindas/>

<http://www.fjordnorway.com/no/Produkt/?TLp=47163>

<http://www.fyr.no/fyrene/fyrene-nord/sor-trondelag/555-agdenes-fyrstasjon>

<http://www.fyr.no/fyrene/fyrene-sor/hordaland/529-ryvarden-fyrstasjon>

<http://www.gulatinget.no/>

<http://www.gurisentret.no/gurisentret>

<http://www.hanen.no>

<http://www.heroykystmuseum.no/>

<http://www.heroyspelet.no/>

<http://www.homoludens.no/2013/03/13/padlepilegrim/>

<http://www.kinn.no/>

<http://www.kinnaspelet.no/>

<http://www.kirken.stavanger.no>

<http://www.kirkesok.no/kirker/Vilnes-kyrkje>

<http://www.krakenesfyr.no/>

<http://www.kreativetrondelag.no/kulturminna/Vangfeltet-og-Dolmsundet/>

<http://kulturradet.no/om-dks>

www.kystled.no

<http://kystensarv.no/>

<http://www.kystreise.no>

<http://www.lyngheisenteret.no/om%20LHS.htm>

<http://www.nordmore.museum.no/artikkel.aspx?Mid1=237&Aid=518&back=1&Mid2=250&Mid3=252>

www.morotur.no

www.muho.no

<http://www.nidarosdomen.no/nb-NO/ndr+restaurering/ndr+i+dag/restaurering/restaurering.html>

<http://www.nidarosdomen.no/nb-NO/besok+opplevelser/butikk/butikk.html>

<http://nidarosdomen.prod.h-k.no/nb-NO/besok+opplevelser/opplevelser/olavsfestdagene/olavsfestdagene.html>

<http://nidarosdomen.prod.h-k.no/nb-NO/Kalender/>

www.msnybakk.no

http://www.northseatrail.org/index.php?/no/about_the_north_sea_trail

<http://www.orlandkultursenter.no/natur>

www.padlefestivalen.no

<http://www.pilegrim.info/>

<http://www.regionstavanger.com/no/Produkt/?TLp=40072>

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/lmd/aktuelt/nyheter/2012/aug-12/gode-rad-for-gront-reiseliv.html?id=697932>

http://www.regjeringen.no/upload/MD/Vedlegg/Kongelige_resolusjoner/Kongelig_resolusjon_Verneplan_Smola_090109.pdf

<http://reinskloster.no/>

http://www.riksantikvaren.no/Norsk/Tema/Fartoy_og_kystkultur/

www.rugsund.no

www.skjerjehamn.no

<http://www.smakavkysten.no>

http://www.stavanger-turistforening.no/activity.php?ac_id=47764

<http://www.sunnhordland.museum.no>

http://www.trondelagskysten.no/index.php?option=com_content&view=article&id=77&lang=no&Itemid=

<http://ut.no/hytte/geitungen-fyr>

<http://www.utstein-kloster.no/>

<http://www.slowfood.no>

<http://www.utsteinpilegrimsgard.no/>

<http://www.vanylven.kommune.no/Modules/article.aspx?ObjectType=Article&Article.ID=870&Category.ID=973>

<http://vikinggarden.no/>

<http://www.visitmolde.com/no/Produkt/?TLp=32328>